

Stad kommune

Årsrapport og rekneskap 2024

Vedteke i kommunestyret 7. mai 2025 – sak 25/069

Revisjonsmelding og rekneskap frå side 60

Føreord

Kommunelova § 14-7 seier at kommunen skal utarbeide ein årsrapport for kommunen si samla verksemd, og set også lovpålagde rapporteringskrav i tilknytning til denne.

Uavhengig av lovkrava i kommunelova, så ser eg som kommunedirektør på årsrapporten som eit «nødvendig gode». Årsrapporten eit viktig informasjons- og styringsverktøy for prioritering og utvikling av Stad kommune for både kommunestyret og for kommunedirektøren si toppleiargruppe. I tillegg er den eit bidrag i å ta i vare eit viktig demokratisk prinsipp om openheit i offentleg forvaltning ved at ein får innsyn i korleis offentlege midlar blir fordelt og disponert, og korleis organisasjonen svarar ut nasjonalt og lokalt prioriterte satsingsområde. Eg vonar difor at både folkevalde, tilsette, innbyggjarar og media les årsrapporten med interesse.

Sidan etableringa av Stad kommune 2020 har organisasjonen vore i endring og omstilling. Endringar er gjennomførte for å skape meir effektive tenester, heilskapleg leiing og stadleg leiing – særleg i einingane med mange lokasjonar. Stad kommune yter jamt over gode tenester til innbyggjarane i kommunen og ein har rigga ein organisasjon som arbeider etter nasjonale forventningar og føringar innanfor alle fagområde. Kostra-tala syner at kommunen også yt desse tenester på ein effektiv måte, innanfor gjeldande strukturar. Trass dette har Stad kommune ikkje midlar til å oppretthalde dagens tenestenivå.

Ei sak som var oppe for Stad kommunestyre 20. juni 2024 var plan for drift og utvikling av formålsbygg og utleigebustadar i Stad kommune. Ei forventa endring i kommunen si alderssamansetting og eit auka behov for kommunal bistand hos yngre brukargrupper gjer at vi må sjå nærare på dimensjoneringa av tenesteytinga vår og bruken av bygga våre for å møte framtidens behov innanfor forventa budsjetttrammer. Fram mot 2040 er kommunen venta å få om lag 500 fleire innbyggjarar over 80 år eller eldre, med ein stor demografisk endring og aule allereie i 2029. I same periode vil over halvparten av dagens tilsette i helse og omsorg vil gå av med pensjon. Elevtalet i Stad kommune er venta å gå svakt nedover i same periode, men med variasjonar innanfor gjeldande skulekrinsar.

På bakgrunn av dei demografiske endringane så blir heilt nødvendig å leggje ned ein større innsats i åra framover for å utvikle Stad kommune til eit aldersvenleg samfunn. I tråd med kommunedelplan for helse og omsorg og kommunedelplan for oppvekst så må ein, i så stor grad som mogleg, dreie ressursinnsatsen frå reparasjon og behandling til førebygging og tidleg innsats. Den nasjonale reforma “Bu trygt heime” tilseier at flest mogleg skal bu lengst mogleg i eigen heim, og Stad kommune må framover vere ein aktiv pådrivar for eit differensiert butilbod som også bidreg til effektiv tenestyting og bruk av velferdsteknologi.

Saka om plan for drift og utvikling av formålsbygg frå 2024 synte også at kommunen sine barnehage og skulebygg jamt over har store behov for vedlikehald av tekniske anlegg, bygningskropp og uteområde. Tal frå SBB synte også at kommunen har ei større bygningsmasse per m2 per innbyggingar i høve til nabokommunar og andre samanliknbare kommunar, samtidig som kommunen låg lågt på tilgjengelege midlar til vedlikehald. Dette er ei klar utfordring for kommune som byggeigar.

Stad kommunestyre starta sitt arbeid med budsjett 2025 og handlingsprogram 2025 - 2028 i møte 20. juni 2024. I dette møtet vart kommunestyret varsla om at Statsforvaltaren i Vestland ville kome til å vurdere Stad kommune si økonomiplanlegging opp mot balansekravet i Robek-reglane, fordi dei budsjetterte 50 mill. kroner i innsparingstiltak ikkje var nærare spesifiserte innan den enkelte eining. Samtidig varsla kommunedirektøren i oktober 2024 at ubalansen mellom Stad kommune sitt driftsnivå og forventa inntekter var blitt så stor at det ville bidra alt for lite med såkalla “ostehøvelkutt” over tenestekområde. Ein økonomiplan i balanse ville framover krevje vesentlege endringar i dagens organisering, struktur, praksis, tenestenivå og tilbod.

Stad kommunestyre vedtok i møte 13. desember 2024, sak KS-24/170, budsjett 2025 og handlingsprogram 2025 – 2028. Driftsbudsjettet i handlingsprogrammet kom ikkje i balanse. Der er meirforbruk i åra 2026-2028. Stad kommune vart på dette grunnlagt innmeldt i Robek på nyåret i 2025.

Stad kommune sin rekneskap for 2024 fekk eit netto driftsresultat på minus (underskot) kr 26,2 mill., tilsvarande minus -2,1 % av brutto driftsinntekt. Underskotet er dekt inn ved bruk av fond frå tidlegare års avsetningar. Kommunen hadde for 2024 eit vedteke justert budsjett med netto driftsresultat på minus kr 44,7 mill. (underskot), dekt inn ved bruk av disposisjonsfond. Resultatet er dermed betre enn revidert budsjett, men likevel er dette eit stort underskot for kommunen. Vi ser at den negative resultatutviklinga i Stad kommune sin driftsrekneskap held fram.

Netto driftsresultat har dei siste fire åra utvikla seg prosentvis slik for Stad kommune:


- 2021 Netto driftsresultat kr 42,2 mill. = 4,3% (overskot)
- 2022 Netto driftsresultat kr 22,7 mill. = 2,1% (overskot)
- 2023 Netto driftsresultat kr 1,0 mill. = 0,1% (overskot)
- 2024 Netto driftsresultat kr -26,2 mill. = -2,1 % (underskot)

Stad kommunestyre vedtok i samband med budsjett 2025 og handlingsprogram 2025 – 2028 å starte opp endrings- og omstillingsprogrammet "Berekraftig økonomi 2025 - 2028". Stad kommunestyre har som målsetting å leggje fram ein ny økonomiplan i balanse. Årsrapporten for 2024 vil vere eit viktig informasjonsgrunnlag i arbeidet med å omstille kommunen til eit nytt driftsnivå.

Organisering og styring

Politisk organisering

Kommunestyret er det øvste politiske styringsorganet i kommunen, og består av 31 medlemmar. Det er kommunestyret som fattar vedtak på vegne av kommunen om ikkje anna følgjer av lov eller delegering. Kommunestyret har det øvste tilsynet av den kommunale forvaltninga, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd.



Figur: Politisk organisering i Stad kommune

Stad kommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen, som betyr at formannskapet vert valt av kommunestyret etter partia sin representasjon i kommunestyret.

Formannskapet består av 9 medlemmar. Kommunestyret har i tillegg oppretta tre utval som har fått delegert ansvar etter visse særlover. Utvala har avgjerdsmynde innanfor sine ansvarsområde. Ansvarsområda for formannskapet og utvala går fram av delegeringsreglementet til Stad kommune. Både formannskap og utval har innanfor sine ansvarsområde innstillingsrett til kommunestyret. Utvala kan også uttale seg i andre saker, der vil innstillinga gå til formannskapet.


Råda i Stad kommune er partipolitiske uavhengige rådgjevande organ som skal fremje respektive synspunkt ovanfor lokalpolitikarane og arbeide for at Stad kommune skal bli ei god kommune å bu i for dei respektive gruppene. Stad kommunestyre har valt tre råd som alle har ein formell plass i den politiske strukturen; Ungdomsrådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet. Stad kommune har også eit nært og formalisert samarbeid med idretten gjennom etableringa av Stad Idrettsråd.

Stad kommune har også eit kontrollutval, som er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan og skal sjå til at kommunen leverer sine tenester på ein effektiv og målretta måte i tråd med lov, forskrifter, statlege føringar og i tråd med kommunestyret sine vedtak.

Administrativ organisering

Stad kommune er administrativt organisert etter tonivåmodellen, med to formelle avgjerdsnivå; kommunedirektør og einingsleiarane. Organisasjonskart per 31.12.2024:

Årsmelding 2024



Kommunedirektøren er kommunen sin øvste leiar og har dermed personalansvar og ansvar for saksutgreiingar for folkevalte organ og iverksetjing av politiske vedtak. Nærare skildring av kva som er delegert til kommunedirektøren er å finne i delegeringsreglementet til Stad kommune.

Kommunedirektøren si toppleiargruppe er sett saman av kommunalsjefane og stabsleiarane. Kommunalsjefane har det overordna ansvaret for sine kommunalområde, medan einingsleiarane er ansvarlege for sine verksemdar innanfor rammene av dei fullmaktene som er delegerte frå kommunedirektøren. Dette inneber at einingsleiarane har mynde til å sikre einingane si drift, både når det gjeld faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske forhold.

Den hierarkiske organiseringa av kommunen gjev høve til å spesialisere arbeidsoppgåver, og gjev grunnlag for å bli gode på det vi gjer slik at vi klarar å levere tenester effektivt. For å kunne levere heilskaplege tenester har vi i tillegg behov for å løyse oppgåver på tvers, dette inneber at vi tar ansvar for dei store utfordringane på tvers av hierarkiske inndelingar av organisasjonen. Dersom vi skal realisere strategiane våre, så må vi tenke nytt om korleis vi skal lukkast med samordning og samarbeid internt i organisasjonen og ikkje minst i møte med innbyggjarane og næringslivet.

Organisasjonsstrukturen for Stad kommune er oppretta med det føremål å bidra til tverrfagleg samarbeid, og særleg stabsavdelingane har roller som intern koordinator for ulike former for organisatoriske samarbeid, levere felles rapporterings- og styringssystem og yte den støtte som kommunalområda treng for å oppfylle både overordna og eigne målsettingar innanfor gitte område. Fellesressursane for Stad kommune er av den grunn samla i stab- og støttetjenestene, og ein finn i svært liten grad administrative ressursar ute i einingane. Forpliktande samarbeidsavtalar, prosjektarbeid, faste forum, arbeidsgrupper og team er arbeidsmåtar som bidreg til å løyse sektorovergripande oppgåver og utnytte kompetanse på tvers.

Menneskelege ressursar

Medarbeidar

Kompetansen til medarbeidarane i Stad kommune er den viktigaste ressursen kommunen har på alle nivå og innanfor alle tenester. Kvar dag - året rundt er medarbeidarar i Stad kommune på jobb for at vi alle skal ha ein god og trygg stad å bu. Det er dei tilsette som gjer at kommunen kan yte tenester av høg kvalitet kvar dag. Samstundes vert kommunen utsett for stadig større konkurranse om tilgjengeleg arbeidskraft. Skal vi legge til rette for vekst i folketalet og sikre at kommunane og næringslivet elles har nødvendig arbeidskraft, må vi satse på dei som bur her, samstundes som vi må tiltrekke oss nye. For å skaffe oss kvalifisert personell må kommunen vere ein attraktiv arbeidsplass og legge til rette for vidareutvikling og kompetanseheving, god leiging, inkluderande arbeidsliv, godt arbeidsmiljø, heiltid og likestilling.

Årsverk

Org.eining	Årsverk opprinneleg budsjett 2024				Faktiske årsverk 2024			
	Fast	Vikar	Midlertidig	Total	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Sentraladministrasjon	52,45	0,40	0,00	52,85	46,88	0,88	0,00	47,76
Oppvekst og opplæring	281,78	10,54	11,10	303,42	264,75	36,79	8,73	310,27
Helse og omsorg	371,63	7,80	25,98	405,41	369,20	24,85	25,73	419,78
Kultur og samfunn	97,12	0,00	2,32	99,44	88,19	4,13	1,89	94,21
Total	802,98	18,74	39,40	861,12	769,02	66,65	36,35	872,02

I 2024 budsjetterte Stad kommune med 861,12 årsverk, der 802,98 var faste årsverk. Faktiske årsverk i 2024 var 873,93, der 770,48 årsverk var faste. Tala kjem frå personalrapporteringsmodulen i Framsikt, som Stad kommune tok i bruk i 2024. Tala i Framsikt vert henta frå lønssystemet Visma gjennom ein integrasjon av stillingsdata.

Føremålet med den nye personalrapporteringsmodulen i Framsikt er å få betre styringsinformasjon på personalområdet gjennom året. Framsikt arbeider for å utvikle og forbetre systemet. Stad kommune er i dialog med Framsikt for å gjere dette til eit endå betre system enn det er i dag.

I tidlegare årsrapportar har Stad kommune rapportert på årsverk ved å ta utgangspunkt i status i løns- og personalsystemet Visma per 31.12. kvart år. Dette har altså vore ein manuelt utrekna status på ein konkret dag, og ikkje faktiske tal gjennom heile året. I andre samanhengar har ein også orientert om utviklinga i budsjetterte årsverk.

I dette kapittelet er det nytta ulike kjelder: data frå personalrapporteringsmodulen i Framsikt, manuell teljing/status i Visma per 31.12.2024 og data frå PAI-registeret per 01.12.2024.

Det er verdt å merke seg at løns- og personalsystemet (Visma) til Stad kommune omfattar ikkje berre tilsette i kommunen. Alle som mottek ei form for yting av kommunen eller som har tilgangar i kommunens datasystem blir registrerte i lønssystemet.

Det er derfor svært viktig at registreringane i lønssystemet Visma er rette og at integrasjonen mellom Visma og Framsikt er rett sett opp og at daglege og månadlege oppgraderingar fungerer.

Det er også viktig å merke seg at tilsette som av ulike årsaker ikkje er på arbeid på grunn av til dømes sjukefråvær eller anna fråvær likevel har lønsutbetaling frå kommunen og tel derfor med i årsverka. Med eit samla sjukefråvær på over 8 % så vil det vere behov for vikarar og mellombels tilsette nokre stader, sjølv om det i mange einingar ofte ikkje vert nytta vikarar ved fråvær.

Når vikarar og mellombels tilsette i nokre tilfelle også tel med i årsverka, så kan dette vere ei feilkjelde på den måten at det kan sjå ut som ei eining har fleire årsverk enn eininga har budsjettert med. For å få eit rettare bilete av situasjonen så må ein også sjå på status for lønsbudsjettet inkludert sjukefråværsrefusjonar, vikarbudsjet (tilkappingsavtaler/pensjonistavtaler), overtid og vikarbyrå.

I statistikken for samla tal tilsette i 2024 er alle tilkallingsvikarane og pensjonistvikarane inkluderte. Dette er tilsette med 0 i stillingsprosent og som får løn etter timeliste som ferievikar/sjukevikar/ekstrahjelp. Einingane har relativt mange slike tilkallingsvikarar som skal dekke inn korttidsfråvær. I 2025 har vi ekskludert alle tilkallingsvikarane og pensjonistar på timelønn frå integrasjonen mellom lønssystemet og Visma. Samla tal tilsette vil derfor gå ned i statistikken for 2025, sidan berre tilsette med ein fast eller mellombels stillingsprosent vil bli omfatta. Ein kan argumentere både for og mot dette. Personalrapporteringsmodulen i Framsikt har potensial for forbetringar, som vi vil arbeide for å påverke,

Einingsleiarane rapporterer månadleg på mellom anna økonomi, lønn, årsverk, sjukefråvær, bruk av vikarbyrå, avvik med meir.

Likestilling og mangfald

Inkludering

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 skal kommunen som arbeidsgjevar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søkje å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Arbeidet skal blant anna omfatte områda rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingshøve, tilrettelegging og mogelegheit for å kombinere arbeid og familieliv.

Etter likestilling- og diskrimineringslova § 26 a har kommunen plikt til å utgreie den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda og kva vi gjer for å oppfylle aktivitetsplikta etter § 26. Anna kvart år har vi plikt til å kartleggje lønsforholda fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Likestillingsutgreiing for 2023 vart handsama i 2024.

Kjønnsfordeling

I 2024 hadde Stad kommune 873,93 årsverk, eit avvik på 12,81 i forhold til opphavsleg budsjett (861,12). Tal faste tilsette gjennom året var 1069, noko som utgjer 770,48 av årsverka.

Med vikariat og mellombelse engasjement hadde vi 1607 arbeidskontraktar i 2024. Vi hadde 1261 arbeidskontraktar med kvinner og 346 arbeidskontraktar med menn. Dette utgjer ein kvinnedel på 78,47 %.

576 kvinner var mellombels tilsett, 142 menn. 876 kvinner arbeidde deltid, medan 221 menn arbeidde deltid.

Kjønnsfordeling 2024:

	Kjønnsfordeling	Mellombels tilsette	Faktisk deltid
Kvinner	1261	576	876
Menn	346	142	221
Totalt	1607	718	1097

Kjelde: Framsikt

Gjennomsnittsprosenten var 54,62 % for kvinner og 47,90 % for menn.

Kjønnsfordeling i leiargruppene

Per 31.12.2024 hadde vi 18 mannlege leiarar og 63 kvinnelege leiarar i faste stillingar. Dette utgjer ein kvinnedel på 77,8 %. Kjønnsfordelinga blant einingsleiarane i Stad kommune er 70 % kvinner og 30 % menn.

Kjønnsfordeling per desember 2024:

Leiarar	Totalt	Kvinner	Kvinner %	Menn	Menn %
9440 kommunedirektør	4	3	75 %	1	25 %
9440 kommunalsjef					
9451 leiar/einingsleiar	30	21	70 %	9	30 %
9454 ass. einingsleiar	19	17	89,48 %	2	10,52 %
99.54 ass. rektor					
7451/7458/7951 lagleiar/avd. leiar/rektor	24	20	83,33 %	4	16,66 %
7453/7459 lagleiar/fagleiar m/ særaldersgrense					
7954 undervisningsinspektør	4	2	50 %	1	50 %
Totalt	81	63	77,8 %	18	22,2 %

Kjelde: Visma per 31.12.24.

Stillingskodar med skeiv kjønnsbalanse

I desse stillingskodane er det ikkje mannlege tilsette i 2024: bibliotekar, ergoterapeut, fagarbeidar med fagskule (særaldersgrense), fagleiar med særaldersgrense, barnehagelærar, helsesekretær, helsesjukepleiar, leiar med særaldersgrense, logoped, miljøarbeidar, sosialkonsulent, spesialbarnevernspedagog, spesialfysioterapeut, spesialhjelpelpear.

I desse stillingskodane er det ikkje kvinnelege tilsette i 2024: arbeidsleiar med særaldersgrense, tekniskar, vaktmeister, tekniskar,

Vi har også stillingsgrupper med låg del av menn, dette er for eksempel pedagogiske leiarar, der to av 37 tilsette er menn og seks av 103 sjukepleiarar er menn. Av 205 lærarar er det 45 menn. Betre kjønnsbalanse i desse yrka vil styrke arbeidsmiljøet og tilbodet til våre tenestemottakarar.

Det er ikkje sett i verk særskilde tiltak for å betre kjønnsbalansen i Stad kommune. I nokre stillingsutlysingar i kvinnedominerte yrke, oppmodar vi særleg menn til å søkje. Dette bør vi halde fram med. Vi bør også oppfordre kvinner til å søkje på stillingar i dei tenestene der det i dag er ei overvekt av menn. Stad kommune er ikkje unik i Noreg. Det same biletet i kjønnsfordelinga ser vi også i dei aller fleste kommunane i landet. Kommunal sektor er kvinnedominert. Vi vil halde fram med å oppmode menn om søkje stillingar der det er overvekt av kvinner, og omvendt.

Kjønn og lønn

Stad kommune utarbeider lønsstatistikk i samband med dei lokale forhandlingane knytte til hovudtariffavtalen sine lønskapittel 3 og 5. Dette er grunnlag inn i dei årlege lønsforhandlingane. I 2024 vart det gjennomført lokale forhandlingar etter Hovudtariffavtalen (HTA) kap. 3.4.1 toppleiarar, kap. 3.4.2 einingsleiarar, kap. 3.4.3 assisterande einingsleiarar og kap. 5 rådgjevarar, legar og ingeniørar. Desse har lokalt fastsett løn med årlege lokale forhandlingar.

I kap. 4 følgjer Stad kommune det nøytrale lønssystemet som er basert på den tilsette sin formal- og realkompetanse, med årleg sentral lønsjustering og med lokal forhandling dersom det vert sett av midlar til dette sentralt. I 2024 vart det sett av 1 % av lokale midlar til lønsforhandling etter kap. 4.

For heile Stad kommune er gjennomsnittsløna til kvinner kr. 524.319, for menn kr. 572.892. Kvinner sin del av menn si løn er 91,52 %. Kvinner lønsplassert i hovudtariffavtalen kap. 4 i stillingsgruppe 2, dvs. tilsette med minst 3- årig høgskule- og universitetsutdanning eller meir, har høgare gjennomsnittslønn enn menn.

Kommunen har eit tett samarbeid med tillitsvalde i samband med stillingsutlysingar, tilsetjingar og forhandlingar.

Gjennomsnittsløna for kap. 3.4.1 toppleiarane i kommunen i 2024 var kr. 1.173.750. Kommunalsjefane hadde lik løn på kr. 1.113.000.

Gjennomsnittsløna i kap. 3.4.2 og 3.4.3 einingsleiarar/assisterande einingsleiarar var kr. 769.284 for kvinner (43 kvinner) og kr. 811.034 for menn (15). Kvinner sin del av menns løn var 94,85 %.

Gjennomsnittsløna i kap. 5 rådgjevar, legar, ingeniørar var i 2024 var kr. 835.811 for kvinner og kr. 976.740 for menn. Kvinner sin del av menns løn er 85,57 %. Gjennomsnittsløna varierer mellom stillingskodane. I kap. 5 er det særleg legane som trekk opp gjennomsnittsløna.

Heiltid og deltid

Stad kommune sine retningslinjer for heiltidskultur vart vedteke i kommunestyret 19.03.2020. Målsetjinga i retningslinjene er at minst 75% av dei tilsette arbeider heiltid og at minst 90 % av dei tilsette har fast tilsetjingsforhold. I Stad kommune har vi nådd målalet om at minst 90 % av våre tilsette har fast tilsetjingsforhold.

Manuell teljing av faste tilsette per 31.12.2024 viste at vi på denne datoen hadde registrert 938 faste tilsette og 102 engasjement/vikariat – til saman 1040. Dette inneber at 90,19 % av dei tilsette på denne datoen hadde fast tilsetjing (lærlingane er ikkje rekna med i dette talet). Vi har såleis klart målet om at 90 % av våre tilsette skal ha fast tilsetjingsforhold.

Statistikk i Framsikt for 2024 viser at kommunen hadde 1069 faste tilsette i løpet av året. Med vikariat og mellombelse engasjement hadde vi til saman 1607 arbeidskontraktar i løpet av året 2024.

685 kvinner hadde fast stilling, 204 menn. Det var 510 tilsette som hadde 100 % stilling i 2024, fordelt på 385 kvinner og 125 menn. Gjennomsnittsprosenten var 54,62 % for kvinner og 47,90 % for menn.

718 av våre arbeidskontraktar var mellombelse, noko som utgjer 44,68 % av alle arbeidskontraktane. 576 kvinner var mellombels tilsett mot 142 menn. 876 kvinner arbeidde deltid, medan 221 menn arbeidde deltid.

Heiltid og deltid 2024 :

Heiltid samla	Heiltid kvinner	Heiltid menn
510	385	125
Deltid samla	Deltid kvinner	Deltid menn
1097	876	221

Kjelde: Framsikt

Deltid per kommunalområde 2024:

	Totalt	Totalt deltid	Deltid kvinne	Deltid menn
Stad kommune	1607	1097	917	228
Sentraladministrasjonen	69	26	25	1
Oppvekst og opplæring	518	303	257	46
Helse og omsorg	887	691	590	101
Kultur og samfunn	196	142	62	80

Kjelde: Framsikt

Årsaker til deltid

Tabellen syner at har eit stort tal tilsette som arbeider deltid, men størstedelen av dette er knytt til mellombelse avtalar i samband med ferieavvikling og ved sjukefråvær.

Arbeidsgjevar tilbyr sjukepleiarar 100 % stilling, slik at årsaka til lågare stillingsprosent er redusert arbeidsevne grunna sjukdom eller fordi medarbeidarar ikkje ønskjer å arbeide i full stilling. Tilbakemeldingar frå tilsette syner at mange tilsette i helse og omsorg arbeider i redusert stilling fordi dei opplever turnusarbeid som belastande.

Idet kommunen har behov for fleire sjukepleiarar til å løyse oppgåvene våre med nødvendig kvalitet, er det eit viktig satsingsområde å motivere og leggje til rette for at fleire sjukepleiarar vil arbeide i 100 % stilling. Om vi skal nå målet om heiltid, må det arbeidast med å forankre kulturen om at heiltid betrar kvaliteten i tenestene våre.

Ein stor del av grunnen til at vi har mange tilsette i redusert stilling i helse og omsorg er fordi vi må få helgeturnusen til å gå opp. I mange av desse helgestillingane har vi tilsett assistentar. Det er ei

utfordring for organisasjonen at vi har assistentar som i tillegg til å mangle utdanning, også arbeider i låg stillingsstorleik. Dette kan gå ut over kvaliteten på tenestene våre. Det er likevel ein medviten strategi frå arbeidsgjevar si side å ikkje auke opp stillingsprosenten til assistentar utan at dei tek nødvendig fagutdanning.

Stad kommune legg til rette for at vaksne assistentar kan få ta fagbrev på jobb eller fagbrev som praksiskandidatar. Vi samarbeider med Nordfjordkompaniet knytt til oppfølging og støtte til assistentar som ønskjer å ta fagbrev. I dette ligg oppfølging på arbeidsplassen med tanke på læreplan og støtte til å førebu teorieksamen og fagprøver.

Vi har system for at medarbeidarane kan melde ønskje om auka stilling i samband med årleg tilsetjing i årsarbeidsplan innan helse og omsorg. Tilsette sine ønskjer vert drøfta med dei tillitsvalde slik at rettar etter lov vert tekne i vare. Vi lyser stadig ut stillingar med krav som helsefagleg utdanning, og deltidstilsette medarbeidarar kan då krevje fortrinnsrett til stilling dersom dei er kvalifiserte.

Innan oppvekst og opplæring har vi system for at tilsette melder inn ønskje om auka stilling i samband med tilsetjingsprosessen i februar, før utlysing av ledige stillingar frå hausten av.

Det er ulike årsaker til at tilsette arbeider redusert. Årsaker kan vere helse, livsfase, belastningar i arbeidet og anna arbeid.

Gjennomsnittleg stillingsprosent - kommunalområda 2024:

	Tal tilsette	Årsverk totalt	Gjennomsnittleg stillings-% kvinner	Gjennomsnittleg stillings-% menn
Stad kommune	1607	873,93	52,84 %	46,87 %
Sentraladministrasjonen	69	47,76	66,55 %	94,73 %
Oppvekst og opplæring	518	310,27	59,99 %	58,80 %
Helse og omsorg	887	421,19	46,97 %	41,45 %
Kultur og samfunn	196	196	94,44 %	37,87%

Kjelde: Framsikt

Ifølgje PAI-registeret hadde Stad kommune pr. 01.12.2024 1214 stillingar, der 545 arbeidde heiltid, 669 deltid. Heiltidsprosenten er 45 %. Vi hadde 1081 tilsette, og 884 årsverk. Gjennomsnittsprosenten var 82 %. For dei som arbeidde deltid var gjennomsnittsprosenten 59 %.

Tabellen under viser at vi har 511 arbeidsavtalar med assistentar, der gjennomsnittsprosenten for kvinner er 15,71 for kvinner og 20,69 % av menn. Høgst gjennomsnittleg stillingsprosent er kvinner som er adjunkt med tilleggsutdanning, denne er 86,58 %.

Gjennomsnittleg stillingsprosent - utvalde stillingskodar:

	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn	Gjennomsnittleg stillingsprosent kvinner	Gjennomsnittleg stillingsprosent menn
Reinhaldar	31	29	2	57,82 %	-
Pedagogisk leiar	39	37	2	67,97 %	-
Barnehagelærar	32	32	0	65,52 %	-
Adjunkt m/tilleggsutdanning	95	73	22	86,58 %	72,65 %
Sjukepleiar	92	87	5	56,20 %	-
Spesialsjukepleiar	16	15	1	71,97 %	-
Helsesjukepleiar	10	10	0	75,72 %	-
Vernepleiar	23	18	5	59,98	-
Mijøterapeut	81	65	26	62,49 %	73,02 %
Helsefagarbeidar	154	142	12	62,19 %	56,66 %
Fagarbeidar	120	90	30	63,93 %	73, 53 %
Assistent	511	412	99	15,71 %	20, 69 %

Kjelde: Statistikk frå Framsikt

Mellombels tilsetjing og vikarbyrå

Per 31.12.24 hadde Stad kommune 7 mellombelse avtaler (engasjement), ein mann og seks kvinner (*kjelde VISMA*). Lærlingane er ikkje medrekna i dette talet. Fire av engasjementa er i 100 % stilling. Det eine engasjementet er turnuslege, to engasjement er i helse og omsorg, to i oppvekst, ein i NAV og ein i kultur. Engasjementa er knytt tidsavgrensa prosjekt finansierte av eksterne prosjektmidlar og behov i skule for å sikre forsvarleg drift. I tillegg hadde kommunen pr. 31.12.24 95 vikaravtaler med fast avtalt stillingsprosent ved utgangen av året. Dette er vikariat for å dekkje opp for sjukefråvær, ymse permisjonar og anna fråvær. 74 av vikarane er kvinner, 21 er menn. 40 av arbeidsavtalane var i 100 % vikariat, 30 av desse var kvinner, 10 var menn.

Vi har brukt til saman kr. 6.027.763 til vikarbyrå innan helse og omsorg i 2024. I 2023 brukte vi kr. 3.018.829, i 2022 kr 4.226.254, i 2021 kr. 7.984.251.

Bruk av vikarbyrå 2024:

Ansvar	Teneste	Budsjett inkl. endring	Rekneskap	Avvik i NOK
391 Helse	24100 Legetenesta	600 000	556 794	-43 205,49
315 Bu- og miljøtenesta	25723 Bufellesskap - Elvebøen	0	1 973 010,73	1973 010,73
315 Bu- og miljøtenesta	25724 Bufellesskap - Myroldhaug tenesta for funksjonshemma	0	450 575,95	450 575,95
321 Seljetunet omsorg og rehabilitering	25300 Helse/omsorg institusjon	0	3 047 382,37	3 047 382,37
			6 027 763,15	

Kjelde: Stad kommune

Årsaka til bruk av vikarbyrå var behov for kompetanse, manglande søknader på utlyste stillingar, sjukmeldingar og ferieavvikling.

Oppdragstakarar

Stad kommune hadde 56 oppdragstakarar pr. desember 2024, dette er 30 var innan oppvekst og opplæring (barnevern) og 26 innan helse og omsorg. Dette inkluderer fosterheimar, besøksheimar, tilsynsførarar og fritidskontaktar.

Rekruttering og kompetanseutvikling

Rekruttering

For å tiltrekke oss nye, kompetente medarbeidarar må vi arbeide med omdømet vårt. Det er dei tilsette som er våre viktigaste historieforteljarar og som formidlar at Stad kommune er ein god og trygg arbeidsplass. Gode planar og system, leiarar med god relasjonskompetanse som arbeider systematisk med kompetanseutvikling og HMS, kan medverke til at medarbeidarane våre fortel historier som gjer at andre har lyst til å arbeide i Stad kommune.

2024 lyste Stad kommune ut 130 stillingsannonsar. Talet inkluderer stillingar som ferievikarar i helse og omsorg og i tekniske einingar. Til saman vart det levert inn 1047 søknader. 233 personar vart tilsette, mange av desse var ferievikarar og tilkallingsvikarar.

Kommunen har særleg utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar og vernepleiarar. Dei siste åra har dette særleg vore merkbart ved institusjonane Seljetunet og Hogatunet, som har hatt fleire utlysingar utan kvalifiserte søkjarar. Mange av einingane i helse og omsorg har eit konstant behov for vikarar. Dei siste åra har vi også hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til ingeniørstillingar og fagarbeidarstillingar i tekniske tenester. På dette fagområdet konkurrerer vi i særleg høg grad med næringslivet.

Stad kommune samarbeider med Nordfjordkompaniet og Framtidsfylket om å rekruttere og promotere Stad kommune og Nordfjord som arbeids- og buområde. Kommunen arbeider med informasjons- og marknadsføringsarbeid og har ulike rekrutteringskampanjar på sosiale media.

Lærlingar

Nordfjordkompaniet skal på vegne av Stad kommune arbeide for å styrke arbeidet med lærlingar i kommunen og medverke til å byggje opp eit system som tek i vare lærlingane på best mogleg måte.

Stad kommune har i 2024 hatt til saman 39 aktive lærlingar i organisasjonen, der sju av desse er i ordninga "fagbrev på jobb" og ein er praksiskandidat. Vi har i tillegg 6 YSK- elevar.

Vi har hatt 26 lærlingar til helse og omsorgsarbeidar, 9 til barne- og ungdomsarbeidar, ein til ernæringskokk, ein til anleggsførar, ein til byggdrifter og ein til brannførebyggjar. Tre av lærlingane er menn.

Det var 10 lærlingar som gjennomførte fagprøve innan helsefag i 2024, ein innan barne- og ungdomsarbeidarfaget og ein innan byggdrifter. Det er planlagt 17 fagprøver i 2025, der 11 er innan helsefag, fire innan barne og ungdomsarbeidarfaget, ein innan ernæringskokk og ein til brannførebyggjar. Stad kommune vil rekruttere fleire lærlingar inn i organisasjonen med start i august 2025.

Kompetanseutvikling

Stad kommune har utarbeidd kompetanse- og rekrutteringsplan for perioden 2021 - 2024. Kompetanse- og rekrutteringsplanen skal bidra til at vi arbeider meir målretta og strategisk for å utvikle kompetansen til våre medarbeidarar, skaffe nødvendig kvalifisert personell og nytte kompetansen vi har på ein best mogeleg tenleg måte. For å skaffe nødvendig kvalifisert personell må Stad kommune stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Målet med kompetanse- og rekrutteringsplanen er at den skal opplevast som eit nyttig styringsverktøy for å skaffe, utvikle, mobilisere og avvikle kompetanse. Kompetanse- og rekrutteringsplanen er meint å gje retning for kva kompetanseområde som er prioritert, på kort og på lang sikt. I tillegg til overordna kompetanse- og rekrutteringsplan har einingane utarbeidd egne planar i dette arbeidet.

Innan oppvekst har 10 tilsette gjennomført utdanning i 2024, då med tilskot frå Statleg ordning. Innan helse og omsorg er det 18 tilsette med vedtak om utdanningstilskot til vidareutdanning gjennom Statsforvaltaren Vestland.

Stad kommune har avtale om KS læring som er kommunane sin eigen e-læringsportal. KS arbeider med å skaffe og breie ut ein ny versjon av KS Læring.

Leiarutvikling

Kommunen er i kontinuerleg endring og omstilling. Kommunen treng trygge og tydlege leiarar som står samla for å løyse oppgåvene. Samarbeid på tvers i organisasjonen og samskaping med ulike aktørar i kommunen, berekraftig miljø og livskraftige tettstadar og samfunn, er avgjerande for å lukkast med visjonen, strategien og måla våre. Våre leiarar skal vise veg for sine tilsette, motivere til innsats og leggje til rette for livslang læring og meistring. Vi er òg avhengige av at leiarane tek ansvar for økonomi, personale og drifta i eiga eining.

Vi har over tid arbeidd med leiarutvikling i eigen organisasjon med felles leiarsamlingar. Vi har arbeidd med å skape felles forståing for overordna mål og strategiar for å få til samarbeid og felles ansvar. I 2024 vart det gjennomført seks leiarsamlingar for einingsleiarane i kommunen. Sentrale tema i leiarsamlingane er HMS og arbeidsmiljø, budsjett- og handlingsprogram, planarbeid, oppdragsbrev, digitalisering og omstilling. Vi har fleire leiarar som tok leiarutdanning i 2024.

Internkontroll og HMS

Systematisk HMS-arbeid

Det følgjer av arbeidsmiljølova § 3-1, jf. Internkontrollforskrifta, at arbeidsgjevar skal kartleggje fare, vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforhold. I tillegg skal arbeidsgjevar fastsetje mål for helse, miljø og tryggleik og ha oversikt over verksemda sin organisasjon, mellom anna korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt. Kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og planlagt for å sikre kontroll og ein høg etisk standard.

Kommunesektoren har ansvar for mange oppgåver som er viktige for innbyggjarane, og det er nødvendig med god styring for å ivareta innbyggjarane sine behov og rettar. God eigenkontroll bidreg til å byggje opp tilliten til kommunen, og gir samstundes grunnlag for læring og forbetring.


Arbeidsgjevar skal sørge for at dei tilsette medverkar i utøvinga av internkontrollen, jf. internkontrollforskrifta § 4. Det systematiske HMS-arbeidet er organisert gjennom arbeidsmiljøutvalet (AMU), tverrfagleg HMS-gruppe, medarbeidarsamtalar, dialogmøte, trepartsmøte og årlege kartleggingar og risikovurderingar slik at arbeidstakar får moglegheit til å påverke. Stad kommune har ein overordna HMS-handlingsplan. Kunnskap om status og utvikling dannar grunnlaget for kvar vi må setje inn systematiske tiltak for å ivareta helse, miljø og tryggleik i organisasjonen. Stad kommune har avtale med Avonova om bedriftshelseteneste, vi har jamleg kontakt og lagar ein årleg samarbeidsplan.

Avvik

I 2024 var det meldt 1758 avvik i Stad kommune. 73,2 % av desse var meldt med låg alvorsgrad, 22 % med middels alvorsgrad og 4,8 % med høg alvorsgrad.




Årsmelding 2024



Kjelde: Compilo

Avvik fordelt på kategori:



Kjelde: Compilo

Det er flest avvik knytte til kategorien teneste/tenestemottakar. 31,6 % av avvika var i kategorien Helse, Miljø og Tryggleik. Talet avvik knytte til kategoriar er høgare enn samla tal avvik i 2024, dette fordi det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Varsling

Stad kommune har utarbeidd prosedyre og skjema for varsling. Rutinen er ein del av HMS-systemet, og skal byggje opp om eit helsefremjande og trygt arbeidsmiljø. Med kritikkverdige forhold meiner ein mellom anna handling, unnlating eller praksis som er i strid med rettsreglar eller skriftlege etiske reglar i kommunen, eller andre etiske normer som det er brei tilslutning til i samfunnet. I 2023 vart det ikkje levert varsel til Stad kommune.

Rus- og speleproblem

Vi har utarbeidd rusmiddel og speleavhengepolitikk for tilsette i Stad kommune, der målet vårt er å ha trygge og gode arbeidsplassar, og at våre brukarar og innbyggjarar opplever tryggleik og kvalitet i samhandling med oss. Stad kommune har ein prosedyre for å følgje opp arbeidstakarar som er eller er i ferd med å bli rusmiddel- og eller speleavhengige. Målet med prosedyren er å sikre god oppfølging av tilsette som har utvikla eller er i ferd med å utvikle eit rusmiddel- eller speleproblem. Arbeidsgjevar vil leggje til rette for eit oppfølgingsløp som gjer at tilsette klarer å behalde jobben. Prosedyren skal òg sikre at det vert sett i verk nødvendige tiltak i arbeidsmiljøet for å ta i vare helse, miljø, tryggleik og omdøme.

Etikk

Stad kommune sine etiske reglar vart vedtekne av kommunestyret 06.02.2020, jf. KS-20/015. Hovudmålet med dei etiske reglane er å hindre økonomisk misleghald og korrupsjon i Stad kommune. Vi ønskjer at Stad kommune skal vere kjenneteikna av tillit og byggje på ein høg etisk standard.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	2,13 %	6,08 %	8,22 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,21 %	7,35 %	9,56 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,50 %	5,27 %	7,77 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,88 %	6,41 %	8,29 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,80 %	5,89 %	8,68 %

Stad kommune sitt måltal for sjukefråvær i 2024 var 6,9 % (korttid 1,9 %, langtid 5,0 %). Dette klarte vi ikkje å nå.

- Det har vore ei gradvis auke i sjukefråværet frå 2022 til 2024. Årsaka til auken frå 2023 til 2024 har sitt opphav i Helse og omsorg. Sjukefråværet på dei andre kommunalområda har enten gått litt ned eller vore stabilt samanlikna med 2023.
- Sjukefråværet i Helse og omsorg gjekk frå 9,5 % i 2023 til 10,6 % 2024. Helse og omsorg har i fleire år hatt positive utvikling/trend når det gjeld sjukefråvær. Dette har stogga opp, men vi er ikkje tilbake til det nivået vi såg i 2021, då sjukefråværet på dette kommunalområde låg på 11,35 %.
- Vi ser ein trend at Stad kommune sitt sjukefråvær fordeler seg utifrå årstid. Vi har høgt sjukefråvær i vintermånadane og på våren. I mai/juni går det som regel ned for så å auke i september.


- Det som var spesielt for 2024 var at vi hadde eit veldig høgt sjukefråvær i januar samanlikna med i 2022 og 2023. Sjukefråværet i januar 2024 låg på 9,4 prosent, i 2023 låg det på 7,3 prosent og i 2022 på 6,5 prosent.
- Korttidfråværet har òg vore ein del høgare i 2024 samanlikna med i 2023.

Sjukefråvær per kommunalområde

	Totalt fråvær	Prosent fråvær inntil 16 dagar (korttid)	Prosent fråvær frå dag 17 (langtid)
Stad kommune	8,69 %	2,8 %	5,89 %
Sentraladministrasjonen	4,68 %	2,06 %	2,63 %
Opplæring og oppvekst	7,22 %	2,57 %	4,65 %
Helse og omsorg	10,55 %	3,17 %	7,38 %
Kultur og samfunn	7,2 %	2,23 %	4,65 %

Kjelde: Framsikt

Utvikling per kommunalområde 2022-2024:



Kjelde: Framsikt

Det er viktig å sjå sjukefråværstala i ein kontekst. Ein veit at det er mindre slitasje på typiske «kontorarbeidsplassar», enn på tilsette som arbeidar i meir fysiske og/eller emosjonelt belastande

stillingar. Derfor kjem alltid trendane og tala til å variere frå kommunalområde til kommunalområde (og frå eining til eining). I tillegg er det viktig å vite at små einingar og avdelingar er veldig sårbare for slik type statistikk. To sjukmelde i ei eining med få tilsette vil gi eit høgt samla sjukefråvær.

Vi har over tid arbeidd systematisk med førebyggjande helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i Stad kommune. Vi rapporterer jamleg på sjukefråvær og avvik. Vi brukar månadlege HMS-plakatar som hjelpemiddel for leiarane, der leiarane får råd om korleis dei kan ta opp ulike HMS-tema i einingane/avdelingane som læringspunkt. HMS-gruppa gir også tilbod om kurs og opplæring for å styrke leiarane i dette arbeidet. I tillegg har vi medverka på leiarsamlingar, og stilt oss til disposisjon for å svare på spørsmål og for å løyse dagsaktuelle utfordringar.

Sjukefråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2024		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %
Sentraladministrasjon	2,06 %	2,63 %	4,68 %
Oppvekst og opplæring	2,57 %	4,65 %	7,22 %
Helse og omsorg	3,17 %	7,38 %	10,55 %
Kultur og samfunn	2,23 %	4,97 %	7,20 %
Sum tenesteområder	2,80 %	5,89 %	8,68 %

Oppfølging av planar

Kva er kommunal planlegging?

Kommunal planlegging handlar om å sette mål for kommunen og beskrive kva endringar som må gjennomførast for å nå desse måla. Kommunal planlegging skal legge til rette for å utvikle samfunnet og avklare korleis arealbruken i ein kommune skal vere. Kommunal planlegging er viktig for å sikre ei balansert og berekraftig samfunnsutvikling basert på lokale behov og nasjonale mål.

Plansystemet i Stad er kommunen sitt styringsverktøy i praksis. Systemet består av ulike type planar som beskriver korleis kommunestyret som kommunal planmynde skal ta i vare kommunale oppgåver og nasjonale forventningar. Nokre planar er overordna, andre er meir detaljerte. Ein del av planane er utarbeidd i tråd med reglane i plan- og bygningslova, andre ikkje. Innhaldet i planane danner kommunen si plattform for samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen. Innbyggjarar og andre aktørar blir invitert til å medverke i planarbeidet og sette mål for utviklinga.

Plansystemet i Stad kommune

Plansystemet i Stad kommune består av følgjande plantypar:

Planstrategien (utviklingsplan)

Planstrategien er første ledd i kommunen sitt plansystem og langsiktige samfunnsplanlegging. Formålet med planstrategien er å vurdere kva planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller deler av kommuneplanen.

Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sin overordna styringsverktøy og inneheld to delar; ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen legg føringar for samfunnsutvikling og tenester og beskriv langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Arealdelen fastset arealutviklinga, vekst og vern i kommunen, hovudtrekka i arealdisponeringa, og angir rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk.

Temaplanar

Temaplanar er kommunen sine strategiske planar om eit spesifikt tema. Temaplanar er langsiktige planar, men blir revidert kvart fjerde år.

Fagplanar

Fagplanar gjeld mindre fagområde, og er i mindre grad tverrfagleg. Dei byggjar på temaplanar og/eller samfunnsdelen.

Handlingsplanar

Plan for gjennomføring av handlingar. Handlingsplanar kan vere del av temaplanar og fagplanar.

Verksemdsplanar

Verksemdsplanen er eit administrativt verktøy som alle einingar skal utarbeide. Verksemdsplanar skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, dessutan oppfølging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

Alle planar vert vedtatt politisk med unntak av verksemdplanar.

Status kommunale planar

Kommunestyret skal minst éin gong i kvar valperiode (fireårsperiode), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. I tråd med dette vedtok Stad kommunestyre ny planstrategi (utviklingsplan) hausten 2024.

I 2024 vedtok Stad kommunestyre også å utarbeide ei avgrensa revidering av kommuneplanens samfunnsdel. Dei siste fire åra har vi gjort oss gode erfaringar med dagens samfunnsdelen. Likevel ser vi i planperioden behov for å gjere endringar for å tilpasse Stad kommune sitt overordna plan- og styringssystem. I tillegg er det eit behov å gå gjennom gjeldande arealstrategiar og vurdere behovet for endringar, før arbeidet med kommuneplanen sin arealdel tek til. Dei nasjonale føringane for samfunns- og økonomiplanlegging krev at kommunane aukar fokuset på ei samordning av samfunns- og økonomiplanlegginga for å betre realismen i planane, og forenkle og effektivisere planarbeidet. Krava til denne koplinga mellom samfunnsplanlegging og økonomiplanlegging er skjerpa i ny kommunelov, og det medfører ei sterkare forventning til reell koordinering og samanheng i dei kommunale planprosessane. Arbeidet med revidering av kommuneplanens samfunnsdel er i gang, og ein forventar at framlegg til revidert samfunnsdel vert lagt ut på høyring våren 2025, med vedtak hausten 2025.

Tabellen nedanfor viser planar som vart vedtekne i 2024, og planar som per i dag er i arbeid.

Vedtekne planar 2024

Overordna
Utviklingsplan 2024-2028 (Planstrategi)
Temaplanar, fagplanar og handlingsplanar
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024-2028
Arealplan
Avgrensa revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Eid 2015-2027, bustadutvikling for Haugen
Reguleringsplanar
Detaljregulering for Leikanger sentrum
Detaljregulering for Flata – gbnr. 45/105
Detaljregulering for Stad skipstunnel
Detaljregulering for Kjøde næringsområde
Detaljregulering for Lesto næringsområde
Detaljregulering for kryssløysing RV15 - Sjøgata
Detaljregulering for rv. 15 Bjørhovde bru
Detaljregulering for skredsikring av Skredestranda

Planar under arbeid


Kommuneplanen sin samfunnsdel - avgrensa revisjon
Temaplan for klima
Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045
Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar
Detaljregulering for bustadfelt på Bryggja

Detaljregulering for reinseanlegg i Selje
Detaljregulering for Mogrenda bustadfelt II.
Detaljregulering for reinseanlegg på Mehl
Områdeplan for Selje sentrum
Detaljregulering for Stad molo

Folketalsutvikling

Folketalet har vokse med 45 personar i 2024. Det gir ein vekst på 0,5 % frå 01.01.2024. Heile landet hadde ein vekst på 0,8 % i same periode.

Folketalet ved utgangen av kvartalet



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av året	9 256	9 326	9 391	9 397	9 454	9 435	9 457	9 517	9 527	9 543	9 610
Fødde	85	89	92	84	84	75	102	102	85	84	96

Døde	68	69	91	71	88	74	76	107	108	83	85
Fødsels-overskot	16	20	3	13	-3	0	26	-5	-23	1	11
Innvandring	80	62	99	106	67	66	51	82	108	70	54
Utvandring	20	21	41	36	37	35	26	43	50	42	62
Innflytting, innanlands	236	280	277	290	269	263	308	304	321	329	287
Utflytting, innanlands	283	297	273	317	316	275	300	323	340	285	241
Netto innvandring og flytting	13	25	61	42	-18	20	33	20	39	72	38
Folkevekst	30	46	63	56	-18	22	60	10	16	67	45
Folketalet ved utgangen av året	9 286	9 333	9 397	9 454	9 435	9 457	9 517	9 527	9 543	9 610	9 655


Folketal for åra 2012-2019 er for Eid og Selje, samt grensejusteringa.

Samfunns- og næringsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling

Stad kommune arbeider kontinuerleg og strategisk med samfunns- og næringsutvikling. Det er tverrfagleg kompetanse som jobbar med dette feltet og ansvaret er fordelt på ulike einingar.

Stad har samla sett vore ein bustadattraktiv kommune i siste ti-års periode. Nettoflytting, summen av flytting til og frå kommunen, har vore betre enn forventa ut frå strukturelle forhold som kor sentralt ein er plassert geografisk, nasjonal nettoinnvandring, arbeidsplassvekst i område det vert pendla til og demografisk vekst i sysselsetting. Strukturelle forhold kan vi i svært liten grad påverke. Når vi oppnår betre nettoflytting enn forventa, betyr det at samfunnet vårt har påverka eigen attraktivitet i positiv retning.



Figur 3.2.2: Drivkrefter for folketalsutviklinga i Stad kommune, og samanlikningsstadar. Kjelde: [Regional analyse](#)

Stad kommune fekk ein befolkningsvekst som var 4,5 prosentpoeng høgare enn forventa. Bustadsattraktiviteten til Stad har vert positiv. Det har vert fleire innflyttara, eller færre som flytta ut enn forventa. Stad har hatt den høgaste bustadsattraktiviteten av disse kommunane i tabellen i den siste tiårsperioden.

Statusrapport for nokre nærings- og samfunnutviklingsprosjekt

Det vil i dette kapittelet bli presentert nokre av prosjekta som Stad kommune arbeider med innanfor samfunns- og næringsutvikling. Det er ikkje mogleg å gje ei fullstendig oversikt, og oversikta under er såleis ikkje uttømmende. Det er også slik at administrasjonen rapporterer på politiske vedtak gjennom verktøyet "Status for oppfølging av politiske vedtak". Føremålet med dette kapittelet er å gi eit innblikk i dei mangfaldige arbeidsoppgåvene som ligg til kommunen, og korleis vi nyttar ressursane vi har tilgjengeleg.

Invest In Fjordane

Stad kommune deltek i prosjektet Invest in Fjordane. Prosjektet er støtta av Vestland fylkeskommune i samarbeid med Innovasjon Norge, som begge har tett kopling mot den overordna satsinga Invest in Norway. Invest in Fjordane-prosjektet tek utgangspunkt i at kommunane i Region Fjordane går saman om eit kartleggings- og analysearbeid for å avdekke og utfordre moglegheiter og barrierar, for å framstå som ein samla og attraktiv aktør for nye større og grønne industrietableringar. Arbeidet skal gjere kommunane i stand til å drive aktiv marknadsføring ovanfor industriaktørar i inn- og utland. Stad kommune er tett på prosjektet, særleg med fokus på Stad skipstunnel med tilhøyrande næringsareal (Moldestad, Lesto, Kjøde, Leikanger) og utviklinga av Kalneset på Bryggja. Invest In Fjordane har de siste året hatt eit sterk fokus på arbeidet med tilgang til fornybar energi og utfordringane rundt tilgang på kraft og nett. Meir informasjon finn ein på www.investinfjordane.no

Utvikling av Nordfjordeid sentrum

Stad formannskap handsama forslag plan for "Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045" i møte 28.11.2024, sak F-24/173, og gjorde der følgjande vedtak:

1. *Forslag til «Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045» vert lagt ut på høyring som den ligg føre.*
2. *Stad formannskap tek kunnskapsgrunnlaget «Nordfjordeid – plangrep, fortettingsanalyse og handelsanalyse» og «Handels- og næringsanalyse for Nordfjordeid» til vitande.*
3. *Det må leggjast til rette for å kunne forflytte seg i Nordfjordeid sentrum med betre merka gangfelt og kantar, lyssetting, skilting og vegdekke tilrettelagt for rullestol/rullator. Dette er særleg viktig i senterkjernen.*

Forslaget vart deretter lagt ut på høyring, med høyringsfrist 20. januar 2025.

Midt i gata - mellombels møteplass i Nordfjordeid sentrum

Stad vekst U40 tok kontakt med Stad kommune med ønske om å involvere seg i utviklinga av Nordfjordeid sentrum. Det vart starta eit forprosjekt der U40, LARK landskap og Stad kommune fasiliterte ein planworkshop. I workshopen vart U40 utforda til å kome med innspel til og skissere korleis ein torgplass i Nordfjordeid sentrum kan sjå ut. Det er mål om å utvikle ein mellombels møte/torgplass i sentrum. Stad kommune søkte Vestland fylkeskommune om midlar til å gjennomføre prosjektet, og har fått tildelt midlar for vidare arbeid.

Sentrumsgartnarar

Sentrumsgartnarar er eit samskapingsprosjekt mellom frivillige i Selje og Stad kommune. Eldsjeler i Selje tok kontakt med kommunen for å sjå på korleis frivillige krefter kan bidra til grønt vedlikehald i Selje sentrum. Basert på ein skjøtselsplan som vart utarbeidd av ein landskapsarkitekt på oppdrag frå Stad kommune, vart det gjennomført ein ryddedugnadar. Kommunen ser på behovet for å kjøpe inn plantar og gjennomføre av andre mindre tiltak. Det vert også arbeidd med å få etablert ei gruppe sentrumsgartnarar på Nordfjordeid.

Nordfjord smak

Prosjektet handlar om å vidareutvikle konseptet “Nordfjord Smak”, og er eit regionalt samarbeid med kommunane Stryn, Gloppen, Stad, Bremanger for å skape samarbeid, samhandling og synergjar i lokalmatnæringa i Nordfjord. Samarbeidet skal vere med å hjelpe produsentane på tvers av produksjonsmetode og produkt, og kunne hjelpe produsentane å nå ut til ein større marknad, og med merkevarebygging, kompetanseutvikling og oppgåvesamarbeid. Prosjektet er finansiert gjennom Vestland fylkeskommune, Sparebanken 1 Sogn og Fjordane og ved bruk av administrative ressursar i den einskilde kommune. Hovudprosjektet har starta opp haust 2024 og inneheld fleire delprosjekt:

- Rekruttering og kompetanseheving
- Etablering av ressurscenter “Nordfjord smak”
- Felles logistikk
- Shop in shop-konsept med mellom anna pop-up butikk

Masterplan for reiseliv

[Merket for bærekraftig reisemål](#) er ei nasjonal merkeordning for reiselivsdestinasjonar og er den einaste av sitt slag i Norden. Ordninga fungerer som eit kvalitetsstempel for destinasjonar som har forplikta seg til bærekraftig utvikling. Dette inneber blant anna å arbeide for reduserte klimagassutslepp, å verne om naturmangfald og kulturarv, auke dei positive ringverknadane frå reiselivet, samt å sikre at reiselivet utviklast påinnbyggjarane sine [premissar](#).

Masterplanen for Nordfjord mot 2030 vart vedteken av Stad kommunestyre i 2024 og er utarbeidd som ein del av arbeidet med å oppnå «Merket for Bærekraftig reisemål». Planen er det strategiske styringsverktøyet for det langsiktige arbeidet med å utvikle reiselivet i Nordfjord på ein måte som bidrar til forsvarleg naturbruk, konkurransekraft i marknaden og attraktive lokalsamfunn. Kommunestyret fekk lagt fram ei eiga politisk sak der masterplanen vart presentert.

Sidan Nordfjord er ein [stor cruisedestinasjon](#), vert området evaluert etter [eigne cruisekriterie](#), i tillegg til dei [andre kriteria og indikatorane i merkeordninga](#). Dette arbeidet går i regi av Samarbeidet i Nordfjord og Visit Nordfjord, og PWC er henta inn for å arbeide fram cruisetillegget for Nordfjord.

Statens hus

Stad kommune vart i juni 2020 vald ut av Regjeringa som éin av fire pilotkommunar for Pilot Statens hus. Regjeringa ville då, som del av fornyinga av norsk distriktspolitikk, prøve ut ein ny modell for "Statens Hus i distrikts-Noreg. Det vart avsett 4 mill. på statsbudsjettet si ramme til kvar pilot. Piloten varer inntil 4 år, og går ut 2024. Kommunedirektøren er prosjektleiar for piloten, og Stad kommune koordinerer også aktivitetane mellom byggherre og etatane i samband med bygging og innflytting. Etatane betalar kommunen for denne bistanden. Stad kommune nyttar elles eininga personal og kommunikasjon som ressurs inn i den såkalla “Husgruppa” og i samband med informasjon og kommunikasjon rundt piloten.

Følgjande samfunnsmål vart sett for piloten:

- Eit styrka og samla fagleg, offentleg kompetansemiljøet i regionane
- Enklare å behalde og rekruttere kompetanse i dei statlege etatane på mindre stadar
- Fleire statsetatar enn i dag kan rekruttere og tilsette folk desentralisert
- Eit styrka samarbeid i kompetanseklynger
- Ny kunnskap som gjev grunnlag for vidare utvikling av lokaliseringspolitikk for mindre stadar

Opning av Statens hus blir i april 2025 er under bygging og forventast ferdigstilling våren 2025.

Hamnestrategien

Stad kommunestyre fekk i møte 13. juni 2024 presentert kunnskapsgrunnlag for ny hamnestrategi i Stad. Stad kommunestyre vedtok å arbeide med ein hamnestrategi for Stad kommune, inkl. tilråding om konseptutvikling av nye og eksisterande hamner. Mandat for vidare planarbeid blir presentert i 2025.

Idrettshall Stadlandet

Stadlandet idrettslag ønskjer å byggje ny idrettshall der gymsalen til Stadlandet skule står i dag. Stad kommunestyre har i vedtak av 25. januar 2024, sak KS-24/013 bedt administrasjonen greie ut saka vidare. Det er Stadlandet IL som er tiltakshavar og blir eigar av hallen. Stadlandet IL følgjer vanlege prosedyrar som ekstern tiltakshavar. Stad kommune har utarbeidd eit mandat som skildrar korleis kommunen skal arbeide vidare med saka, og har avsett ressursar for vidare arbeid. Saka vart og vedtatt i KS 12. september 2024. Stadlandet idrettslag har fått innvilga spelemiddelfinansiering til prosjektet.

Fjordhestsenter

Stad kommune er vertskommune for og medeigar i det nasjonale kompetansesenteret for fjordhest, Norsk fjordhestsenter AS, på Nordfjordeid. Fjordhestsenter sine tre eigarar er Stad kommune, Vestland fylkeskommune og Noregs fjordhestlag.

I vedtaket KS23-186 frå 15.12.2023 ba Stad kommunestyre om at kommunedirektøren går i dialog med Norsk fjordhestsenter med sikte på å få avklart på kva måte Stad kommune kan bidra inn i fjordhestsenteret sitt vidare utviklingsarbeid. Sentrale samarbeidspartar i denne dialogen er også Vestland fylkeskommune og Noregs fjordhestlag. Dette arbeidet er starta opp, og ein kjem tilbake med ei rapportering til politisk nivå i 2025.

Bane NOR Eigedom AS

Bane NOR Eigedom AS ønskjer ei knutepunktsutvikling på si tomt «Rutebilstasjonen» i Nordfjordeid sentrum, og har i den samanheng retta eit ønske om samarbeid med Stad kommune for å få til ein heilskapleg plan og utvikling av området/kvartalet «Rutebilstasjonen» og «Rådhusomtå». Saka omhandlar ei innleiande samarbeidsavtale mellom Bane NOR Eigedom Nordfjordeid AS, Stad kommune og AS Eid Industrihus samt oppstart av moglegeheitsstudie for knutepunktsutvikling i Nordfjordeid sentrum.

Infrastrukturtiltak for ålmenta

Stad kommune ser på infrastrukturtiltak knytt til lokalisering av toalett, og skiltplan for el-ladepunkt.

Når det gjeld toalett, så skal det offentlege toalettet som har stått på Vestkapp flyttast til sentrum av Leikanger, som då vil få auka toalettkapasitet. I Selje er oppbygginga av toaletta på Seljesanden, etter brannskade, ferdigstilt og ein har auka toalettkapasiteten på bygget. Der er plassert nye informasjonsskilt, som syner kvar ein finn offentlege toalett (t.d. også kommunehuset) og parkering.

På Leikanger har ein fått godkjent skiltplan for el-ladepunkta, slik at tilbodet no skal vere godt synleg og marknadsført for tilreisande. Stad kommune har i lag med Selje Bygdeutviklingslag sett på utfordringane med el-ladepunkt, det er ikkje komet fram til ei ny løysninga med dagens leverandør.

Besøksbidrag

Nærings- og fiskeridepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet sendt den 19. november 2024 ut forslag til lov om besøksbidrag. Høyringsfristen var den 3. januar 2025. I høyringsnotatet blir det lagt fram ein lovheimel som gir kommunane mynde og høve til å krevje inn besøksbidrag i form av ei overnattingsavgift. Kommunestyret har ved ulike høve etterspurt status i den nasjonale saka om innføring av besøksbidrag, og kommunedirektøren løftar difor opp høyringsaka som ei politisk sak. Det er avgjort at det politiske rådet Region Fjordane sin uttale var dekkande også for Stad kommune. Kommunedirektøren vil kome tilbake med ei prinsippsak om å greie innføring av besøksbidrag i Stad så snart rammene for ordninga er tilstrekkeleg kjende.

Statleg sikra friluftsområde på Vestkapp

I kommunestyremøtet 12.09.2024 (KS-24/126) vedtok Stad kommunestyre å slutføre prosessen med å sikre gbnr. 35/33 på Vestkapp som statleg sikra friluftslivsområde. Vidare skal arbeidet med ein forvaltningsplan for friluftsområdet på Vestkapp starta opp i 2025. det skal også leggest fram ein plan for trygging av ferdselen på den kommunale vegen opp til Vestkapp.

Stad kommune skal ta kontakt med grunneigarlaget når vi startar arbeidet med forvaltningsplanen og på arbeidet for trygging av ferdselen opp til Vestkapp.

Framtidig bruk av Bryggja omsorgssenter

Stad kommunestyre vedtok i møtet 02.mai 2024 (KS 24/060) at kommunedirektøren skal utarbeide ei sak som synleggjer korleis eit eventuelt sal eller avhending til Stiftinga Bryggja Livsgledesenter (sus) kan gjennomførast. Saka må synleggjere stiftinga sin finansierings- og driftsmodell for bygget. Stad kommunestyre vil først då avgjere om eit direktosal til marknadspris er aktuelt, eller om bygget må lysast ut på den opne marknaden.

Stad kommunestyre sitt vedtak av 15. desember 2023, sak KS-23/168, står fast slik at framtidig bruk av bygget blir sett i samanheng med arbeidet om heilskapleg dimensjonering av helse- og omsorgsbygg i Stad kommune før eit evt sal /avhending av bygget.

Saka er tett kopla mot vedtaket om avvikling av Bryggja omsorgssenter og arbeidet med ny heilskapleg utbyggingsplan for helse og omsorg.

Tilskotsordningar

Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling - Midt i gata

Stad kommune har mottatt tilskot til prosjektet «Midt gata» frå Vestland fylkeskommune som handlar om å etablere mellombels torgplass i Nordfjordeid sentrum. Knytt til prosjektet U40.

Tilskot til inkludering av born og unge - Gymmen open

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for at alle born og unge skal ha høve til meistring og samfunnsdeltaking. Ordninga skal bidra til å utvikle opne møtestadar, delta på ferie- og fritidsaktivitetar og fullføre utdanningsløpet. Målgruppa er born og unge i alderen 0 til 24 år som står i fare for å hamne i utanforskap. Utanforskap kan vere manglande sosialt nettverk, tilknytning til skule, deltaking i fritidsaktivitetar og å vekse opp i familiar med låginntekt.

Møtestaden for ungdomsklubben "Gymmen Open" er "Gymmen Scene og Studio". Målet er at Gymmen i framtida skal vere ein leikeplass for ungdomane som ønskjer å drive med kreativitet og legge til rette for at dei får lære og utvikle seg der. I Gymmen skal ALLE vere hjarteleg velkomne til å prøve, kanskje meiste noko dei ikkje har klart før, lære noko nytt som ikkje handlar om skule, men om eiga utvikling innan å arrangere, eller å skape noko unikt for seg sjølve og andre.

Gjensidigestiftelsen - Sommarhjelp i Stad

Eid og Selje frivilligsentralar fekk innvilga kr. 300.000,- til sommarhjelp jobbar for å drifte sommarmøteplassar for barn og ungdom og skape aktivitet for eldre som bur på institusjon.

Fysisk aktivitet for born og unge i Stad

Stad kommune mottatt kr. 100.000,- til prosjektet "Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge, unge vaksne og eldre - Vestland fylkeskommune". Stad kommune og ungdomsrådet ønskjer å legge til rette for auka fysisk aktivitet for born og unge i Stad. Vi vil skape ein gratis for lågterskel aktivitet for målgruppa.

Fritidskasse for 2024

Lag og organisasjonar kansøke dekning for uteståande medlemskontingentar, reiseutgifter, treningsavgifter og deltakaravgift. I 2024 utbetalte Stad kommune kr. 90.000,- frå ordninga. Tildelinga blir gjort administrativt ut i frå budsjett og mottatt midlar får Bufdir. Stad kommune har inne søknad til Bufdir om nye midlar og vidareføring av ordninga for 2025.

Skjønnsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjønn)

Region Fjordane har gjennom sitt samarbeid identifisert nokre område som dei ønskjer å samarbeid om. 2 søknadar fekk tildeling i 2025.

Prosjektnamn:

- Forstudie - Samarbeid om brann og redning med kr. 500.000,-
- Forstudie - Kommunen si rolle som reiselivsutviklar med kr. 250.000,-

Okla fondet

Stad kommune tek årleg i mot kompensasjonsmidlar for Okla vindkraftverk på Stadlandet frå Falck Renewables Vind AS. Grunnlaget for utbetaling av kompensasjonsmidlar er heimla i ein samarbeidsavtale vedteken av Selje kommunestyre i 2016. Avtalepart var då Vestavind Kraft AS, no Falck Renewables Vind AS. Stad kommune skal etter samarbeidsavtalen bruke kompensasjonsmidlane til tiltak som avbøter at vindkraftverket bandlegg eit betydeleg areal som er eller kan vere av verdi både for noverande eller framtidige interesser knytt til næringsliv, fritidsinteresser eller sosiale formål.

Stad kommunestyre har vedteke at midlane skal setjast av på eit eige fond, og det er oppretta ei søknads- og tildelingsordning i tråd med samarbeidsavtalen. Desse retningslinene skal vere til hjelp i handsaminga av søknads- og tildelingsordninga, i lag med vedtektene. Årleg søknadsfrist kvar haust med ei årleg sum for tildeling på om lag kr. 1 350 000,-

Stad skipstunnel

Stad skipstunnel

Stad kommunestyre har sett som overordna mål å legge til rette for størst mogleg lokal og regionalverdiskaping og synergjar av prosjektet, både i anleggsfasen og etter at tunnelen er opna, jf. sak KS20/201. Stad kommunestyre har gjort fleire ulike vedtak gjennom åra som i sum skal gje den ffekten som ein ønskjer å oppnå. Vedtaka har fram til no femna om tiltak som femner om alt i frå planarbeid, forstudia for nærings- og samfunnsutvikling, kartleggingar, drøftingar, intensjonsavtalar og investeringar innan eit breitt spekter av fagområde. Arbeidet involverer fleire einingar i administrasjonen, som plan- og forvaltning, eigedom, kommunalteknikk, brann- og beredskap, stab , kommunedirektør-nivået og Stad Eigedomsutvikling KF. I tillegg til politisk nivå.

Rapporteringa her gjeld i hovudsak prosjektet som knyt seg til dei aktivitetar som har blitt gjennomført ved bruk av disposisjonsfond, men dei politisk vedtekne planane blir også nemnde då desse dannar grunnlag for samarbeids- og utbyggingsavtalar mellom Kystverket og Stad kommune.

Løyvde midlar for 2021 - 2022 og tiltak

Stad kommunestyre vedtok i møte 4. februar 2021, sak KS-21/015, å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må starte i 2021, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet.

Midlane vart i hovudsak nytta til ferdigstilling av kommunedelplan for sjøareal, inkl. nødvendige kartleggingar og undersøkingar, og til gjennomføring av tekniske forstudiar knytt til næringsareal. Det vart rapportert om bruken av desse midlane i kommunestyresak «Økonomi- og tenesterapport pr. 30.04.2022», som var oppe i kommunestyremøte 16. juni 2022 sak KS-22/077.

I budsjettendringssaka i same kommunestyremøte 16. juni 2022, vart det gjort vedtak om å gi ei ny ramme for arbeidet med ringverknadar frå Stad skipstunnel i 2022 med kr 700.000,- finansiert frå kommunen sitt disposisjonsfond. Midlane vart planlagt nytta, og er nytta, til følgjande tiltak i 2022:

- Deltaking regionalt ringverknadsprosjekt for Stad skipstunnel (kr. 250 000)
- Utarbeide informasjonspakke til bruk i m.a. Kystverkets konkurransegrunnlag
- Gjennomføring av forstudie for etablering av ny vassforsyning frå Berstadvatnet
- Utarbeide konseptskisse for utforming og drift av området ved tunnelportalen i Moldefjorden
- Gjennomføring av synfaringar, folkemøte, konferansar og andre mindre aktivitetar som naturleg blir belasta prosjektet sine løyvde midlar

Løyvde midlar for 2023 og tiltak

Stad kommunestyre gjorde i møte 27. oktober 2022, sak KS-22/137, følgjande vedtak:

1. Stad kommunestyre vedtek å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må starte i 2023, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet.

2. Administrasjonen får mynde til å fordele den økonomiske ramma ut på dei utvalde prosjekta/tiltaka, som m.a. femner:

- *Starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, inkl. tilråding om konseptutvikling av nye og eksisterande hamner*
- *Vidareføre arbeidet med moglegheitsstudien for Moldefjorden/Kjøde og starte arbeidet med stadutviklingstiltak og løfte fram kulturarven*
- *Gjennomføre forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden*
- *Vidareføre arbeidet med ein informasjonspakke og presentasjon av Stad som vertskommune.*
- *Nødvendig bistand til juridisk rådgjeving og anna rådgjeving for å kunne ta i vare Stad kommune sine interesser*

Hamnestrategi: Når det gjeld oppdraget med å starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, så er dette arbeidet starta opp. Stad kommunestyre fekk våren 2024 lagt fram kunnskapsgrunnlaget "Hamner og sjørett næringsareal i Stad kommune, potensial for samfunns- og næringsutvikling". Planarbeidet skal starte i 2025.

Kommersiell utvikling portalområda Moldefjorden: Forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden er gjennomført av PWC, og ein enkel rapport som syner aktuell selskaps- og driftsform ligg føre. Det er ønskeleg å vente med eit hovudprosjekt vedkomande aktuell driftsform for tunnelportalområdet på Moldefjord-sida inntil endeleg budsjettløyving for skipstunnelen ligg føre.

Berstadvatnet: Stad kommune har gjennomført forstudie for etablering av ny vassforsyning frå Berstadvatnet, på bakgrunn av ei løyving på kr 1. mill. frå kommunen sitt investeringsfond. Som grunnlag til budsjett vart det då tatt høgde for arkeologiske registreringar. Med grunnlag i rapportane frå fylkeskommunen gjorde Riksantikvaren vedtak om snarleg utgraving for å unngå tap av kulturminne. Tiltakshavar (Stad kommune) har med grunnlag i dette dekkja 100% av kostnadane jf. budsjettoppsett frå UIB kr 1.250.000,- + kommunens eigne kostnader. I vedteke budsjett var det ikkje avsett midlar til dette. Denne ekstra kostnaden og dette arbeidet vart finansiert med ved eit hastevedtak av ordførar sommaren 2023.

Stad kommune sendte den 27.05.2024 NVE om løyve til uttak av vatn frå Berstadvatnet, til bruk i Berstadvatnet vassverk. Søknaden var i 2024 ute på høyring, med høyringsfrist oktober 2024. Stad kommune venta på endeleg konsesjonshandsaming av NVE.

Informasjonspakke og presentasjon av Stad kommune : Stad kommune har utarbeidd ein informasjonspakke om Stad kommune til informasjon og bruk av potensielle leverandørar til bygginga av Stad skipstunnel. Stad kommune har også delteke på Kystverket sine leverandørkonferansar.

I tillegg har Stad kommune utarbeidd eit eige prospekt som syner næringsareala som kjem på plass som følge av Stad skipstunnel. Stad kommune hadde eit eige arrangement under Arendalsuka 2024, der erfaringane frå massehandteringane vart delt. Og der ein fekk synleggjort planlagde næringsareal som blir klargjort for sal. Arrangementet vart godt motteke. Profilerings og utvikling av næringsareala, inkl. Stad Molo, er også ein del av prosjektet Invest in Fjordane.

Arbeidet med reguleringsplanane for Stad skipstunnel, Kjøde og Lesto

Heile første halvår av 2024 handla om å handtere motsegner knytt til dei tre ovanneemde detaljreguleringsplanane. Dette gjaldt motsegner frå både Vestland fylkeskommune og Statsforvaltar. Alle planane vart vedteke utan motsegn av Stad kommunestyre 21. oktober 2024 og Kystverket sluttførte den 29. november 2024 konkurransegrunnlaget for Stad skipstunnel. Arbeidet vart deretter lagt ut på anbud.

Varsla risikofaktorar

Etableringa av Stad skipstunnel er tett integrert med Stad kommune si samfunns- og områdeutvikling av området ved og i nærleiken av skipstunnelen. Stad kommune har som nemnt innleiingsvis eit mål om å leggje til rette for verdiskaping og vekst både lokalt og regionalt i samband med at skipstunnelen blir etablert. Samtidig treng Kystverket at Stad kommune er ein føreseieleg og nær samarbeidspart, for at Kystverket skal få gjennomført sitt prosjekt som planlagt.

Tema ein peika på i 2024, som ein arbeide vidare med, for å handtere og redusere risiko er:

Beredskap:

- Branntryggleik
- Slokkevatn
- Evakuering frå tunnel
- Evakueringsareal
- Utstyr til brannslukking mv, og kostnader til dette

Eigedomsforhold og eigarskap

- Kven eig kva type areal?
- Kva er konsekvensane av ulike eigarskap?

Vatn

- Kva type vasskjelder er det behov for og når?
- Avtaleforhandlingar
- Finansiering
- Byggherreansvar
- Drikkevatn
- Førebuande tiltak reservevassforsyning til Vanylven kommune.

Kraft

- Førebuande tiltak for framtidig nettkapasitet til næringsområda
- Kartlegging av krafttilgang med grunnlag utfordringar med tilgang til nok kraft for framtidig utvikling av næringsområda

Drift og vedlikehald

- Klar ansvarsfordeling drift og vedlikehald av m.a. vegar og grøntareal

Illustrasjon og gjennomføring

- Illustrasjon kontra faktisk gjennomføring

Avtaleforhandlingar og avtaleinngåingar

- Type avtalar og når?

- Aktuelle avtalarr: grunnervervsavgaltar, gjennomføringsavgaltar, utbyggingsavgaltar mm
- Har aktuelle aktørar finansiering klar i tide?
- Hastesaker

Internt ressursbehov

- Behov for kommunal koordinator, finansiering
- Samla kapasitet og kompetanse intern i kommunen

Klima og miljø

Status

Klimastatistikken nedst i kapitelet omfattar dei direkte utsleppa som skjer innafor kommunen si geografiske grense. Utsleppsreduksjon er oppgjeve i [CO₂-ekvivalentar](#). For meir informasjon om klimastatistikken kan ein gå til [Miljødirektoratet](#) sine sider. For indirekte utslepp (utslepp som skjer utanfor kommunen sine grenser som følgje av vårt forbruk av varer og tenester) har vi førebels ingen gode verktøy for å estimere utsleppsreduksjonar. Estimert klimagassutslepp frå vårt personlege forbruk er framstilt i kartet [Folkets fotavtrykk](#), der ein kan finne kvar enkelt kommune i kartet. Det totale fotavtrykket til Stad kommune per i dag er estimert til 127 224 tonn CO₂-ekvivalentar fordelt på 9 521 innbyggjarar, noko som tilsvarer 13,4 tonn CO₂-ekvivalenter per innbyggjar. [Klimabudsjett for 2024](#) synleggjer kommunen sine klimatiltak - både kontinuerlege tiltak og prosjekt for 2024. Frå og med 2025 vil dette klimabudsjettet fungere som handlingsprogrammet til «Temaplan for klima» som reviderast årleg. Under følgjer ein kort statusrapport på nokre viktige tiltak:

Temaplan for klima

Arbeidet med temaplan for klima pågår og skal ferdigstillast våren 2025. For Stad kommune vil dette vere den første heilskaplege klimaplanen i kommunen og skal gi retning i kommunen sitt arbeid i møte med klimaendringane. Klimaplanen har fokus på kommunen sitt arbeid med klimagassutslepp, klimatilpassing, naturmangfald og arealbruk. Ein viktig del av arbeidet er å sikre koplinga til kommunen sine overordna styringsverktøy, som kommuneplanens samfunnsdel og -arealdel. Meir om arbeidet på kommunen sine nettsider: [Høyring klimaplan](#)

Miljøfyrtårnsertifisering

Arbeidet med å miljøfyrtårnsertifisere kommunen er komet langt, og innan utgangen av 2024 var 16 kommunale verksemdar sertifisert etter Miljøfyrtårn si hovudkontormodell. Rådhuset i Stad (hovudkontoret) og kommunehuset i Selje blei sertifisert først (våren 2024). Hausten 2024 starta arbeidet med å sertifisere alle skular og barnehagar, og alle skulane og barnehagane er no Miljøfyrtårnsertifisert. Arbeidet med sertifisering fortsette i 2025. Sertifiseringa skal bidra til å redusere dei direkte utsleppa frå kommunal verksemd, redusere det totale klimafotavtrykket frå eigen verksemd og sikre tydeleg miljøleiing som er integrert i heile organisasjonen. Hovudkontoret har satt seg følgjande mål gjennom miljøfyrtårnarbeidet:

Arbeidsmiljø:

- Stad kommune er ein attraktiv, trygg og helsefremjande arbeidsplass der tilsette kjenner meistring

Innkjøp:

- Stad kommune tar tilstrekkeleg omsyn til klima og miljø gjennom alle sine innkjøpsavtaler ved å setje tydlege krav i anbod
- Stad kommune tar tilstrekkeleg omsyn til klima og miljø ved den faktiske gjennomføringa av kjøp av varar og tenester

Avfall og ombruk:

- Stad kommune reduserer avfallsmengda, og aukar graden av kjeldesortering
- Stad kommune har fokus på ombruk og undersøker om det går an å skaffe brukt før det kjøpast inne nye ting der dette er relevant

Energi:

- Stad kommune reduserer energibruken frå kommunale bygg

Transport:

- Stad kommune redusere dei direkte klimagassutsleppa frå våre tenestereiser.

Oppfølging av måla, nokre døme:

Gjennom miljøfyrtårnarbeidet har kommunen mellom anna fått på plass fleire avfallsfraksjonar og dermed auka kjeldesorteringsgraden betydeleg. Alle dei sertifiserte bygga har no sortering av restavfall, papp og papir, plast, matvafall og glass og metall. I tillegg sorterast farleg avfall, som lysrøyr, batteria og elektrisk avfall. Vi har også fått eit auka fokus på ombruk av møbler og utstyr, og har lagt til rette for at det skal vere enklare og ombruke innanfor kommunal verksemd på tvers av dei ulike bygga. Det har også vore gjennomført ENØK-kartleggingar med mål om redusert energiforbruk over tid. Vi er ein langstrakt kommune med mykje bilkøyring, men jobbar kontinuerleg med å redusere utsleppa frå våre tenestereiser. Innkjøp er også eit område kor det er stadig auka fokus på korleis gjennomføre miljøvennlege innkjøp. Innan arbeidsmiljø har vi hatt ein del fokus på brannvern i 2024, og har mellom anna laga ny branninstruks og jobbar med å få på plass brannbøker på dei ulike bygga.

Energieffektivisering i kommunale bygg

For 2024 er det gjennomført ENØK-kartlegging og energimerking med støtte frå ENOVA på 3 bygg i ytre: Selje skule, Stadlandet skule og Seljetunet.

Landstraum

Planprosessen for detaljregulering for landstraumanlegg i Nordfjordeid prosjektet blei satt på vent i 2024 grunna mangla nettkapasitet. Mangel på kraft- og nettkapasitet vil i framtida krevje sterkare koplinga mellom energi- og arealplanlegging.

Merket for berekraftig reisemål Nordfjord

Arbeidet med sertifisering som berekraftig reisemål pågår med mål om sertifisering tidleg i 2025. Merket for bærekraftig reisemål er ein nasjonal merkeordning for reiselivsdestinasjonar og er den einaste av sitt slag i Norden. Ordninga fungerer som eit kvalitetsstempel for destinasjonar som har

forplikta seg til berekraftig utvikling. Dette inneber blant anna å arbeide for reduserte klimagassutslepp, å verne om naturmangfald og kulturarv, auke dei positive ringverknadane frå reiselivet, samt å sikre at reiselivet utviklast på innbyggernes premisser. Sidan Nordfjord er ein stor cruisedestinasjon, vert området evaluert etter eigne cruisekriterier, i tillegg til dei andre kriteriene og indikatorene i merkeordninga.

Sikre klima- og miljøomsyn i drift og bygninger i landbruket

Landbrukskontoret gjennomfører kontroll med om lag 5 % av alle gjødselsplaner og sprøytejournalar. Kontrollen utførast blant dei som får produksjonstilskot.


Auke kontroll med foryngingsplikten i skogbruket

Foryngingsplikten følgast opp frå Landbrukskontoret etter liste frå Landbruksdirektoratet. Den sentrale foryngingskontrollen er utført, men det er ikkje utført noko ytterligere kontroll utover dette i 2024. ergieffektivisering av eksisterande bygg.

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	3 352,6	2 694,5	1 790,1	1 670,3	1 579,4	1 250,1	861,6	897,3	1 181,4	879,6
Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Avfall og avløp	1 725,0	1 762,2	1 675,7	1 782,4	1 782,1	1 735,8	1 599,8	1 501,4	1 850,6	1 868,2
Sjøfart	28 474,0	28 242,2	28 244,3	32 293,7	27 131,6	28 836,3	22 424,9	26 439,7	36 155,2	37 429,0
Veitrafikk	15 207,6	15 422,9	14 657,8	13 608,5	14 222,1	13 585,2	13 007,8	13 407,2	13 451,9	12 944,0

Årsmelding 2024

Annen mobil forbrenning	3 931,3	3 482,7	6 726,3	6 870,4	4 749,2	4 422,6	2 903,1	2 678,5	2 613,9	2 269,8
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	16 246,6	17 098,1	17 005,4	16 681,7	16 423,8	15 567,1	16 467,4	16 520,9	16 147,8	15 400,6
Sum	68 937,1	68 702,7	70 099,6	72 907,1	65 888,2	65 397,0	57 264,7	61 444,9	71 400,8	70 791,2

Økonomisk status og utvikling

Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Opph. budsjett 2024	Rekneskap 2023
Driftsinntekter:				
1 Rammetilskot	-429 451 196	-438 576 000	-439 498 000	-402 044 204
2 Skatt på inntekt og formue	-312 728 721	-303 310 000	-303 310 000	-303 614 223
3 Eigedomsskatt	-24 376 454	-24 400 000	-22 000 000	-23 023 812
4 Andre skatteinntekter	-1 174 031	-1 084 000	-50 000	-462 687
5 Andre overføringer og tilskot frå staten	-60 184 899	-56 430 000	-46 430 000	-51 935 126
6 Overføringer og tilskot frå andre	-268 151 205	-166 677 768	-163 591 943	-235 978 046
7 Brukarbetalingar	-33 058 913	-29 857 845	-29 859 845	-32 979 229
8 Sals- og leigeinntekter	-110 548 264	-100 768 670	-84 286 670	-104 439 039
9 Sum driftsinntekter	-1 239 673 682	-1 121 104 283	-1 089 026 458	-1 154 476 366
Driftsutgifter:				
10 Utgifter til løn	645 746 539	605 724 950	602 406 822	594 601 960
11 Sosiale utgifter	143 659 595	138 624 298	137 051 601	124 641 871
12 Kjøp av varer og tenester	304 343 766	284 420 995	259 546 495	277 032 194

Årsmelding 2024

13 Overføringer og tilskot til andre	94 425 590	52 988 496	50 359 496	77 656 075
14 Avskrivningar	58 813 509	60 000 000	60 000 000	56 429 078
15 Sum driftsutgifter	1 246 988 998	1 141 758 739	1 109 364 414	1 130 361 177
16 Brutto driftsresultat	7 315 316	20 654 456	20 337 956	-24 115 188
Finansinntekter:				
17 Renteinntekter	-14 419 932	-13 970 000	-3 500 000	-11 455 085
18 Utbytte	-8 425 807	-8 381 000	-3 341 000	-2 349 331
19 Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-16 189 352	-13 800 000	-6 100 000	-10 985 456
20 Renteutgifter	63 175 360	67 429 000	64 519 000	48 669 977
21 Avdrag på lån	53 560 663	53 400 000	53 400 000	55 750 873
22 Netto finansutgifter	77 700 932	84 678 000	104 978 000	79 630 979
23 Motpost avskrivningar	-58 813 509	-60 000 000	-60 000 000	-56 429 078
24 Netto driftsresultat	26 202 740	45 332 456	65 315 956	-913 287
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0	0	0	513 000
26 Avsettingar til bundne driftsfond	10 017 242	1 558 044	1 558 044	5 698 978
27 Bruk av bundne driftsfond	-4 625 458	-1 080 000	-1 080 000	-8 474 543
28 Avsettingar til disposisjonsfond	1 020 022	1 020 000	0	9 090 536

29 Bruk av disposisjonsfond	-32 614 546	-46 830 500	-65 794 000	-5 914 684
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-26 202 740	-45 332 456	-65 315 956	913 287
32 Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Stad kommune sin rekneskap fekk eit netto driftsresultat på minus (underskot) kr 26,2 mill, tilsvarende minus -2,1 % av brutto driftsinntekt. Landsgjennomsnittet for kommunane har eit netto driftsresultat på minus -0,2 % for 2024. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort utrekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid for at formuebevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til noko eigenfinansiering av kommunale investeringar.

Brutto driftsresultat (post 16 i tabell) er på minus kr 7,3 mill. Fråtrekt bokførte avskrivningar, som ikkje har resultateffekt i kommunal rekneskap, gir dette eit justert brutto driftsresultat på kr 51,5 mill. Dette er ikkje nok til å dekke kommunen sine netto finansutgifter (post 22 i tabell), og fører dermed til eit netto driftsresultat med betydeleg underskot.

Så lenge kommunen har disposisjonsfond til å dekke inn underskotet i årets drift (netto driftsresultat) blir det ikkje underskot (meirforbruk) framført til inndecking i seinare års budsjett, rad 32 i tabellen ovanfor.

Avviksanalyse

I dette kapittelet vil vi gje kommentar til dei postane i tabellen *Økonomisk oversikt drift* ovanfor som har vesentlege avvik i høve revidert budsjett, jf. kommunelova § 14-7 pkt. b). Nummereringa i postane nedanfor stemmer med tilsvarende nummer på radene i tabellen ovanfor. Det er berre postar med vesentlege avvik som er kommentert.

1 Rammetilskot

Denne posten inneheld både rammetilskotet og inntektsutjamninga. Samla blei disse postane kr 9,0 mill under budsjett. Rammetilskotet blei kr 0,5 mill over budsjett, hovudsakleg på grunn av ei sluttfordeling av skjønsmidlar frå Statsforvaltaren ved årsslutt. Inntektsutjamninga blei kr 9,5 mill lågare enn budsjettet. Dette skuldast lågare skatteinntekt til kommesektoren i 2024 samla sett i høve statsbudsjettet, noko som igjen gir lågare inntektsutjamning for Stad kommune.

2 Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntekta blei kr 9,4 mill over budsjett. Dette kjem av at budsjettendringane i løpet av 2024 med nedjustering på skatt+inntektsutjamning samla på kr 10,0 mill blei lagt på kontoen for skatteinntekta. Det rette hadde vore å plassere denne budsjettendringa på inntektsutjamninga. Men samla er disse to postane om lag som budsjettert, jf. kommentarane under pkt 1 ovanfor.

5 Andre overføringar og tilskot frå staten

Denne inntektsposten er kr 3,8 mill høgare enn budsjett, og kjem hovudsakleg av

- Høgare utbetaling av flyktningtilskot på kr 1,2 mill
- Statleg prosjekttilskot (øyremerkte midlar) til den interkommunale tenesta Samarbeid i Nordfjord (tidlegare Nordfjordrådet) kr 1,6 mill og prosjekttilskot til det interkommunale samarbeidet IKT-Nordfjord kr 1,0 mill. Stad kommune er rekneskapsfører for disse samarbeida.

6 Overføringar og tilskot frå andre

Avviket på denne posten er på kr 100,9 mill og kjem av følgjande hovudpostar:

- kr 42,8 mill er refusjon for sjukeløn og foreldrepengar. Kommunen budsjetterer ikkje med sjukeløn/fråværløn som vert refundert frå NAV
- kr 15,9 mill av dette er øyremerka prosjektmidlar, der kr 10,0 mill er ubrukt pr 31.12 og sett av til bunde driftsfond for bruk i komande år.
- Kr 2,8 mill er refusjon frå stat for teneste til ressurskrevjande brukarar
- kr 5,5 mill er refusjonar frå andre (stat, fylke, kommunar) for teneste som kommunen har ytt til brukarar
- kr 25,5 mill er overføringar frå andre kommunar til bruk i interkommunale samarbeid der Stad kommune er vertskommune. Dette gjeld hovudsakleg NAV Nordfjord, der Stad kommune må føre utgifter som direkte utbetalingar for dei andre kommunar. Dette blir vidarefakturert dei andre deltakarkommunane annakvar månad i løpet av året.
- kr 8,3 mill er meir momsrefusjon enn budsjettert. Her er momsutgifta lenger nede i tabellen tilsvarande høgare, slik at denne har ikkje resultatteffekt.

8 Sals- og leigeinntekter

Avviket på denne posten er på kr 10,1 mill og kjem av følgjande hovudpostar:

- kr 1,0 mill kjem av høgare inntekt frå Hamn farvassavgift
- kr 2,0 mill er høgare husleigeinntekt ved utleige og framleige av bustader hovudsakleg til flyktningar
- kr 3,1 mill er høgare billettinntekter ved Operahuset. Her er det tilsvarande høgare utbetaling til artistar
- resten er fordelt på meirinntekter som er fakturert frå einingane utover det som er budsjettert

10 Løn og 11 sosiale utgifter

Dette er utgifter til vikarar og ekstrahjelp, og må sjåast opp mot refusjonar for sjukeløn som er kommentert ovanfor.

12 Kjøp av varer og tenester

Utgifta her er kr 19,9 mill over budsjett og kjem av følgjande hovudpostar:

- Kr 5,3 mill er kjøp av vikarteneste frå eksterne firma og må sjåast opp mot forbruket på løn og refusjonar frå teneste til ressurskrevjande brukarar
- Kr 5,2 mill er ekstra utgifter til vedlikehald bygg
- Kr 3,2 mill høgare utgift til straum til kommunale bygg
- Kr 4,3 mill er ekstra utgifter knytt til prosjektarbeid, som er dekt inn ved ekstra overføringar som er kommentert ovanfor
- Resterande fordelar seg på mange mindre postar

13 Overføringar og tilskot til andre

Utgifta her er kr 41,8 mill over budsjett og kjem av følgjande hovudpostar:

- Kr 8,3 er meir momsutgift enn budsjettet. Her er momsrefusjonen i post 6 tilsvarande høgare, slik at denne har ikkje resultateffekt
- Kr 28,5 mill gjeld utbetaling av stønad for NAV Nordfjord, refundert frå dei andre medlemskommunane, jf tilsvarande inntekt under post 6
- Kr 2,6 mill er høgare utbetalingar til artistar gjennom Operahuset. Her er billettinntekter også tilsvarande høgare, jf. kommentar under post 8
- Kr 1,3 mill er utbetalingar frå Oklafondet

14 Avskrivingar

Avskrivingane på anleggsmidlar er noko lågare enn budsjettet. Dette har likevel ikkje resultateffekt då dette vert tilbakeført under post 23 lenger nede i tabellen.

19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar

Kommunen har hatt ein del høgare avkastning på eksternt plasserte midlar enn det som ligg til grunn i regulert budsjett. Viser til eigen årsrapport om kommunen si finansforvaltning handsama i kommunestyret 13. mars 2025.

20 Renteutgifter

Kommunen sine renteutgifter på lån blei kr 4,3 mill lågare enn budsjettet. Dette kjem av noko lågare gjennomsnittleg rente på låneporteføljen enn det ein såg føre seg i løpet av året. Dette oppnådde ein ved å gå med deler av porteføljen i korte lån i marknaden kombinert med fastrente.

26 Avsetning til bundne driftsfond

Denne posten inneheld avsetning av statlege øymerka tilskot/prosjektmidlar til bruk i seinare år, i samsvar med retningsliner knytt til midlane. Dette har samanheng med inntektene kommentert under post 6.

27 Bruk av bundne driftsfond

Denne posten inneheld bruk av øymerka tilskot og prosjektmidlar som har blitt avsett tidlegare år, til bruk i prosjekta når utgiftene har påløpt i rekneskapen.

28 Avsetningar til disposisjonsfond

Denne posten er avsetning frå tilbakebetalt forskottering på spelemidlar kr 0,2 mill og tilskot til breibandsutbygging etter ferdigstilt prosjekt kr 0,8 mill. Begge disse postane var finansiert/lånt ved bruk av disposisjonsfond i 2023, og blei i 2024 sett tilbake til disposisjonsfondet.

29 Bruk av disposisjonsfond

- Det var budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr 8,2 mill til diverse driftsprosjekt ut frå kommunestyrevedtak. Disse midlane er brukt.
- Det var også budsjettert med kr 38,7 mill i bruk av disposisjonsfond i 2024 for å balansere kommunen sitt driftsbudsjett. På grunn av vesentlege meirinntekter i høve budsjett, er denne bruken av disposisjonsfondet redusert til kr 24,5 mill. Dette er i samsvar med rekneskapsforskrifta § 4-3.

Avsnittet «Økonomiske vurderingar kring drifta» lenger nede i dette kapittelet inneheld også informasjon og forklaringar knytt til det rekneskapsmessige resultatet.

Resultatutvikling dei siste åra


(Tal i tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Brutto driftsinntekt	850 491	878 430	932 700	989 251	1 063 105	1 154 476	1 239 674
Driftsutgifter inkl. avskrivingar	834 198	874 882	894 120	955 532	1 021 069	1 130 361	1 246 989
Brutto driftsres.	16 293	3 548	38 580	33 719	42 036	24 115	-7 315
Brt. res i % av brt. driftsinntekt	1,92 %	0,40 %	4,14 %	3,41 %	3,95 %	2,09 %	-0,59 %
Renteinntekter, kursvinst, utbyte	3 903	15 604	12 119	13 657	-581	24 789	39 035
Mottekne avdrag på utlån	-	-	-	-	-	-	-
Sum finansinntekter	3 903	15 604	12 119	13 657	-581	24 789	39 035
Renteutgifter, kurstap	21 103	21 236	17 722	13 886	22 816	48 670	63 175
Avdrag på lån	30 072	30 938	39 178	42 630	49 736	55 751	53 561
Utlån	-	16	-	-	-	-	-
Sum finansutgifter	51 175	52 190	56 900	56 516	72 552	104 421	116 736

Årsmelding 2024

Brutto driftsres.	16 293	3 548	38 580	33 719	42 036	24 115	-7 315
Finansinntekter	3 903	15 604	12 119	13 657	-581	24 789	39 035
Finansutgifter	51 175	52 190	56 900	56 516	72 552	104 421	116 736
Motpost avskrivningar	40 222	43 047	46 770	51 549	53 813	56 429	58 813
Netto Driftsres.	9 243	10 009	40 569	42 409	22 716	912	-26 203
Nto. res i % av brt. driftsinntekt	1,09 %	1,14 %	4,35 %	4,29 %	2,14 %	0,08 %	-2,11 %
Bruk av fond	39 922	34 934	39 644	10 736	23 809	14 390	12 688
Avsetning til fond	35 017	19 677	41 089	5 611	10 051	12 127	11 037
Resultat drift (minus er lik underskot)	14 148	25 266	39 124	47 534	36 474	3 175	-24 552

Åra 2018-2019 er summen av tidlegare Selje kommune og tidlegare Eid kommune. Stad kommune har som ein av fleire økonomiske handlingsreglar at *Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028*. Teknisk Beregningsutval (TBU) si anbefaling er eit netto driftsresultat på 1,75 %. Stad kommune var innafor denne anbefalinga i perioden 2020-2022.

Utvikling netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt, inkl. budsjett for 2025:



Netto driftsresultat har gått ned med gjennomsnittleg 2,0 % kvart år sidan 2022. Dersom ein skulle oppnå ei innsparing i 2025 som halverer det negative resultatet i budsjett 2025, så endar rekneskapen

for det året likevel med eit netto driftsresultat på kring minus 4,0 %. Då vil kurva i figuren ovanfor halde fram med same årlege nedgang som har vore sidan 2022.

Nøkkeltal frå rekneskapen

Dette kapittelet vil gje opplysning om utviklinga dei siste åra, både knytt til driftsresultat og økonomiske nøkkeltal, i samsvar med kommunelova § 14-7 pkt a).

BALANSEN

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil vi finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal vurderast. Den inneheld opplysningar om bokførte egedelar, gjeld og egenkapital pr. 31.12.

OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlane er m.a. det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Vidare må det reknast med det som er plassert til aktiv forvaltning og kortsiktige krav. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalt til kommunen.

KORTSIKTIG GJELD

Oppvekstmiljøet skal vere inkluderande og fremje sosial kompetanse, tilhøyring og god helse. Tilpassa opplæring og ein meistringsorientert praksis er med på å fremje barn og unge si psykiske og fysiske helse. Gjennom 2024 er det jobba fram eit overordna oppvekstmål i Stad kommune:

Barn i Stad har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der barn får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til.

Det vert jobba systematisk og langsiktig med strategiar og tiltak for å nå målet. Alle einingane i oppvekst og opplæring vil gjennom dialog med brukarane våre og godt tverrfagleg samarbeid utvikle tenestene sine.

Oppvekst og opplæring arbeider mykje i arbeidsgrupper på tvers av einingane, for å utvikle og sikre felles praksis og forståing i heile kommunen vår. Det er vedteke nye, felles vedtekter for skulefritidsordning i heile kommunen og retningslinjer for overgang mellom barnehage og skule. Vidare arbeid med felles rutinar, planar og prosedyrar pågår. Rutinar knytt til lov vert prioritert, og harmonisering av ulike reglar og prosedyrar mellom einingane er no stort sett på plass. Det er også slik at eigenarten til ulike skular og barnehagar skal takast i vare.

Barnehagane:

Oversikt over tal barn i barnehagane:

Barnehage - kommunale	Tal barn
Leikvang barnhage	57
Selje barnehage	47
Flatraket barnehage	25
Stårheim barnehage	31
Haugen barnehage	12
Gjerdane barnehage	59
Golvsengane barnehage	118
Sum	349

Private barnehagar	
Fjordly	30
Kjølisdalen Montessoribarnhage	33

Årsmelding 2024

Læringsverkstedet Eid barnehage	75
Sum	138

Familiebarnehagar	
Fossebakken familiebarnehage	4
Nøtteliten familiebarnehage	3
Sum	7

Samla tal i barnehagane per 31.12.2024 var på 494 barn.

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimane ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Føresette har tilbod om foreldremøte og to faste foreldresamtaler i året, og ellers i året ved behov. Barnehagane har samarbeidsmøte med t.d. helsestasjonen, PPT og BUP.

[Rammeplanen for barnehagane](#) dannar grunnlaget for innhaldet og oppgåvene til barnehagane.

Nytt av året var at utbygginga av Gjerdane barnehage vart fullført, og ein auka dermed barnehagekapasiteten i Stad kommune.

Grunnskule:

Det overordna målet for dei kommunale grunnskulane i Stad kommune er å følgje opp føringar som er nedfelte i lover, overordna planar og vedtak. Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035 vart vedteken 09.02.2023, der det overordna oppvekstmålet er:

«Barn i Stad har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der barn får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til».

Delmål frå oppvekstplanen knytt direkte til grunnskulen:

- *Barn og unge i Stad kommune har likeverdig opplæringstilbod med god fagleg standard.*
- *Barn og unge i Stad kommune har eit trygt og godt utviklings- og læringsmiljø.*

Nasjonale prøver 2024, grunnskulen i Stad kommune:

	Stad	Vestland	Norge
Engelsk 5. årstrinn	48	50	51
Lesing 5. årstrinn	49	48	49
Rekning 5. årstrinn	51	50	49
Engelsk 8. årstrinn	50	50	50

Årsmelding 2024

Lesing 8. årstrinn	48	48	49
Rekning 8. årstrinn	49	48	48
Lesing 9. årstrinn	54	53	53
Rekning 9. årstrinn	53	52	52

Dei samla læringsresultata for Stad kommune er stort sett gode. På dei nasjonale prøvane ligg vi om lag eller litt over snittet i fylket og i landet. Samla sett kan grunnskulane vere fornøgde med resultata. Der er nokre variasjonar mellom skulane i kommunen, men forholdsvis små variasjonar mellom resultata til gutar og jenter i Stad kommune. Kvar skule har jobba med å analysere og vurdere korleis ein skal arbeide vidare med kvar einskild elev og kvar elevgruppe. Dei nasjonale prøvane berre er ein liten del av det grunnskulen brukar som grunnlag for å tilpasse undervisninga.

Skulane jobbar kontinuerleg for eit trygt og godt læringsmiljø. Skulane innhentar kunnskap om elevane sin trivsel gjennom trivselsundersøkingar, samtaler, observasjonar, m.m. Dei fleste elevane i kommunen melder tilbake at dei trivast i grunnskulen. Det er likevel nokre av elevane som seier at dei vert mobba, og det er vi ikkje tilfredse med. Faktorar som trivsel og i kva grad ein opplever mobbing er svært viktig å overvake nøye.

For ytterlegare informasjon om grunnskulen, syner ein til *“Tilstandsrapport for grunnskulen 2024”*

Barnevernet:

Hovudoppgåver:

- Gjennomføre undersøkingar etter lov om barnevernstenester § 4-3
- Sette i verk hjelpetiltak lov om barnevernstenester § 4-4
- Ta initiativ til omsorgsovertaking etter lov om barnevernstenester § 4-12

I tillegg skal barnevernstenesta gje generelle råd og rettleiing, og ha oppretta ei forsvarleg teneste også utanom kontortid. Barneverntenesta deltek i kommunen sitt generelle førebyggjande arbeid og samarbeider med andre hjelpeinstansar

Barnevernet er inndelt i team og det fungerer godt. Det er viktig for at dei tilsette skal vere trygge på sine arbeidsoppgåver/roller, ansvarsområde, forventningar og sikre gode og ryddige arbeidsprosessar. Vi har jobba vidare med arbeidsmiljøet og får ekstern rettleiing. Alt dette har vore positivt, og vi skal jobbe vidare med det også i 2025.

24400 barnevern: 6,6 stillingar inkludert leiar. Sakshandsaming etter barnevernslova.

25100 tiltak i heimen: 1,5 stillingar - miljøterapeutar som gjev hjelp til familiar i heimen, tilsyn, rettleiing med meir.

25200 tiltak utanfor heimen: fosterheimar, tilsynspersonar, besøksheimar - ulike typar oppdrag, samt andre tiltak for barn som får omsorg utanfor heimen.

Barnevernslova § 1-1 – lovens formål:

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse.

Loven skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Lova gjeld for barn under 18 år, og i visse tilfelle til ungdom fyller 25 år.

Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår og ha tiltak som forebygger at barn og unge utsettest for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Tenestetilbodet skal samordnast, og kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid. Denne planen er innarbeidd i «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035». Dette er i tråd med barnevernsreforma/oppvekstreforma som trådde i kraft i 2022. Hovudmåla i reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, og ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv. Barnevernstenesta deltek i det førebyggjande arbeidet gjennom blant anna tverrfaglege møter med ulike instansar, BTI-møter, anonyme drøftingar, generell råd og rettleiing, samt «Foreldrerettleiing – snakke saman – vere saman» (sjumilssteget).

Barnevernet skal vere ei hjelpeteneste, men lova opnar og for svært inngripande tvangstiltak. Etter å ha mottatt bekymringsmelding eller søknad, og gjennomført undersøking knytt til barnet sin omsorgssituasjon, skal vi vurdere om vilkåra for å yte hjelp etter barnevernslova er til stades, enten det er frivillige tiltak eller tvangstiltak. Eventuelle tvangstiltak skal handsamast og avgjerast i barneverns- og helsenemnda.

Barnevernet har kontor på Stad rådhus, men reiser og møter familiar og samarbeidspartar i heile kommunen.

Utanom kontortid er vi pålagt å ha akuttberedskap for å handtere akutte situasjonar. Stad er vertskommune for felles beredskapsvakt med Gloppen og Stryn kommunar.

Nokre tal per 31.12.2024

- 29 barn får hjelpetiltak i heimen
- 20 barn har omsorgstiltak utanfor heimen
- 3 ungdomar har ettervernstiltak
- 24 barn bur i fosterheim i Stad kommune
- vi har mottatt 174 bekymringsmeldingar, herav er 14 henlagde
- 82 av 91 nye undersøkingar vart gjennomført i løpet av tre månader

Opplæring og integrering:

Stad kommune tok imot 45 nye flyktningar i 2024, noko som er i samsvar med kommunestyrevedtaket. Opplæring og integrering er samansett av vaksenopplæringa og integreringstenesta. Eininga har ansvaret for å ta imot, busette, lære opp, sysselsette og integrere flyktningar i samfunnslivet. Vi gir norskopplæring til flyktningar og andre framandspråklege i Selje, på VGS og på LA-bygget på Langeland. Miljøteamet følgjer opp busette flyktningar ifht alt det praktiske i livet, medan programrådgjevarane kartlegg og gjer sakshandsaming om deltakarar i introduksjonsprogrammet. Eininga har tett samarbeid med andre kommunale einingar og bedrifter. Administrasjonen held til i LA-bygget på Langeland, Nordfjordeid.

BTI - betre tverrfagleg innsats i Stad kommune

Med bakgrunn i lovfesta plikt til å samarbeide tverrfagleg for heilskapleg og samordna tenestetilbod – og vedtak om tidleg innsats, bestemte Stad kommune seg for å utarbeide og implementere BTI-modellen. Dette arbeidet er godt i gang, det har blitt jobba strukturert og målretta. Alle einingane i helse og oppvekst har fått opplæring i bruken av handlingsrettleiaren. Nye malar, verktøy og tiltak er gjort kjende for alle tilsette, og arbeidet med implementering ute på einingane er godt i gang. Målet er at alle barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Årsverk

	Årsverk opprinneleg budsjett 2024				Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Leikvang barnehage	10,72	1,93	1,80	14,45	7,43	6,00	0,75	14,18
Selje barnehage	12,78	0,00	0,23	13,01	9,93	3,81	0,00	13,74
Flatraket barnehage	8,50	0,00	0,00	8,50	7,60	1,97	0,05	9,62
Stårheim barnehage	7,50	0,00	2,80	10,30	9,33	0,43	0,71	10,47
Golvsengane barnehage	35,80	2,00	2,54	40,34	30,79	1,01	3,36	35,16
Gjerdane barnehage	18,26	0,00	0,80	19,06	16,50	0,88	0,38	17,76
Stadlandet skule	18,16	0,00	1,00	19,16	16,56	0,20	0,00	16,76
Selje skule	21,99	1,40	0,00	23,39	18,22	2,45	0,00	20,67
Flatraket skule	7,19	1,50	0,00	8,69	7,61	1,46	0,00	9,07
Stårheim skule	7,49	0,71	0,00	8,20	8,12	0,72	0,00	8,84
Haugen skule og barnehage	13,98	0,00	1,50	15,48	12,66	2,86	0,05	15,57
Nordfjordeid skule	45,49	0,00	0,00	45,49	46,86	5,41	1,22	53,49
Hjelle skule	11,92	0,00	0,43	12,35	11,92	0,86	0,00	12,78
Eid ungdomsskule	35,88	0,00	0,00	35,88	35,65	5,56	2,02	43,23
Barnevern	7,50	0,00	0,00	7,50	7,66	0,00	0,19	7,85
Opplæring og integrering	18,62	3,00	0,00	21,62	17,91	3,17	0,00	21,08
Total	281,78	10,54	11,10	303,42	264,75	36,79	8,73	310,27

Årsverk (tekst)

Hausten 2024 auka grunnskulane bemanninga noko. Dette skuldast at vi har fått elevar som krev ekstra ressursar, det gjeld både psykososiale utfordringar, samansette lærevanskar og grunnskuleelevar med flyktningbakgrunn.

Regjeringa har innført gratis kjernetid i SFO for 3. klasse frå og med hausten 2024. Dette har ført til at tal barn på sfo har auka i frå 223 til 251 i høve sama tidsrom i fjor. Denne auken har ført til ei bemanningsauke ved fleire av barneskulane i Stad kommune.

Utfordringar

Felles utfordring for alle einingane i oppvekst og opplæring er arbeidet med å skaffe kvalifiserte vikarar og vikarar generelt. Leiarnivået brukar mykje ressursar på å sy saman kvardagen, og mykje leiingsressurs vert også brukt i direkte undervisning/ arbeid på avdeling fordi ein faktisk ikkje får tak i vikar. Arbeidsbelastninga for våre tilsette er rapportert som stor. Tidleg innsats og tett oppfølging av enkeltbarn vert særleg krevjande når grunnbemanninga er låg.

Etterslep på vedlikehald av bygg og anlegg er ei utfordring for fleire av einingane. Gymsalar med garderober treng renoverast. Personal-toalett, kjøkkenavdeling, vindauge og dører er døme på noko av manglane som treng utbetrast. Fleire av uteområda står også klare for oppgradering. Samtidig opplever einingane at driftsavdelinga er raske til å utbetre små feil og manglar, og dette vert opplevd som svært positivt blant dei tilsette.

Barnehagane i Stad kommune har fellesopptak av barn i mars, men ein kan søkje barnehageplass heile året. Det er ei utfordring å kunne gje barnehageplassar gjennom året, der krav til auka areal og bemanning i barnehagane følgjer med.

Einingane i Opplæring og integrering er prega av eit mangfald av ulike kulturar, livsstilar og verdier. Dette er ein naturleg del av eit moderne samfunn, og utfordrar oss i høve det å skape fellesskap. Informasjon og opplæring skal tilpassast kvart enkelt barn og kvar familie. Stad kommune har teke imot mange flyktningar, og opplæring og integrering har koordinert og følgd opp dei flyktningane som har kome. Einingane våre utviklar stadig samarbeid på tvers av kommunalområda for å imøtekomme behova.

Den digitale verda gir mange moglegheiter, men kan samtidig vere utfordrande for elevane. Skulane ser at det er krevjande for elevane å ta gode nok val gjennom sosiale media, og konsekvensen av dette pregar ofte skulekvardagen. Skulen har eit ansvar saman med føresette på å sikre godt nettvett slik at elevane greier å ta gode val for seg sjølv og andre. Digital spelig - gaming er ein viktig del av fritida til mange unge i Stad kommune. Det sosiale fellesskapet og læringa ungdommen her oppnår gjennom eigenaktivisering, er uvurderlig. Kommunen skal vere med på å vidareutvikle dette i samarbeid med ungdommen.

Spesielle tilhøve

Alle einingane innan barnehage og grunnskule har låg grunnbemanning, og vi har fått fleire barn og unge som krev særskilde tiltak. Nokre av desse barna har behov for tilsette med spesialkompetanse, og denne kompetansen og stillingsheimelar ligg ikkje inne i grunnbemanninga til einingane. Hausten 2024 auka grunnskulane bemanninga noko. Dette skuldast at vi har fått elevar som krev ekstra ressursar, det gjeld både psykososiale utfordringar, samansette læreavanskar og grunnskuleelevar med flyktningbakgrunn.

Regjeringa har innført gratis kjernetid i SFO for 3. klasse frå og med hausten 2024. Dette har ført til at tal barn på sfo har auka i frå 223 til 251 i høve sama tidsrom i fjor. Denne auken har ført til ei bemanningsauke ved fleire av barneskulane i Stad kommune.

Avvik

Årsmelding 2024

Tal avvik meldt pr. måned	Totalt	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Oppvekst og opplæring	248	34	23	18	28	20	12	8	14	29	15	30	17

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla tal avvik i perioden. Årsaka til dette er at det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Avvik fordelt på kategori	Tal avvik
Helse Miljø og Tryggleik	112
Organisasjon/internt	65
Personvern / Informasjonssikkerheit GDPR	13
Teneste - tenestemottakar	81
Ytre miljø	7
Totalt	278

Einingane er blitt flinkare til å dokumentere avvik i internkontrollsystemet Compilo, men vi har likevel ein veg å gå for å få ei lik forståing kva avvik er og korleis dei skal handterast. Dette blir det jobba med i sektoren, både i leiarmøte og ute på einingane. Målet er at alle einingane skal få på plass ein god meldekultur, og at vi aktivt brukar avviksmeldingane i eit førebyggjande perspektiv.

Varsling

Ingen varslingsaker.

Klagesaker

Vi har hatt klagesaker innan både barnehage- og skulemiljøet. Sakene har blitt løyst på ute einingane. Sakene kan av og til vere kompliserte og utfordrande å løyse.

Opplæring og integrering har to klagesaker som gjekk til Statsforvaltaren.

Tilsyn

Fire av einingane i Oppvekst fekk melding om tilsyn frå Arbeidstilsynet i desember 2024, med tema vald og truslar og muskel- og skjelettplager. Dokumenta er sendt inn, men endeleg rapport er ikkje klar.

Mål og oppdrag

Oppdragsbrev

Beløp i 1000

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Aldersvenleg og inkluderande samfunn	Iht. plan	Einingane i oppvekst og opplæring arbeider for eit aldersvenleg og inkluderande samfunn gjennom ulike faste aktivitetar, der skulane og barnehagane er møteplassar for alle aldersgrupper - i samarbeid med ulike bygdelag. Vi kan nemne Selje barnehage særskilt, fordi dei er ein «Livsgledebarnehage». Det betyr at barna og dei tilsette jobbar systematisk for at eldre skal ha ein god og meningsfull kvardag. Ein livsglede-barnehage er med på å skape glade og meningsfulle dagar for eldre i sitt nærmiljø. Dette gjer Selje barnehage ved jamleg å ta turen på besøk til dei eldre på Seljetunet. Her gjer barn og vaksne felles aktivitetar saman, og får oppleve at dei er meningsfulle og til glede for kvarandre.

Datategyggleik og digitalisering	Iht. plan	• Oppvekst og opplæring skal jobbe jamleg med KS sin informasjonskampanje om personvern og informasjonstryggleik. • Alle barnehagane skal i løpet av hausten ta i bruk tidsregistreringssystemet RS, noko som vil føre til ei utvikling i høve arbeidstidsregistrering. • Vigilo, WebSak og Teams får utvida bruk ved at fleire funksjonar gradvis vert tekne i bruk. • Barnevernet er tett på prosess med å skaffe nytt fagprogram, og opplæring og integrering har betra
----------------------------------	-----------	---

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		rutine kring journalføring i Visma Flyktning.
Godt leiarskap og medarbeidarskap	Iht. plan	Det vert jobba kontinuerleg i einingane i oppvekst og opplæring knytt til godt leiarskap og medarbeidarskap. Dette skjer gjennom involvering av dei tilsette, samtaler og tilrettelegging. Einingane har ulike fokus, som t.d. sosiale tiltak, kurs og etterutdanning, rolleavklaring, programmet "Ein bra dag på jobb". Stårheim barnehage kan vere eit godt døme med sitt endrings - og utviklingsarbeid for: 1. "Fleksible leikemiljø" (STYD Kompetansesenter) Grunn til dette er å gjere leiken meir inkluderande, kreativ og meningsfull for alle barna. Dei vaksne må arbeide med eigne - og felles haldningar til si rolle i leiken og relasjonen saman med barna. Fleksible leikemiljø stimulerer til god språkutvikling og sosial kompetanse. 2. "Dokumentasjon av observasjon". Her skal tilsette bli flinkare til å setje av tid til å gjere observasjonsarbeid og evaluere dette saman med kollegaer. Saman friskar vi opp observasjonsmetodar og bruk av observasjonsskjema. Det er gjort om på personalmøter og avdelingsmøter for å rydde plass til refleksjon rundt observasjon og dokumentering av desse.
Klima og miljø	Iht. plan	Dei neste områda i kommunen som skal miljøsertifiserast som fyrstårn er oppvekst og opplæring. Mange av einingane gjer alt eit godt arbeid knytt til klima og miljø, t.d. ved sortering av avfall, opplæring av barn og unge knytt til det å ta vare på nærmiljøet og naturen, energisparing, gjenbruk. Barnevern og opplæring og integrering er lokaliserte i hovudkontoret Stad rådhus/ kommunehus, og er derfor komne godt i gang.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Kompetanse og rekruttering	Iht. plan	Oppvekstsektoren har også i skuleåret 2024/25 lærarar som tek viderutdanning, der Utdanningsdirektoratet gjev økonomisk støtte. Einingane skal ha utarbeida kompetanseplan, og det vert jobba med å vidareutdanne og rekruttere i tråd med plan. Framsnakk av eige yrke og arbeidsplass vert lyssett, og vi strekkjer oss for å kunne tilby praksisplassar for studentar og elevar i einingane våre.
Livskraftige, trygge og attraktive lokalsamfunn	Iht. plan	Stad kommune har løpande opptak i barnehagane gjennom heile året, og strekker oss langt for å ta inn dei barna som søker plass. Dette for at Stad kommune skal vere meir attraktiv å flytte til. Tilflyttarar som har fått jobb er avhengige av barnehageplass for å kunne ta steget og flytte hit. Utbygginga av Gjerdane barnehage gjer dette også mulig i framtida. Trygge og gode dagar for både barn, elevar og foreldre i barnehage og skule er også viktig. Her jobbar einingane systematisk med kompetansepakkane til udir knytt til godt skule- og barnehagemiljø. Handlingsplan for overgang mellom barnehage og skule er utarbeida, og skal vere gjort kjent for tilsette og føresette. Samskaping mellom einingane og lokalsamfunna er med på å utvikle nærmiljøa våre, og vi evaluerer tenestene gjennom brukarundersøkingar, kartleggingsprøver, nasjonale prøver, elevundersøkinga, utviklingsamtale m.m.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Samskaping og tverrfagleg samarbeid lht. plan		Alle nye sakar som omhandlar elevar/ barn det er knytt ei bekymring til, skal vi jobbe med etter BTI-modellen. Alle einingane er i gang med dette. Sjumilssteget - system for foreldrerettleiing, er tema på foreldremøte i skule og barnehage haust/ vår. Einingane i oppvekst samarbeider med fleire andre instansar og med nærmiljøet. Gjerdane barnehage har m.a. samarbeid med Hogatunet, der dei knyter band mellom barn og eldre - spre glede i kvardagen til bebuarane der. Dette er og svært verdifulle opplevingar for barna i barnehagen.
Tenesteutvikling	lht. plan	Det er sett ned arbeidsgrupper som skal utarbeide plan for overgang mellom barneskule og ungdomsskule - og språkplan. Ny opplæringslov vil vere eit sentralt tema særleg for skulane i haust. Opplæring og integrering jobbar jamnt med utvikling av rutiner i eininga. Dei neste to månadene er det opplæring i Visma Flyktning for alle tilsette i opplæring og integrering, så ein sikrar rett lagring av personopplysningar.

Helse og omsorg

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Forbruk i %
300-Helse og omsorg - administrasjon	116	1 021	11,3 %
301-Helse	41 831	47 187	88,6 %
311-Heimetenesta	72 225	71 594	100,9 %
315-Bu- og miljøtenesta	120 769	113 805	106,1 %
321-Seljetunet omsorg og rehabilitering	40 442	41 400	97,7 %
322-Hogatunet bu- og behandlingssenter	49 571	49 017	101,1 %
330-Interkommunale helsetenester	0	0	0,0 %
340-Arbeid og velferd - NAV	14 734	15 871	92,8 %
341-NAV Stryn kommune	0	0	0,0 %

Ansvar	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Forbruk i %
342-NAV Gloppen kommune	0	0	0,0 %
343-NAV Bremanger kommune	0	0	0,0 %
Sum	339 688	339 895	99,9 %

Kommentar til status økonomi

Samla økonomisk vurdering:

Kommunalområdet held seg på budsjett, med eit rekneskap på 99,9%. Det samla innsparingskravet har vore på kr 13,4 mill og kommunalområdet har klart innsparingskravet. Beløpet har vore fordelt på utvalde avdelingar.

Forbruk løn:

Helse og omsorg har eit overforbruk på løn med eit totalt forbruk på 102,5%. Det har vore utfordrande med for lite sjukepleiarkompetanse i enkelte avdelingar, og det har vore behov for å fristille sjukepleiarane for å klare å gjennomføre sjukepleiefaglege oppgåver og halde ei forsvarleg drift. Institusjonane har hatt høgt belegg, noko som har ført til behov for ekstra personell i periodar, samt fråvær i dei fleste turnus avdelingane har ført til meir bruk av overtid enn budsjettert.

Utgifter og inntekter:

Helse og omsorg har både høgare utgifter og høgare inntekter enn budsjettert.

Hovudårsaka til høgare utgifter er bruk av vikarbyrå i institusjon og Bu og miljøtenesta. Det er store utfordringar knytt til rekruttering, då spesielt innan faggruppene sjukepleiarar, vernepleiarar og legevikarar. Auka bruk av velferdsteknologi har gjeve høgare kostnader på driftsbudsjett enn budsjettert, men redusert behovet for auka bemanning på dag, kveld og natt. NAV har eit meirforbruk knytt til økonomisk sosialhjelp enn det som ligg i budsjett. Institusjonane melder om auka prisar på matvarer, medikament og inventar/utstyr.

Hovudårsaka til høgare inntekter enn budsjettert:

- bruk av vikarar med lågare kompetanse/timelønn
- meirinntekter knytt til refusjon av sjukepengar
- fleire prosjekt med eksterne prosjektmidlar som ikkje er rekneskapsført før på slutten av året
- eksterne kompetansemidlar
- høgare refusjonar til ressurskrevjande tenester
- høgare inntekter på brukarbetaling
- mindreforbruk på interkommunal legevakt gjev lågare utgifter for kommunen
- høgare inntekter i NAV Nordfjord enn budsjettert

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	378 135	413 649	-35 514

Årsmelding 2024



	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Refusjon lønn	0	-26 454	26 454
Sum Lønn	378 135	387 195	-9 060
Drift	32 371	36 640	-4 269
Kjøp av produksjon	52 337	52 084	253
Overføringer	11 448	28 494	-17 046
Finansutgifter	15	2 000	-1 985
Sum Utgifter	96 171	119 217	-23 047
Brukerbetaling	-24 719	-29 179	4 461
Refusjoner	-108 767	-134 878	26 111
Overføringer	-2	-218	216
Finansinntekter	-923	-2 449	1 525
Sum Inntekter	-134 411	-166 724	32 314
Netto resultat	339 895	339 688	207

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Forklaring til KOSTRA-nøkkeltal

KOSTRA står for Kommune-stat-rapportering og gjer styringsinformasjon om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Du kan lese meir om KOSTRA på nettsidene til Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>.

Kommune-gruppering: Kommunane er gruppert langs tre ulike dimensjonar: Folkemengd, bundne kostnader og frie disponible inntekter per innbyggjar. Stad kommune er plassert i KOSTRA-gruppe 2. Dette er kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter per innbyggjar.

Vi har plukka ut kommunar som kan vere naturleg å samanlikne oss med. Det er Stryn, Sunnfjord og Volda kommunar. Stryn kommune er nabokommune til Stad kommune. Sunnfjord og Volda er begge samanslåtte kommunar slik som Stad.

Årsmelding 2024

Det er mange ulike KOSTRA-nøkkeltal å velje mellom. Vi har valt ut ulike nøkkeltal for dei ulike kommunalområda.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stad 2023	Stad 2024	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet							
Andel beboere i bolig m/ fast tilknyttet bemanning hele døgnet som er 80 år og over (prosent)	36,8 %	40,0 %	58,9 %	63,5 %	48,4 %	45,6 %	32,0 %
Diagnose, behandling, re-/habilitering brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,8 %	3,3 %	4,0 %	3,6 %	4,1 %	5,0 %	4,0 %
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	0,8 %	0,7 %	0,9 %	1,3 %	1,1 %	1,0 %	1,2 %
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	36,6 %	34,8 %	35,0 %	34,0 %	33,3 %	34,9 %	34,1 %
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	44 149	45 982	39 827	43 518	40 314	47 312	38 035
Helse- og omsorgstjenester i institusjon brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	8,8 %	9,0 %	10,9 %	9,0 %	7,7 %	10,6 %	10,4 %
Helse- og omsorgstjenester i institusjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	10 600	11 881	12 443	11 486	9 339	14 337	11 640
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (254) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende (B)	22 822						
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	3 188	3 219	3 607	4 502	3 791	4 389	4 152
Produktivitet							
I alt Helsetenester i heimen Brukarar av pleie- og omsorgstenester	474	477	510	762	1 312		
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 413 607	1 495 955	1 668 387	1 341 490	1 414 500	1 594 628	1 653 091
Dekningsgrad							
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	9,8 %	10,4 %	9,2 %	10,1 %	9,3 %	8,7 %	9,3 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	2,50 %	6,74 %	9,24 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,42 %	8,94 %	11,36 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,69 %	6,99 %	9,67 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,20 %	7,33 %	9,52 %
Årleg sjukefråvær 2024	3,17 %	7,38 %	10,55 %

Om verksemda

Om verksemda

Kommunalområdet Helse og omsorg har ansvar for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette gjeld alle pasient- og brukargrupper, her under personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.

Kommunalområdet er organisert med 6 einingar og omfattar kommunale helse -og omsorgstenester som helsestasjon, legetenester, frisklivskoordinator, fysio- og ergoterapi, dagaktivitetstilbod, heimetenester, barneavlasting, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, psykisk helse- og rus tenester, NAV, habilitering- og rehabiliteringstenester, institusjonstenester og interkommunalt helsetenester.

Kommunen skal legge til rette for god helse gjennom å førebygge og behandle sjukdom og sikre likeverdige moglegheiter for helsefremjande aktivitet. Det er ei viktig målsetting at flest mogleg kan bu i eigen heim lengst mogleg. Ein føresetnad for å få dette til er at både dei tilsette og innbyggjarane i Stad kommune har haldningar og ein kultur for å fremje eigenomsorg, meistring og brukarmedverknad. Kommunen skal leggje vekt på at tenestene er nære og tilgjengelege, samt nytte mogelegheita og ressursane som finst i nærmiljøet og i sosiale nettverk.

Tenesteutvikling skjer kontinuerleg. Vi endrar arbeidsmetodane våre dersom det er formålstenleg, og gjer prioriteringar av ressursbruken på alle tenesteområda. Fleire tiltak har gått på tvers av avdelingane, som t.d. kompetanseheving innan velferdsteknologi, leiarutdanning for totalt 19 leiarar, felles leiarsamlingar med mål om felles forståing, læring, relasjonsbygging og erfaringsutveksling. I 2024 vart det starta opp eit forarbeid knytt til ei større satsing på etisk refleksjon i tenesteytinga, som skal implementerast i alle avdelingane i 2025. Kommunalområdet har også jobba med bemanning- og kompetanseplanar i avdelingane. Det er fleire tilsette i utdanningsløp både for å bli sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar, i tillegg til fleire som tek vidareutdanning innan psykisk helse og rus og andre relevante utdanningsløp.

Helse og omsorg sine einingar og prioriteringar i 2024:

Helseavdelinga

Tenesta er organisert med ein einingsleiar og fire avdelingsleiarar som har ansvar for kommunal fysio- og ergoterapi teneste, privatpraktiserande fysioterapeutane med driftstilskot frå kommunen, Frisklivssentralen, Jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom, legeteneste med legevakt på dagtid, primærhelseteam, digital psykologteneste, stilling innan velferdsteknologi og koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdomar.

Miljøretta helsevern låg til helsesjukepleiar i 2024, men skal flyttast i 2025.

Helsestasjon har implementert «Stine Sofie» foreldrepakke, testa ut “pappagrupper” på Nordfjordeid og barselgruppe i Selje. Det har vore gjennomført fleire foreldrerettleiingskurs innan Cos-p2 (rettleiingsprogram for alle foreldre med barn i alderen 4 månader til 6 år), ICDP kurs (rettleiing av foreldre/ føresette og andre omsorgsytarar som jobbar med barn i alderen 0-18 år) både for nordmenn og for ukrainske flyktningar. Fire tilsette har vore på opplæring i ICDP ungdom, og det er starta opp eit eige prosjekt knytt til individuell rettleiing. Eininga har BTI koordinator (Betre Tverrfagleg Innsats) som har ansvar for å implementere og følgje opp av satsinga saman med BTI koordinator oppvekst. Det har

vore gjennomført 6 samlingar i BTI-teamet og det har blitt utarbeidd video for politikarar, innbyggjarar og organisasjonen.

Legekontoret i Selje har 3 legar og 4 helsepersonell fordelt på 300% stilling. Året har vore prega av sjukefråvær blant legane og det har vore 4 ulike legevikarar innom i løpet av året. Ein lege har sagt opp og ny fastlege er tilsett med oppstart i januar 2025. Legekontoret gjennomfører influensa og koronavaksine ved Selje skule og har eit godt samarbeid med Selje sanitetsforeining dei to dagane med massevaksining. I det nye helsesenteret er der skiftestover som blir brukt til sårskift, akutte skader og småkirurgi. Helsepersonellet ved legekontoret er lett tilgjengeleg for publikum og til støtte for andre samarbeidspartar som Seljetunet og heimetenesta. Selje legekontor har ei stabil bemanning med helsepersonell og arbeidet flyt godt ved kontoret.

Legekontoret på Nordfjordeid er ein stor arbeidsplass med 10 legar og 9 helsepersonell. I løpet av året 2024 har 3 legar sagt opp stillingane sine. Det har ikkje lukkast å rekruttere legar til heimlane og det er behov for å nytte vikarar framover for å sikre drifta. To av legane ved kontoret blei ferdig med spesialistutdanning i allmennmedisin i 2024. Den eine slutta ved årsskiftet. Kontoret har hatt fire ALIS legar (allmennlegar i spesialisering) i året som har gått. Kontoret har gjennomført fleire kursbolkar som t.d. sårkurs, temakveld om hjertesvikt, kurs «vald og trugslar» i tillegg til andre fagmøte gjennom året.

Vaksinering av influensa og Korona har vore gjennomført i Idrettshallen på Nordfjordeid saman med personell frå Helsestasjonen. I tillegg har det vore mykje vaksinering mot kikhoste, lungebetennelse. Totalt har det vore sett 4029 vaksiner ved Stad legeteneste i 2024.

Legetenesta sitt primærhelseteam (PHT) har ansvar for oppfølging av pasientar via digital heimeoppfølging og har i samband med dette gjennomført arbeidsverkstadar og fellesmøte med andre avdelingar i organisasjonen. Det har vore stor aktivitet i primærhelseteamet i året som har gått og tilbodet har blitt vidareutvikla og sett meir i system knytt til diabetespasientar. Dette kjem i tillegg til andre pasientgrupper PHT har oppfølgingsansvar for. Pasientane er fornøgde med tilbodet og legane ser på dette som ei god avlastning og og moglegheit til å gje denne pasientgruppa eit betre tilbod.

Koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdomar starta i 50% stilling 01.09.2024. Det har vore stor etterspurnad om oppfølging frå pasientar, i tillegg til at det har vore jobba mykje med internkontrollsystemet og oppdatering av prosedyrar. Frå november vart stillinga plassert ved legekontoret på Nordfjordeid og opna for mottak av pasientar. Koordinator har også faste dagar ved Selje legekontor. Totalt 16 pasientar har hatt oppfølging / kontakt med koordinator i 2024. Sakshandsamarteam, fysio/ergo, heimetenesta og pasient/pårørande har tatt kontakt med kreftkoordinator som har vore på mange heimebesøk. Oppfølging av pårørande er ein viktig del av arbeidet. Det har vore fleste kreftpasientar, men òg pasientar med andre diagnosar. Kommunen har i tillegg til koordinator, fleire ressursjukepleiarar innan kreftomsorg ute i tenestene som også følgjer opp heimebuande tenestemottakarar etter behov. Pasientar kan ta direkte kontakt med (kreft)koordinator eller sjukehuset tek kontakt på pasienten sine vegne. Nødvendig hjelp frå andre instansar blir kopla på, men i nokre tilfelle er det berre rettleiing og støttesamtaler med koordinator som trengst.

Fysio og ergoterapitenesta består både av kommunalt tilsette fysio/ergoterapeutar og private fysioterapeutar med driftstilskot frå kommunen.

Dei privatpraktiserande fysioterapeutane med driftstilskot har særleg fokus på behandling av muske og skjelettlidingar, belastning og slitasjelidingar, og opptrening etter operasjonar og skader. Dei tilbyr også ulike former for gruppetrening.

- Nordfjordklinikken melder om jamt over god pågang og fulle lister, og dei prøvar å unngå ventelister så langt det let seg gjere. Det har vore ei auke i flyktningar med behov for tolk, noko som naturlegvis kan skape utfordringar med kommunikasjon. Klinikken har hatt ei auke i tal pasientar frå 2023 på 206 personar.
- Instituttet på Hamna melder om ventelister på nokre månader gjennom heile 2024, men har stort sett klart å ta inn akuttpasientar. Totalt 104 nye undersøkingar i året som har gått. Det er samansette problemstillingar som igjen gjev langvarige og ressurskrevjande behandlingsforløp.
- Instituttet i Selje melder om variasjon i ventetid gjennom året, frå 1-2 månader i oktober, til ingen ventelister i desember. Fleire langtidsbehandlingar som slag og MS, samt fleire kroniske pasientar som får oppfølging. Desse gjev tilbakemelding om at behandlinga er eit viktig tiltak for god livskvalitet og å kunne halde seg i arbeid.

Den kommunale fysio- og ergoterapitenesta sine kjerneoppgåver er kurativ behandling av muskel og skjelettlidingar, habilitering/rehabilitering uavhengig av alder, buform, funksjonsnivå, formidling av tekniske hjelpemiddel og tverrfagleg samarbeid. Tenesta jobbar mykje med demenskartlegging og har ansvar for kommunen sitt hukommelsesteam. Gjennom 2024 har det vore fleire tilsette i permisjon og det har vore inne vikarar i stillingane.

Tenesta har i 2024 fått på plass direkterapportering til Helfo gjennom fagprogrammet Visma profil, noko som er viktig for kommunen sin moglegheit til å krevje refusjonar. Eigedom har i 2024 tilsett driftsteknikkar som skal avlaste fysio/ergoterapitenesta i høve til reparasjonar, bestilling av deler, utlevering, utpakking og tilbakesending av varer frå Hjelpemiddelsentralen. Hjelpemiddel er avgjerande viktig for at personar med stor fysisk eller kognitiv funksjonsnedsetjing kan bu i eigen heim eller vere mobile på institusjon. Vi har jobba systematisk over tid for å bygge kompetanse om formidling av hjelpemiddel hos flest mogleg yrkesgrupper og arbeidsplassar i kommunen. Dette gjer at systemet ikkje er så sårbart, pasientar får hjelpemiddel raskare. Dei som jobbar nærmast brukaren vil ofte sjå behovet best. Det er difor viktig at det er kompetanse på hjelpemiddel ute i tenestene. Kompliserte, samansette og svært arbeidskrevjande saker (bil, hus ombygging, heis, elektrisk rullestol ,m.m.) er det fysio- og ergoterapitenesta som tek. Det har vore ei jamn auke i NAV hjelpemiddelformidling dei siste åra, samt ei auke i nye brukarar som treng hjelpemiddel frå NAV. I 2022 var det 99 nye brukarar, i 2023 var det 119 og i 2024 var det 141 nye brukarar. Dette heng tett saman med den demografiske endringa vi ser i tenestene. Tenesta i Selje har ikkje tenestebil til transport av hjelpemiddel. Pr 2024 brukar tenesta ein administrasjonsbil, men bilen har ikkje plass til fleire av dei hjelpemidla som skal fraktast. Tilsette fraktar difor utstyr i eigen bil, men dette kan ikkje halde fram, då omfanget av hjelpemiddelformidlinga aukar.

Eit samarbeid mellom ergo/fysio og Bu og miljøtenesta har engasjert ein person til å ta arbeidet med vasking av korttids-hjelpemiddel på Nordfjordeid. Dette har fungert godt, og avlasta tenesta mykje. Det blir jobba for at også Selje kan få til ei slik ordning. Der er det fysio- og ergoterapitenesta som tek størstedel av vaskejobben.

Frisklivssentralen har gjennomført kvardagsgledekurs både på Eid og i Selje. Dette har vore nyttige kurs med gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Det har også vore gjennomført treningsgrupper og det er oppretta felles Facebook-gruppe for Nordfjordeid og Selje. Tenesta jobbar kontinuerleg for å få til tilbod både i ytre og indre del av Stad kommune.

"Morgenfrisk" på Hamna har blitt ein suksess med bra oppmøte. Det har vore mellom 15-18 deltakarar kvar gong. 8 av desse har ikkje hatt medlemskap på Hamna, men kjem spesifikt for «morgenfrisk» - timen. Tenesta har tilgang på tre årskort gjennom avtalen med Hamna. Dette har vore eit viktig tiltak og noko som har skapt moglegheiter for folk til å få prøve seg i trening og har skapt treningsglede. Fleire har ønskt å halde fram med å betale og prioritere abonnement privat etter 12 veke, når dei ser viktigheita av fysisk aktivitet. På eigentrening med rettleiing er snittet to til tre deltakarar kvar gong.

Velferdsteknologi satsinga i Stad er ei viktig prioritering for å møte utfordringane knytt til demografi og rekrutteringsutfordringar. I tillegg gjev teknologi i større grad moglegheiter til å leve eit sjølvstendig liv for dei innbyggjarane som treng tenester frå kommunen. Prioriteringane i 2024 har vore å oppretthalde drifta av digital heimeoppfølging, kompetansehevande tiltak gjennom velferdsteknologiens ABC (40 var ferdige våren 2024 og 35 starta hausten 2024). I tillegg har det vore ei stor satsing på ny teknologi med innkjøp av SOMNOFY i institusjon, bufellesskap og til enkelte heimebuande. Totalt 50 somnofy`ar er teke i bruk. Somnofy kartlegg søvnfasar, hjartefrekvens, pustemønster og røyrslle medan ein søv og ligg i seng. Kommunane Stad og Luster samarbeidar om satsinga og FHI (Folkehelseinstituttet) følg implementeringa gjennom følgjeforskning og minimetodevurdering. Det er også auka bruk av digitale tilsyn ved hjelp av sensorar, lokaliseringsteknologi og det er teke i bruk tryggleiksalarmar med mobil tryggleiksalarm. Det er jobba mykje med å etablere gode rammer for integrasjon mellom pasientjournal og Net Nordic som tek imot alarmer frå dei ulike teknologiane. Prosjektleiing for velferdsteknologi har delteke på IT forum Vest, samt halde innlegg på Jenter i Teck dagen som vart gjennomført på Eid Vidaregåande skule.

Hukommelsesteamet har i 2024 hatt totalt 40 brukarar med jamleg oppfølging. I dette ligg rekartleggingar etter 6/12 månader, samtale med pårørande, brukarar og kartlegging av behov. Det vart gjennomført pårørandeskule for demens i perioden september-oktober 2024.

Det er totalt tilvist 52 nye brukarar i 2024 og desse fordelar seg slik:

- frå fastlege: 24
- frå interne tenester: 12
- frå pårørande: 8
- frå eldremedisinsk poliklinikk: 8

Fleire tilsette frå dei ulike avdelingane har delteke i prosjektgruppe knytt til læringsnettverk for heimebuande personar med demens og deira pårørande, og det er utarbeida ein sluttrapport. Det er også utarbeida ein video som skal gje politikarar, innbyggjarar og tilsette kunnskap om arbeidet og synleggjere Stad kommune sitt behov for prioriteringar for å ivareta tenestemottakarane med demens diagnose og deira pårørande på ein best mogleg måte. Satsing på gode rammer for demensoppfølging er ei viktig prioritering for at innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg heime, samt at pårørande får den støtta dei treng for å kunne stå i ein krevjande kvardag i pårøranderolla.

Heimetenesta

Heimetenesta er organisert med ein einingsleiing, ein assisterande einingsleiing og tre avdelingsleiing. Totalt har eininga ca 450 tenestemottakarar, som tek i mot tenester i varierende grad. . Tenesta har sidan april 2024 vore fordelt på to geografiske områder, Nordfjordeid og Selje/ Stadlandet. Dette etter at avdeling Bryggja vart avslutta same månad. Heimetenesta yter tenester som helsetenester i heimen, personretta praktisk bistand, praktisk bistand, velferdsteknologi (tryggleiksalarm, døralarm, medisindispenser/medisineringssøtte), omsorgsløn etter vedtak og har ansvar for kommunen sitt sakshandsamar-team. Teamet består av tre årsverk og handsamar søknadar og evaluera vedtak for heile kommunalområdet. Kartlegging og vurdering av behov skal ligge til grunn for vedtak og ein følg kommunen sin vedtekte Tenestestandard. Alle søknadane vert handsama i Tildelingsnemnda som har fast møte kvar veke.

Heimetenesta jobbar aktivt med forbettringsarbeid gjennom månadlege fokusområde. Fokusområda gjer retning for eininga sine prioriteringar og drift den aktuelle månaden, og vert utarbeidd årleg med medverknad frå tilsette og trepartssamarbeidet.

Heimetenesta vart i desember 2024 med i læringsnettverk via KS - Tørn kommune. Målet er å lære metodar for å lage ny fordeling av oppgåver med tett medarbeidar-medverknad. Utviklingsarbeid skal bidra til ein meir berekraftig kommunesektor ved å auke heiltidsdelen og auke tal tilsette med formell helsefagleg kompetanse. Tenesta ynskjer å sjå nærare på korleis ein kan bruke ressursane og kompetansen på best mogleg måte, ved å sjå på oppgåvefordeling internt i tenesta.

I desember starta heimetenesta med meir avsett tid til sjukepleiarane for å yte forsvarleg mottak av medikament / multidosar samt ivareta det administrative arbeidet i sjukepleiarrolla. Nordfjordeid har sjukepleiar med administrativt arbeid 5 dagar i veka på dagtid, Selje/Stadlandet har annakvar veke.

Tenesta jobbar aktivt med å ta i bruk velferdsteknologi og har delteke i satsinga saman med andre avdelingar. Spesielt av året er satsinga på Somnofy, som nemnd tidlegare i rapporten. Teknologien er teke i bruk på mellom anna Fossevegen bufellesskap. Heimetenesta har også fleire tenestemottakarar som nyttar Evondos (elektronisk medisineringsstøtte) og hadde pr 21.12.24 Totalt 23 tenestemottakarar på Nordfjordeid og 9 tenestemottakarar i Selje/Stadlandet som hadde denne tenesta.

Tenesta nyttar også DHO (digital heimeoppfølging) og hadde pr 31.12.24 sju tenestemottakarar med oppfølging via DHO i område Nordfjordeid og to i Selje/Stadlandet. Tenesta vert fylgt opp via eit samarbeid med legekantoret sitt primærhelseteam og ressurspersonar i heimetenesta som lagar eigenbehandlingsplanar og følg opp tenestemottakarane via faste målingar på nettbrett. Ein arbeidar aktivt med å breidde DHO vidare i avdelinga. Heimetenesta har også auka bruken av GPS som hjelpemiddel for at tenestemottakarane skal kunne bu heime lenger.

Heimetenesta har gjennom 2024 hatt auka fokus på å vere synlege for innbyggjarane og å byggje eit positivt omdøme med tanke på rekruttering. Ein har oppretta Instagramkonto der ein legg ut informasjon om ulike hendingar i eininga, tilsette, prosjekt og anna aktuell informasjon. kontoen har omkring 200 følgjarar og syner arbeidskvardagen i heimetenesta.

Både tenesta i indre og i ytre har samarbeid med frivillige kring middagskøyring og elles andre aktivitetar / arrangement i bufellesskapa. Det er også høgt fokus på å tilby språkpraksis i avdelingane, samt å tilby stillingar og praksisperiodar til andre elevar. Ein samarbeider teitt med opplæringskontoret kring oppfølging og rekruttering av lærlingar. Ein samarbeider også med høgskulane for å tilby praksisplassar til sjukepleiarstudentar.

Fossevegen bufellesskap samhandlar teitt med lokalt Røde kors. Røde kors bidreg med å følgje brukarane til alt frå legetime til handel. Dei er også inne med besøkshund, og tilbyr å vere besøksven anna kvar veke. Avdelinga har også Golvsengane barnehage innom som «Livsglede for eldre» barnehage og fast andakt v/Den norske statskyrkja. Bebruarane har også ein pårørandegruppe som bidrar med ulike aktivitetar.

Sakshandsamarteamet har hatt ei stor auke i saksmengd dei siste åra. Sakene inneheld mellom anna vedtak om ulike tenester til heimebuande og bufellesskapa, avlasting born og eldre, korttidsopphald og langtidsopphald i institusjon, omsorgsbustadar, dagaktivitetstilbod, omsorgsløn og BPA ordning. Det er utfordrande for sakshandsamar-teamet å få handsama alle sakene innan fristen grunna stor auke i tal saker og utviklinga syner at ressursane som er avsett til arbeidet ikkje strekk til.

Utvikling i saker 2021 – 2024:

- 2021: saker totalt 559 (0 klagesaker)
- 2022: saker totalt 765 (0 klagesaker)
- 2023: saker totalt 834 (8 klagesaker)

- 2024: saker totalt 1153 (7 klagesaker)

Institusjon

Institusjonstenesta er organisert med ein einingsleiar, to avdelingsleiarar og to fagleiarar. Institusjonane starta opp med velferdsteknologi Somnofy - digitale tilsyn på avdeling Nystova - 12 pasientrom (Hogatunet) samt på bufellesskapet på Seljetunet. Begge institusjonane har frivillige lag og organisasjonar innom for å skape aktivitetar for bebuarane. Selje barnehage er livsglede barnehage og har faste dagar (fredagar) på Seljetunet.

Seljetunet har seks avdelingar. Fire er for korttids- og langtidspasientar, totalt 31 plassar - 1 rom er omgjort til tannlegekontor, og to avdeling for bufellesskap totalt 16 plassar. Seljetunet har også eige institusjonskjøken med produksjon av alle måltid til Seljetunet, bufellesskap, Fredly og Flatebø bufellesskap og levering av måltid til heimebuande. Kjøkkenet i Selje har eigen Facebook- og instagram konto som syner kva mat som vert laga. Kontoen gjev god omdømmebygging for kjøkkenetesta.

Beleggsprosent/liggedøgn statistikk 2024: 77,18% - ledig kapasitet 22,82%.

Seljetunet har auke i beleggsprosent siste året då Hogatunet til ei kvar tid har fullt belegg. Fleire av dei utskrivingsklare pasientane får difor plass på i Selje og Seljetunet har av den grunn fleire korttidsopphald i 2024 enn tidlegare år. Dette er krevjande å følgje opp grunna mangel på kompetanse og kontinuitet. Seljetunet har hatt fire sjukepleiarar frå vikarbyrå gjennom heile 2024 og vil måtte halde fram med det i 2025.

Tenester gjennom heile året:

- Langtidsopphald i institusjon: 37 opphald i perioden 01.01.24 – 31.12.24
- Avlastning i institusjon – 10 opphald i perioden 01.01.24 – 31.12.24
- Korttidsopphald – 121 opphald i perioden 01.01.24 – 31.12.24
- Middagsombringning levert frå institusjonskjøkken: 21 brukarar fordelt gjennom året 2024.
- Fullkost levert til bufellesskap: Seljetunet 16, Fredly og Flatebø 10, der har ikkje vore fullt belegg i 2024.

Hogatunet har 52 institusjons plassar der 10 plassar er til korttid/rehabilitering/lindrande opphald og 42 langtids plassar. Desse plassane er fordelt på 5 avdelingar, Fossen, Setra, Teina og Fjæra med 10 plassar pr avdeling, medan Nystova har 12 plassar. Hogatunet har eige institusjonskjøken med produksjon av alle måltid til Hogatunet, Fossevegen bufellesskap, dagsenter og levering av måltid til heimebuande. Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med diagnose demens for indre del av Stad har lokale på Hogatunet og er ope frå kl.09 – 15 på kvardagar.

Beleggsprosent/liggedøgnstatistikk 2024: 96,8 % ledig 3,20 %. Til ei kvar tid fullt i alle avdelingar og det er berre opphald ved utflytting/innflytting.

Tenester gjennom året:

- Langtidsopphald i institusjon: 69 opphald i perioden 01.01.24 – 31.12.24
- Avlastning i institusjon: 38 opphald i perioden 01.01.24 – 31.12.24
- Korttidsopphald: 119 i perioden 01.01.24 – 31.12.24

- Middagsombringning til heimebuande levert frå institusjonskjøkken: 43 brukarar fordelt gjennom året 2024.
- Fullkost til bufellesskap 28 brukarar
- Dagaktivitetsopphald for personar med demens: 7 brukarar som har nytta tilbodet i 2024.
- Dagaktivitetstilbod: 5 brukarar har hatt tilbod vurdert ut frå behov i 2024.

Bu og miljøtenesta

Eininga er organisert med einingsleiar, assisterande einingsleiar og sju avdelingsleiarar. Tenesta har ansvar for tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, psykisk helse og rus, barneavlastning og barnebustad. Dei siste åra har det vore ei auke i tenestebehov og auken har vore synleg både gjennom auka kostnader og auka ressursbehov. Sommaren 2024 vart det etablert eigen barnebustad.

Tenesta jobbar med fleire utviklingstiltak, mellom anna ved å ha eit auka fokus på bruk av teknologi i tenesteytinga og har delteke på felles opplæring innan ABC satsinga. Tenesta har teke ansvar for oppstart av SEPREP utdanning. Dette er ei psykoterapiutdanning for terapeutar som arbeider med individuell terapi for menneske med psykoselidelser. Fleire nærliggande kommunar har tilsette som deltek i utdanninga og Nordfjord psykiatrisenter er ein viktig samarbeidspart for gjennomføringa av studiet. Det er starta eit arbeid med evaluering av vedtak, då særleg i omsorgsbustadar med heildøgns omsorg. Arbeidet er ei oppfølging av deltaking i KS læringsnettverk der tenesta har fått utarbeida ein tenesteanalyse innan området.

Interkommunale helsetenester (IKHT)

Eininga er organisert med einingsleiar, avdelingsleiar og legevaktsjef (40% stilling). IKHT er eit interkommunalt samarbeid mellom Kinn, Stryn og Stad kommunar og har ansvar for legevakt, legevaktformidling, to observasjonssengar og tre øyeblikkeleg hjelp sengar (ØHD). Tenesta har samarbeid både med helseføretaket og kommunane i samarbeidet og felles utvikling og oppfølging av den akuttmedisinske kjede.

NAV Nordfjord

Eininga er organisert med einingsleiar og to avdelingsleiarar. Det er totalt 43 tilsette i kontora, fordelt mellom kommunal og statleg del. Kommunane i Nordfjord inngjekk vertskommunesamarbeid om drift av Nav kontora i Stryn, Stad, Gloppen og Bremanger frå 01.05.23. Mykje av tida etter at samarbeidet vart etablert, har blitt brukt til å etablere eit "vi" i den nye organisasjonen. NAV Nordfjord har lokasjonar i alle samarbeidskommunane og dei tilsette er delt i to ulike avdelingar på tvers av kontorstad. Den eine avdelinga er Arbeid og sosial, som har ansvar for arbeidssøkarane og dei kommunale tenestene. Den andre avdelinga er Arbeid og helse, som har ansvar for brukarar på helseaksen, slik som sjukefråvær og arbeidsavklaring. I denne avdelinga ligg også jobbspesialistane innanfor Arbeid med Støtte og IPS.

Årsverk

Org.eining	Årsverk opprinneleg budsjett 2024				Faktiske årsverk 2024			
	Fast	Vikar	Midlertidig	Total	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Helse	28,47	0,16	2,22	30,85	26,33	4,22	1,80	32,35
Heimetenesta	68,70	2,20	4,50	75,40	63,83	7,71	8,46	80,00
Bu- og miljøtenesta	144,44	4,05	3,40	151,89	149,46	10,19	4,02	163,67

Årsmelding 2024

Seljetunet omsorg og rehabilitering	45,36	0,87	4,90	51,13	41,63	1,59	3,12	46,34
Hogatunet bu- og behandlingssenter	55,50	0,00	8,58	64,08	58,69	0,68	7,76	67,13
Interkommunale helsetenester	12,46	0,52	0,88	13,86	12,17	0,46	0,00	12,63
Arbeid og velferd - NAV	16,70	0,00	1,50	18,20	17,09	0,00	0,57	17,66
Total	371,63	7,80	25,98	405,41	369,20	24,85	25,73	419,78

Årsverk (tekst)

- Auka bemanning på barneavlastninga pga auka behov for avlastningstilbod.
- Auka grunnbemanning på Myroldhaug for å forsøke å redusere overtid og «turnover» i 2:1 tiltak
- Oppretting av barnebustad i juni 24 med 2:1 bemanning
- Endra registrering av læringar
- Ny rammeavtale for årsarbeidsplan gjev endra behov for helgestillingar

Utfordringar

Helseeininga

- Legetenesta: legebemanning har vore utfordrande i lengre tid og blir spesielt vanskeleg i 2025.
- Lokala til legetenesta på Eid utfordrar oss i forhold til drift av tenesta, særleg fellesområda. Der er berre eit akuttrom og her skal alt frå sårbehandling, små kirurgiske inngrep og mottak av Ø-hjelp pasientar handterast.
- Organisering av arbeidet med heimebuande demente: kommunen manglar ressursar i arbeidet med heimebuande demente og nok ressursar i hukommelsesteamet. Det er sett ned arbeidsgruppe som skal sjå på mogelege løysingar.
- Langtidssjukemelding på helsestasjonen har utfordra kapasiteten til å drive prosjektarbeid - foreldrerettleiing.
- Nyoppretta stilling for kreftkoordinator; prosedyrar i compilo og samarbeid mellom tenestedområda har vore krevjande, men tenestene jobbar med forbetringar som kan hjelpe i arbeidskvardagen.

Heimetenesta

- Sjukefråvær: Stor del av drifta i eininga har i 2024 omhandla arbeid med sjukefråvær. Dette med bakgrunn i eit høgt sjukefråvær.
- Alle tilsette vert fylgt opp av leiar ihht. prosedyre i compilo vedr. både kort- og langtidsfråvær, dialog-møter med og utan NAV/fastlege, eigne møter med tilsette, utarbeiding og oppfølging av oppfølgingsplan NAV, tilrettelegging, vikarinneleie m.m.
- Rekruttering: Spesielt utfordrande med rekruttering i 2024. Ein har få / ingen søkjarar på stillingar og utfordringar med å ha nok formelt utdanna helsepersonell tilgjengeleg til ei kvar tid. Ein må til ei kvar tid halde fokus på kva som kan bidra til å "buffre" opp for personellmangelen, t.d velferdsteknologi. Eininga har trass i desse utfordringane klart seg gjennom heile 2024 utan bruk av vikarbyrå, dette med grunnlag i fantastisk fleksible tilsette og avdelingsleiarar som alltid finn løysingar saman.
- Bilar: Avdelingsleiarane nyttar mykje tid på arbeidet med tenestebilane. Totalt har eininga 16 tenestebilar fordelt på dei geografiske lokasjonane. Nordfjordeid har 11 bilar og Selje/stadlandet har 5 bilar. Avdelingane har bil-ansvarlege, men det er store utfordringar knytt til høg skadefrekvens på bilane. Haust 2024 måtte tenesta byte leasing avtale då dei tilsette tek

sertifikat på automatgir og tenesta hadde hovudsakleg bilar med manuell gir. Dette gav ei ein auka kostnad på omkring kr 1000,- per mnd per bil, men for å kunne yte tenester var endringa naudsynt.

- Auka tenesteproduksjon: Heimetenesta opplever auka trykk frå fastlegar og sjukehus om tenester, samt auka mengd utskrivingsklare pasientar som kjem tidlegare heim enn før og har dårlegare helsetilstand enn før. Det er fullt på institusjonane som gjer at pasientane som skal heim er dårlegare. Det er også ei forventning om at heimetenesta ordnar oppgåver som brukarane kan ordne på eiga-hand eller ved hjelp av pårørande.
- Søknader om tenester har auka og dermed også mengde saker, inkludert heimebesøk, kartlegging og vurderingar.

Institusjon

Seljetunet omsorg og rehabilitering:

- Hovudutfordringane er rekruttering og å behalde fagpersonell. Mange som går av med pensjon no og fram i tid.

Hogatunet bu- og behandlingssenter

- Lite ledige korttids og langtidsrom. Mange som står på venteliste for overflytting og mange frå indre del av kommunen får opphald på Seljetunet
- Mykje ledige vakante helgestillingar som gjere at tenesta må bruke mange ufaglærte for å dekke inn vakter. Hogatunet har elles god tilgang på sjukepleiarar som ynskjer å jobbe.
- Bemanningskoordinatorar jobbar på tvers av einingane og bistår ved innleige av vikarar.

Bu og miljøtenesta

- Hovudutfordringane er rekruttering av personell med fagkompetanse. I tillegg har tenesta auka i omgang dei siste åra, noko som krev fleire personell og auka behov for kompetanse.

Interkommunale helsetenester (IKHT)

- Største utfordringane er knytt til rekruttering av sjukepleier og hjelpepersonell . Har store delar av 2024 hatt 3 ledige heimlar og ein sjukmeldt i sjukepleie heimel. Dette har skapt utfordringar i å dekke helgevaktene. Dei fleste tilsette har frie timar i si tilsetting og dette har vore til god hjelp. Har tilsett ein sjukepleier vikariat på helg.
- For legevakta er det ei utfordring at det er mange ledige heimlar ved legekontora. Det har vore fleire nye legevikarar som treng tid for å komme inn i ansvaret ved å jobbe på legevakta. Nokre av vikarane og fastlegane har fritak frå å gå vakt, noko som gjev fleire vakter på andre legar.
- Lokala IKHT leiger med Helse Førde er ikkje utforma for drift av legevakt og sengepost . Romma er fordelt utover heile 1. etasje og ikkje praktisk i forhold til utnytting av personal ressursane i eininga. Kvilerom til personalet er ikkje plassert slik at ein får tilstrekkeleg ro i kviletida, eller tilrettelagt for kvile. Det er vanskeleg å tilpasse lokala til drifta, utan å gjer større strukturelle endringar. Har jobba saman med Helse Førde for å sjå på moglegheiter for justeringar, men utfordringane let seg ikkje løyse utan større areal/ fleire rom til disposisjon for IKHT. Helse Førde har ikkje meir areal å tilby IKHT.

Spesielle tilhøve

Helseeininga

- 4 legar har sagt opp stillingane sine i kommunen
- Det er rekruttert ny lege til legekontoret i Selje som er spesialist i allmennmedisin.
- Starta forarbeidet knytt til nye økonomiske avtaler mellom kommunen og fastlegane, med mål om at desse skal ferdigstillast og til politisk behandling i løpet av våren 2025.
- Frisklivskoordinator på Eid har sagt opp stillinga si. Det er rekruttert ny tilsett med oppstart i april. I påvente av oppstart leiger vi Hamna for å oppretthalde eit gruppetilbod på Nordfjordeid. I Selje er det normal drift av Frisklivsentralen.

Heimetenesta

- Avvikling av Bryggja omsorgssenter april 2024. Det blei i samband med avviklinga overført totalt 3 årsverk, helsefagarbeidarar til avdeling Nordfjordeid frå Bryggja. Bemanningsplanen i avdeling Nordfjordeid blei auka med ei ekstra arbeidsliste både på dag- og kveld gjennom kvardag og helg. Tenestemottakarar på Bryggja får sine tenester på dag- og kveldstid frå Nordfjordeid, og dersom det er behov for bistand på natt vert dette ytt hovudsakleg frå Selje, men ein har eit aktivt samarbeid med Nordfjordeid.

Institusjon

Seljetunet omsorg og rehabilitering

- Vanskeleg å rekruttere fagfolk til vakante stillingar. Har til ei kvar tid utlysingar ute. Brukt vikarbyrå gjennom heile 2024 (fire sjukepleiarar).
- Avslutta Tørn prosjekt i 2024. Jobba med turnusarbeid/årsturnus for alle, intern fordeling av personell ressursar og oppgåve deling. Dette er eit tidkrevjande arbeid som vi må bruke tid til å innføre og gjere personale trygge på justeringane vi gjer.
- Prosjekt sjukepleiekompetanse på tvers mellom heimetenesta, institusjon og bu- og miljøtenesta er starta der vi ser på korleis nytte kompetansen best mogleg for tenesta i ytre del av kommunen.
- Oppstart arbeidsmiljøkartlegging i samarbeid med personalavdelinga. Alle tilsette har fått høve til å svare på spørjeundersøking og arbeidet held fram i 2025.

Hogatunet bu- og behandlingssenter

- Høg aktivitet med pasientar som vert utskrivne tidleg frå sjukehus. Mange treng langtidsopphald vidare og kan ikkje skrivast ut til eigen heim.
- Det er behov for auka tilgang på korttidsplassar på Hogatunet - mange brukarar frå indre del av kommunen må til Selje i kortare eller lengre periodar grunna fullt belegg på Hogatunet.
- Det er behov for fornying/nybygg av gardarobor for alle tilsette, vaskerom for vask av pasienttøy til brukarane på avdeling Nystova og institusjonskjøkken. Det som vert nytta i dag er frå Eid

sjukeheim og vart bygd i 1978.

Avvik

Febr	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	
113	140	129	107	98	60	100	97	150	

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla tal avvik i perioden. Årsaka til dette er at det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Avvik fordelt på kategoriar	Tal avvik
Helse Miljø og Tryggleik	511
Organisasjon/internt	305
Personvern / Informasjonssikkerheit GDPR	42
Teneste - tenestemottakar	833
Ytre miljø	14
Totalt	1705

Varsling

Ingen meldte varslingsaker i 2024.

Klagesaker

- Helseeininga har hatt ei klagesak på helsehjelp sendt til Statsforvaltaren.
- Det har vore totalt 7 klagesaker knytt til enkeltvedtak/avslag på tenester.
- Interkommunale helsetenester har hatt ei pasient klagesak. .
- NAV Nordfjord har hatt to klagesaker.

Tilsyn

Det er berre NAV Nordfjord som fekk meldt tilsyn i 2024. Tilsynet vart gjennomført i mai. Tema for tilsynet var NAV kontoret sitt ansvar for å tilby tenesta økonomisk rådgjeving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Tilsynet vart gjennomført som en del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

Statsforvaltaren har undersøkt om:

- Nav-kontoret gjer tenesta økonomisk rådgjeving tilgjengeleg

- Nav-kontoret gjer skriftleg vedtak om tenesta og startar opp tenesta til riktig tid
- Nav-kontoret sørgjer for ei forsvarleg oppfølging av brukarar som mottek tenesta økonomisk rådgjeving

Tilsynet vart gjennomført som ein system-revisjon. Statsforvaltaren konkluderte med to punkt der praksis ikkje samsvarte med krava i sosialtenestelova. Det vart ikkje gjort skriftlege vedtak i saker der brukar ønskjer økonomisk rådgjeving. NAV kontoret tilbyr ikkje alltid enklare økonomisk rådgjeving til brukarar som kan ha behov for dette. Begge avvika er fylgt opp og retta, og er avslutta av Statsforvaltaren.

Tenestene elles har hatt ordinær oppfølging frå avtalepartar knytt til:

- farmasøytiske tenester
- hygienerevisjon
- mattilsyn i institusjonskjøken
- legemiddeltilsyn
- branntilsyn

Mål og oppdrag

Oppdragsbrev

Beløp i 1000

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Aldersvenleg og inkluderande samfunn	Iht. plan	• Gjennomført temadag for 75+. Lite oppslutnad og behov for revidering av tiltak for 2025. • Eigedom har tilsett drifts teknikkar. Tiltaket er viktig for å avlaste fysio og ergoterapitenesta i samband med hjelpemiddel. Tiltaket gjev fysio/ergo meir tid til brukarretta arbeid. • Gjennomført kurs for instruktørar til Sterk og stødig grupper (april). • Frisklivssentralen har hatt treningsgrupper i Selje/Stadlandet og på Nordfjordeid. Sentralen har felles Facebook-gruppe for Nordfjordeid og Selje. • Gjennomført kvardagsgledekurs både på Eid og i Selje. • Gjennomført Influensa vaksinerings på Eid og i Selje med hjelp frå sanitetsforeiningane i

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		kommunen. Gode tilbakemeldingar på opplegget vårt, dei eldre føler seg godt ivareteke. • Digital heimeoppfølging: pasientane føler seg godt ivareteke av tenesta. • Primærhelseteam: eit betre helsetilbod til eldre og skrøpelege samt dårlege etterspørrarar av helsetenester. • Heimetenesta har hatt fokus på å vere tilgjengeleg for innbyggjarane i kommunen ved å ha oppdatert informasjon på heimesidene, informasjonsbrosjyrar og oppretta konto på Instagram for å vere tilgjengeleg for fleire aldersgrupper og alle innbyggjarane i kommunen. • Tildeling av tenester vert gjort etter søknad og kartlegging av hjelpebehov. • Har hatt til ei kvar tid ledig plass til dei som har hatt behov for teneste.
Datatryggleik og digitalisering	Iht. plan	• Dei fleste einingane har satt KS kampanje om personvern og informasjon-sikkerheit på agenda i personalmøta og gjennomført obligatorisk e-læringskurs for tilsette. • Bruk av digitale løysingar fungere betre ved legekontoret i Selje enn på Eid. Truleg har storleiken på kontoret betydning. • Helsestasjonen: jobbar med å få på plass nytt journalsystem. Arbeidet er forsinka grunna plan om samarbeid mellom IKT Nordfjord og SYSIKL. Det er framleis ikkje estimert dato for når dette er på plass, men vi reknar med det vil skje i løpet av våren 2025. • Legane ynskjer at det vert lagt tilrette for bruk av AI teknologi for å lette arbeidet. Utfordrande med dagens løysing. Treng oppgradering av journalsystemet til skyløysing for å få dette på plass. • Fleire einingar nyttar RS tidsregistrering for arbeidstid. • Det er innført digitalt ledsagerbevis, noko som er

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		ressursparande i sakshandsamarteamet, samt fordel for innbyggjarane. • Kontinuerleg arbeid med innføring av velferdsteknologi i tenestene • Utfordrande med dårleg nettverk på Seljetunet - fått oppgradering etter oppstarta av velferdsteknologi Somnofy. Og fått betre datanettverk på møterom. • Hogatunet har hatt behov for oppgradering av pc og kjøpt inn fleire nye i 2024 • Legevakta nyttar fortsatt papirkurver og sjekklister ved ØHD og legevakta som må scannast inn i journal i etterkant av behandling. Dette er spørsmål om kostnad og integrering av nye EPJ-system i eit nokså utdatert journalsystem. Behov for heilelektronisk løysing som kan samstemmast med EPJ system. • NAV Nordfjord er eit partnerskap mellom stat og kommune. NAV nyttar både statlege og kommunale system for å gje gode tenester til innbyggjarane. NAV har over mange år hatt store digitaliseringsprosjekt, for å kunne møte krava om meir effektive og brukarvennlege system. NAV nyttar alle nye systemløysingar som kjem og har gjennomført tilgongskontroll for alle tilsette i 2024. Dette vert gjort årleg. NAV nyttar Digisos, som gjev innbyggjarane i Nordfjord moglegheit til å kunne søkje og sende inn dokumentasjon digitalt i forhold til kommunen sine sosiale tenester.
Godt leiarskap og medarbeidarskap lht. plan		• Totalt 19 leiarar deltek i modulbasert leiarutdanning. • Helse jobbar med det psykososiale miljøet på helsestasjonen, rettleiing digital psykolog, ekstra spørsmål i forbindelse med medarbeidersamtaler for å kartlegge trivsel. Kva som fungere godt og ikkje så godt.

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Grunna langtidssjukemelding har avdelinga ikkje fått jobba godt nok med funna etter kartlegginga. Vi har hatt fleire sosiale tilstellingar som har vore vellukka. • Sommaravslutning i lag med fysio- og ergo, velferdsteknologi og friskliv. • Gjennomført fagdag i Selje både for helsestasjon og fysio-ergo. Helsesjukepleiar frå Eid har hatt arbeidsdagar i Selje i sommar. • Legetenesta jobbar kontinuerleg med rekruttering av legar til begge kontora. • Tre legar har sagt opp faste stillingar ved Eid legekontor i 2024 og 2 legar skal i permisjon i løpet av året 2025. Våren 2025 har vi derfor 5 legevikarar som treng opplæring, noko som er belastande for dei andre legane våre. det har vore sjukmeldingar blant helsepersonell, men vi har klart å dekke drifta med gode vikarar. Avdelingsleiar fungerer godt og følger opp dagleg drift ved kontoret. • I Selje har ein lege sagt opp og vi har rekruttert ny lege som er spesialist i allmennmedisin. Det har vore eit år med mykje sjukefråvær blant legane i Selje, og svært høg arbeidsbelastning på dei andre. Vi har ei flink og stabil gruppe med helsepersonell som gjere at drifta likevel flyt godt i Selje. • Heimetenesta jobbar kontinuerleg med å tilby tilsette høgare stillingsprosent, målet er at 90% av våre tilsette har eit fast tilsetjingsforhold og at minst 75% av tilsette arbeider heiltid. Eininga jobbar med å utvikle ein heltidskultur gjennom kartleggingar og medarbeidersamtaler, då ved å avklare omfanget av ufrivillig deltid, og arbeide med å redusere dette. Eininga lyser kontinuerleg ut stillingar, og siste tida kun 100 % stillingar. Eininga utelukkar ikkje søkjarar som ikkje, av ulike årsaker, kan arbeide 100% til stillingane. Ein har i 2024 gjennomført

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		medarbeidersamtaler med alle tilsette. Ein har også fokus på møtepunkt med tilsette ihht møteplan, og fokus på tema i trepartssamarbeid. • Bu og miljøtenesta har hatt eit stort fokus på sjukefråværsoppfølging då sjukefråværet har hatt ei jamn auke. Tenesta har i årsplanarbeid kontinuerlig fokus på å kunne auke opp alle stillingar inntil 100%. Gjennomfører kontinuerlig leiaroppfølging med møte einingsleiar/ass. einingsleiar og avdelingsleiarar. Har starta arbeidsmiljø-kartlegging i ytre og på Elvebøen i lag med arbeidslivssenteret. • Institusjonane og heimenesta deltek i nettverk USHT - leing av kvalitetsarbeid i sjukeheim og heimeneste • Nav Nordfjord har i løpet av 2024 delteke i prosjekt på nærværarbeid i regi av av NAV Vestland.
Klima og miljø	Forsinket	• Kommunalområdet skulle etter plan starte opp miljøfyrtårn sertifisering i alle avdelingar våren 2025, men arbeidet er sett på vent grunna kapasitet til å gjennomføre arbeidet. Det er berre Helseavdelinga som kjem i gang våren 2025. • Helseavdelinga har hatt ein tilsette med ansvar for miljøretta helsevern (20% stilling). Den tilsette sa opp denne delen av stillinga i haust. I forbindelse med godkjenning av bygg i oppvekst som trengde sertifisering ifht Miljøfyrtårn, vart det sett av ekstra ressursar hausten 2024. Kommuneoverlegen har løynt alle oppgåvene, men kommunen må planlegge for korleis miljøretta helsevern skal løysast framover. det er ledig 20% stillingsressurs til dette arbeidet. • Interkommunale helsetenester (Nordfjord legevakt) deltek i kildesortering ved Nordfjord

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		sjukehus. Nytt frå mars 2024 er sortering av matavfall. • Nordfjord legevakt har ikkje legevakt bil som er elektrisk, men ut frå eit distrikt som har lange avstandar, er det ikkje forsvarleg med el bil no. Det vert teke med i vurdering ved neste leasingavtale. • NAV Nordfjord er oppteken av klima og miljø. Vi arbeider i heile Nordfjord, noko som medfører en del bilkøyring. • NAV samkøyrer der det er mogleg, og prøver å tenkje på arbeidsfordeling etter kvar tilsette bur. Dette for å minske miljøavtrykket. NAV kjeldesorterer i kontora. NAV blir miljøsertifisert i 2025, etter innflytting i Statens Hus. Sertifiseringa skjer gjennom NAV Nestland.
Kompetanse og rekruttering	Iht. plan	• Legetenesta i Selje har rekruttert til ein heimel. lege startar januar 2025. Held fram arbeidet med rekruttering av legar til Nordfjordeid. Så langt er det rekruttert danske vikarlegar til alle stillingane på Eid. Det har ikkje vore relevante søkjarar til fast lege heimel på Eid så langt. • Koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdommar starta i 50% stilling 01.09.2024 • Prosjektstilling i velferdsteknologi er omgjort til fast stilling frå 01.01.2025 • Helseavdelinga har hatt rett kompetanse i alle stillingane, bortsett frå at danske legar berre har lov å arbeid inntil 1 år og dermed ikkje kan tilsettast fast. • Frisklivskoordinator slutta i desember -24. Startar ny frisklivskoordinator i april 25. • Helsesjukepleiar i 40% fast + 60% prosjekt slutta i 2024. 40% som er ledig vart ikkje lyst ut, då to faste tilsette fekk tilbod om stillingsauke til 100% stillingar.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		• Tilskott frå BUFDIR til kompetanseheving for helsesjukepleiarane. Eit treårig prosjekt. I 2024 har to helsesjukepleiarar gjennomført COS-P opplæring i foreldre-rettleiing. • Det er søkt om nye prosjektmidlar til helsestasjonen og prosjektstilling vil bli lyst ut om vi får tilskot. • Heimenesta lyser fortløpande ut stillingar og arbeider for at heimenesta skal vere ein attraktiv arbeidsplass mellom anna ved å jobbe med arbeidsmiljø og omdøme. Det er oppretta ein instagram-kanal der heimenesta ynskjer å vise kvardagen på jobb, samstundes som ein ser på det som ein god plattform til å nå ut til innbyggjarane. • Alle avdelingar innan helse og omsorg har gjennomført kompetansekartlegging og resultat er nytta i medarbeidersamtalene knytt til eventuelle ynskjer om å ta vidareutdanning/kurs. • Avdelingane har fokus på å ta i vare elevlar, lærlingar og studentar den tida dei er hjå oss. Alle helsefagarbeidarar skal gjennomføre instruktørkurs. Kontinuerleg fokus på å motivere assistentar til å bli lærlingar eller ta fagbrev på jobb. • Fleire avdelingar jobbar med kompetanseplan-. Dette har vore eit stort fokus innan kommunalområdet i 2024 og vil halde fram i 2025. • Bu og miljøtenesta har satsa på ASK utdanning (ulik kommunikasjonsstøtte/verktøy til brukarar som treng det). Har hatt tre tilsette på kurs i januar 2024 som skal vidareføre kunnskap og kompetanse i avdelingane. • Det er generelt mangel på helsefagkompetanse, spesielt i dei ytre områda, der det er utfordrande å rekruttere nok kompetent personell. Aukande krav til kompetanse gjer det

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		vanskeleg å fylla stillingar med rett kvalifikasjon. • For å styrke fagutviklinga er det gjennomført fagdager med etikk og det er oppretta etikrettleiarar som skal jobbe aktivt med etikk i avdelingane, jmf vidare satsing i 2025 for heile kommunalområdet. • Ein ny runde med Velferdsteknologiens ABC starta i slutten av 2024 og vil halde fram inn i våren 2025. • Seljetunet har gjennomført Tørn prosjekt, oppgåvedeling. Prosjektet var ferdig i 2024. • Kartlegge Sjukepleieteam / bruk av sjukepleiarkompetanse i ytre. Felles prosjekt for institusjon og heimetenesta. • Seljetunet har ikkje hatt søkarar på ledige stillingar. Brukt vikarbyrå gjennom heile 2024. • Hogatunet har hatt god tilgang på sjukepleiarar, men har mykje vakante stillingar på helg. • Legevakta sine tilsette har fått tilbod om samtrening med dei andre nødetatane i PLIVO øving i april 24. Både sjukepleiar og lege deltok. Ein tilsett har hospitert ved Eid legekontor- samarbeide om felles prosedyrar og rutine for akuttmedisin. Felles opplæring for operatør AMK og legevaktsentral. • Legevakta har ikkje fått starta med BEST-øvingar (samtrening lege, sjukepleiar og ambulansepersonell) i 2024. • NAV Nordfjord har fått nytt verktøy for utviklingssamtaler, utviklingsplan og kompetanseplan. Verktøyet vert teke i bruk frå januar 2025. • Nav Nordfjord har hatt nokre rekrutteringsprosessar i 2024. Gode søkjarar. Klart å tilsette gode og kompetente personar. Jobbar kontinuerleg med å vere en attraktiv arbeidsgjevar.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Samskaping og tverrfagleg samarbeid	Iht. plan	• Primærhelseteamet (PHT) arbeider med å skriftleg gjere rutinar som skal leggst fram i kvalitets møter med alle legane. • Primærhelseteam som prosjekt er avslutta og kommunen har ikkje lenger prosjektmidar. PHT takstar no til fastlegane og ikkje til kommunen, det har skapt ro rundt arbeidet og betre trivsel for sjukepleiarane. • Lege som er tilbake frå permisjon ønskjer å ha ei administrativ rolle og vere fagleg koordinator for legetenesta. • Tenestene har fokus på tverrfagleg samarbeid i høve fleksibel tenesteyting og tverrfaglege drøftingar. • Kontinuerleg fokus på tverrfagleg samarbeid, og på å evaluere og forbetre møtepunkt for tverrfaglege drøftingar. Døme på dette er BTI Team, som er eit overordna satsing og prioritering i Stad kommune. • Heimetenesta opplev eit god samarbeid med frivillighetssentralen knytt middagskøyring både indre og ytre del av kommunen. • Dialog med Røde Kors knytt til "følgjetenester" for for eksempel tannlegetimar, legetimar osv. • Institusjonane har samarbeid med barnehagar og frivillige knytt til aktivitetstiltak i institusjon. • Institusjonane har tett samarbeid med legeteneste, fysio/ergo og heimetenesta. Prosjekt med heimetenesta for å sikre betre bruk av kompetanse på tvers Selje/Stadlandet. • Tenestene samarbeider med vidaregåande skule og høgskulen på Vestland om elevar og studentar som treng praksis. Dette gir elevar/studentar eit betre innsyn i alle dei kommunale tenestene og korleis vi samarbeider på tvers av einingane. Målet er at dette

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		skal bidra til rekruttering av fagutdanna søkjarar til stillingar i Stad kommune. • Stad kommune er også ein pådrivar til utviklingstiltak og å fasilitere lokale utdanningar i samarbeid med nærliggande kommunar. • Interkommunale helsetenester samarbeider med avdelingar i Helse Førde, med mål om faglege diskusjonar og opplæring/oppdatering av prosedyrar, rutinar og flytskjema for god samhandling. • Tett samarbeider med politi, BUF etat og barnevern om felles brukarar. Utarbeidar oppfølgingsplanar for brukarar. • NAV Nordfjord vart etablert mai 2023. Heile 2023 og inn i 2024 vert det jobba med å få utvikla tenestene til innbyggjarane i Nordfjord på tvers av kommunane i samarbeidet. Felles møteplan for å sikre eigarskap. • NAV Nordfjord har gjennom prosjektet "Neste Steg" jobba mykje med samarbeid rundt flyktninggruppa. Ein ser at tettare samhandling har positiv effekt. • Nav Nordfjord har i løpet av 2024 oppretta ungdomsteam. I den forbindelse er det oppretta nye arenaer for samarbeid med dei vidaregåande skulane og rettleiingstenesta.
Tenesteutvikling	Iht. plan	• Helsestasjon har hatt prosjektmidlar til 100% helsesjukepleiarstilling i 2024. Prosjektet kom ikkje skikkeleg i gang før august med vikar i 60%. Sjukmelding har gjort det vanskeleg å prioritere prosjektarbeid, men vi har sett av tid for 1 helse.spl som jobbar med foreldre rettleiing. • Koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdommar starta i 50% stilling 01.09.24.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		• Prosjektstilling i velferdsteknologi starta i 2022 og har jobba aktivt med utvikling / implemetering av velferdsteknologi og har vore ein viktig fasilitator for framdrift i avdelingane. Det er gjort eit godt arbeid og kommune har eit solid fundament gjennom opplæring av tilsette og konkrete satsingar gjennom prosjektplan. Fokuset på bruk av teknologi som erstatning for fysiske tenester, har redusert ressursbehovet knytt til tilsette spesielt i heimetenesta og institusjon. • Heimetensta og sakshandsamar teamet har gjennomført månadlege fokusområde forankra i verksemdplan. • Gjennomført fleire felles satsingsområde innan kommunalområdet: • Opplæring Tvang og makt, teoretisk og fysisk opplæring til alle tilsette • Etikk og systematisk refleksjon - starta forarbeid i 2024 og plan for felles satsingsområde i 2025 • Heimetenesta har sett inn tiltak med sjukepleiar på topp etter behov frå ny årsplan 02.12.24 for å sikre forsvarleg oppfølging av tenestemottakarane sitt behov for oppfølging. • Avvikla drift av bemanna bustadar på Bryggja april 2024. omstrukturert tenesteytinga til heimebuande frå same månad. • Heimetenesta har starta med prosjekt knytt til Tenestestyrte bemanning og oppgåvedeling via TØRN kommune/ KS. • Leiarteam i heimetenesta og sakshandasamarteamet har gjennomført 4 heildags workshops med fagleg innhald. • Heimetenesta og institusjon jobbar med sjukepleiardekning på tvers i ytre del av kommunen- vidarefører prosjekt i 25. • Auka fokus på velferdsteknologi, auka bruk av evondos, innført somnofy og

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		tilsette deltek på Velferdsteknologiens ABC. • Bu og miljøtenesta er med i læringsnettverk innan CRPD (• Gjennomført FACT ung forprosjekt, og vidare plan om overgang til prosjekt i 2025. • Oppstart forarbeid SEPREP utdanning på tvers av kommunane. Stad kommune koordinerer arbeidet opp mot VID. • Fleire leiarar innan helse og omsorg deltek på modulbasert leiarutdanning. • Institusjonane har årshjul med satsingsområde for tilsette. Auke kompetanse i høve velferdsteknologi, vidareutdanning medisinske prosedyre for helsefagarbeidarar, palliasjon og etisk refleksjon. • Institusjonane jobbar med oppgåvedeling i avdelingane - tydleg gjere ansvar mellom sjukepleiar, helsefagarbeidar og assistent. Har delteke i Tørn prosjekt i 2024 på Seljetunet. • Interkommunale tenester har faste samhandlingsmøter med eksterne aktørar / nødetater. NAV Nordfjord har gjennom å slå saman kontora under felles leiing, fått moglegheit til å utvikle eksisterande tenester samt fått på plass nye. I heile 2023 og inn i 2024 har det vore jobba med å utvikle tenestene til innbyggjarane i Nordfjord på tvers av kommunane. • NAV har særleg prioritert jobb-spesialistteam (AMS) og gjeldsrådgjevarar. • NAV har i 2024 hatt prosjektmidlar til utvikling av dei sosiale tenestene. Prosjektet fekk tilsett medarbeidar i august 2024. Målgruppa for prosjektet er flyktningar/innvandrarar, og målet er auka kvalitet i tenestene som blir gitt til denne gruppa. Involverte i prosjektet er Nav, flyktningtenestene, vaksenopplæring, brukarar og frivillige organisasjonar. Prosjektet er 3-årig, der det vert søkt om nye midlar kvart år.

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Nav Nordfjord lokasjon Nordfjordeid skal flytte inn i Statens Hus frå mars 2025. Ein del av prosjektet går på tenesteutvikling, noko det har vore jobba saman med politi og skattetaten som skal inn i same bygg.

Kultur og samfunn

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Forbruk i %
411-Kommunalteknikk	7 295	4 517	161,5 %
412-Plan og forvaltning	7 074	6 817	103,8 %
413-Brann, redning og førebygging	8 754	8 921	98,1 %
414-Eigedom	44 684	40 148	111,3 %
450-Kultur	13 480	13 936	96,7 %
Sum	81 288	74 339	109,3 %

Kommentar til status økonomi

Samla vurdering:

Samla har kommunalområdet eit meirforbruk på 6,9 mill kroner.

Meirforbruket har i hovudsak samanheng med auka utgifter til brøytetenester (innleige), vegvedlikehald, maskin vedlikehald og beredskap på kommunalteknikk. På eigedom er det også eit stort meirforbruk knytt til kostnader straum og materialar til vedlikehald.

Vurdering/kommentar forbruk løn:

Einingane på kommunalområdet har mindre avvik på løn som samla gjer at lønskostnader er i samsvar med budsjett.

Utgifter/Andre kostnader:

Kommunalområdet har store innkjøp knytt til vedlikehald av veg, brøytekontraktar, straum, og vedlikehald av bygg. Generell prisauke saman med periodar med mykje snø har påverka kostnadane negativt. Stort etterslep på vedlikehald av bygg er ein betydeleg årsak til auke i innkjøp.

Inntekter:

Inntekter har i hovudsak vore i samsvar med budsjett, eller noko over. Særleg på kultur har ein hatt inntekter over budsjett på grunn av stor aktivitet.


Økonomistatus per konto

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	78 796	80 596	-1 800
Refusjon lønn	0	-3 573	3 573
Sum Lønn	78 796	77 023	1 773
Drift	88 918	106 102	-17 184
Kjøp av produksjon	6 708	5 740	968
Overføringer	17 597	25 061	-7 464
Finansutgifter	8	2 612	-2 604
Sum Utgifter	113 230	139 515	-26 285
Brukerbetaling	-94 675	-102 714	8 039
Refusjoner	-16 710	-25 837	9 127
Overføringer	-1 167	-1 856	689
Finansinntekter	-5 134	-4 843	-291
Sum Inntekter	-117 687	-135 250	17 563
Netto resultat	74 339	81 288	-6 949

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Forklaring til KOSTRA-nøkkeltal

KOSTRA står for Kommune-stat-rapportering og gjer styringsinformasjon om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Du kan lese meir om KOSTRA på nettsidene til Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>.

Kommune-gruppering: Kommunane er gruppert langs tre ulike dimensjonar: Folkemengd, bundne kostnader og frie disponible inntekter per innbyggjar. Stad kommune er plassert i KOSTRA-gruppe 2. Dette er kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter per innbyggjar.

Årsmelding 2024

Vi har plukka ut kommunar som kan vere naturleg å samanlikne oss med. Det er Stryn, Sunnfjord og Volda kommunar. Stryn kommune er nabokommune til Stad kommune. Sunnfjord og Volda er begge samanslåtte kommunar slik som Stad.

Det er mange ulike KOSTRA-nøkkeltal å velje mellom. Vi har valt ut ulike nøkkeltal for dei ulike kommunalområda.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stad 2023	Stad 2024	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02 uten Oslo	Landet
Prioritet							
Administrasjonslokaler nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	0,3 %	0,3 %	0,2 %	0,3 %	0,3 %	0,6 %	0,7 %
Beredskap mot branner og andre ulykker nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	976	920	1 127	1 541	1 076	1 293	1 060
Brann- og ulykkesvern korrigerte brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	1,3 %	1,2 %	2,1 %	1,7 %	1,6 %	1,8 %	1,5 %
Brann- og ulykkesvern korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 300	1 283	2 042	1 719	1 671	1 973	1 364
Byggesaksbehandling og eierseksjonering nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	173	235	106	300	155	163	109
Forebygging av branner og andre ulykker nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	92	90	138	59	122	152	101
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	2,0 %	2,1 %	1,6 %	1,3 %	1,3 %	1,7 %	1,7 %
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 425	1 647	1 232	1 317	1 060	1 360	1 183
Kart og oppmåling nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	131	113	137	217	193	227	140
Kommunale boliger brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,4 %	2,4 %	1,3 %	1,4 %	2,2 %	2,1 %	2,0 %
Kommunale kulturbygg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	440	503	1 062	58	756	532	380
Kommunale vei er nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,4 %	3,3 %	3,6 %	2,9 %	2,7 %	2,6 %	2,1 %
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,4 %	0,5 %	0,3 %	0,2 %	0,3 %	0,4 %	0,2 %
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr)	144 128	153 839	148 039	156 537	196 572	189 094	214 116
Plansaksbehandling nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	772	742	444	283	378	476	341

Årsmelding 2024

Samferdsel, kommune nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,5 %	3,4 %	3,7 %	3,0 %	2,8 %	2,4 %	1,9 %
Produktivitet							
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	175	168	197	102	335	2 263	62 833
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	25	16	5	34	4	19	29
Netto driftsutgift per km kommunal vei og gate (B)	144 128	153 839	148 039	156 537	196 572	169 965	206 606
Dekningsgrad							
Andel kommunale veier og gater med belysning i prosent av alle kommunale veier (prosent)	31,8 %	31,7 %	25,0 %	65,7 %	30,9 %	42,5 %	61,9 %
Andel piper feiet	34,8 %	37,1 %	24,4 %	22,6 %	28,0 %	16,7 %	20,0 %
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	29	28	24	20	25	28	21
Grunnlagsdata (Nivå 3)							
Kommunalt eide boliger	253	229	168	214	378	2 447	74 551
Kommunalt innleide boliger	30	43	0	6	193	630	17 991
Lengde kommunalvei (km)	179	180	152	175	285	1 475	37 301

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	2,19 %	6,49 %	8,69 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,91 %	8,47 %	10,38 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,00 %	5,61 %	7,61 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,47 %	6,34 %	7,81 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,23 %	4,97 %	7,20 %

Om verksemda

Kommunalområdet Kultur og samfunn har ansvar for at Stad kommune har ei berekraftig samfunns- og stadutvikling. Kommunalområdet femner breitt, og har fem einingar; Plan og forvaltning, Eigedom, Kommunalteknikk, Kultur og Brann, redning med førebyggjande avdeling.

Kultur og samfunn skal arbeide for ei heilskapleg samfunnsutvikling; Gode arealplanar, heilskaplege løysingar for infrastruktur (VA, kommunale vegar og hamner), eigedomsforvaltning og tryggleik er grunnleggjande for å tilby gode tenester til innbyggjarane.

Kultur og Idrett og tilrettelegging for næringsutvikling er viktig for god samfunnsutvikling. Arbeidet innanfor kommunalområdet er tufta på FN sine bærekraftsmål; Klima og miljø, sosiale forhold og økonomi. Einingane har gjennom 2024 gjort eit betydeleg arbeid med sertifisering som Miljøfyrtårn.

Plan og forvaltning

Plan og forvaltning utarbeider kommunale arealplanar, og behandlar private planforslag og bygge- og delesaker, samt yter kart- og oppmålingstenester utfører geografiske analysar.

Landbruks- og miljøvernoppgåver vert løyst i samarbeid med Landbrukskontoret for Gloppen og Stad, som er eit vertskommunesamarbeid.

Tenestemottakarar er innbyggjarar og verksemder i Stad kommune. Dette gjeld alt frå byggjesøknad, søknad om fradeling og rekvisisjon av oppmålingsforretning, private planinitiativ, fellingsløyve på hjort, rådgjeving og søknadar landbruk, søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn, søknad om produksjonstilskot med meir.

Reguleringsplanane for Stad Skipstunnel blei ferdigstilt hausten 2024. Arbeidet var svært krevjande og tok mykje av kapasiteten på eininga og elles i organisasjonen. Mange andre kommunale planar har stått på vent som følgje av arbeidet.

Ved starten av året blei Tilsyn for spreidde avløp og tilsyn for byggjesak etablert i eit vertskommunesamarbeid saman med Stryn, Gloppen, Bremanger og Kinn. Tilsynet er i drift og har levert tenester til Stad kommune i fleire saker.

Eininga har god kompetanse på miljø og klima og har i 2024 avsett ressurs til miljøfyrtårn-sertifisering til andre einingar.

Eigedom

Eigedom omfattar forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar i Stad kommune. Totalt har eininga ansvar for oppfølging 20 formålsbygg og omlag 270 gjennomgangsbustadar.

Kommunen eig omlag 60.000 m² bygg; skular, barnehagar, institusjonar og idretts- og kulturbygg. Eigedomseininga administrerer all utleige av kommunale bygg.

Eininga administrerer og leverer vaktmeister- og reinhaldstenester til andre tenester i kommunen og ut til brukarar i private heimar. Det er eit tett samarbeid med dei andre kommunalområda om levering av tenester.

Eininga har ansvar for reinhald, vedlikehald og utkøyring av NAV hjelpemiddel og overtok dette fullt i 2024. Oppdraga har auka betydeleg dei siste åra og det blei i 2024 tilsett ein hjelpemiddelteknikar. Eininga skal framover ha kompetanse inn mot oppdrag innan velferdsteknologi. Denne kompetansen kjem på plass i 2025.

Teneste for bu-retteiing er eit relativt nytt tilbod under eininga. I eit tverrfagleg team arbeider bu-retteiari saman med NAV og Opplæring og integrering med å busette flyktningar og vanskelegstilte. Gjennom god rettleiing og oppfølging skal leigetakarar oppleve å meistre nye buformer og kvardagen i eigen heim.

Fleire samskapingsprosjekt om grønt vedlikehald kom på plass i 2024.

Det blei i 2024 utført fleire store oppgraderingar av anlegg (Selje skule, Haugen og Nordfjordeid skule og Idrettshall på Nordfjordeid) med spelemiddeltilskott.

Kommunalteknikk

Kommunalteknisk eining har ansvar for all kommunal infrastruktur i Stad kommune - veg, veglys, vassforsyning og avløps handtering, samt overvasshandtering. Eininga har også ansvaret for dei kommunale hamnene og kommunal farled, samt ansvar for drift av kommunale parkanlegg og grønt areal.

Overordna beredskapsarbeid for infrastrukturen er ein viktig del av arbeidet i eininga som har døgnberedskap på vatn, avløp og overvasshandtering heile året, samt døgnberedskap på det kommunale vegnettet i vinterhalvåret. Hamneforvaltninga vert i varetatt av Hamnekontoret for

Bremanger og Stad gjennom eit vertskommunesamarbeid. Renovasjonstenester (hushaldningsavfall) og slamtøming vert levert av Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil) som er eit interkommunalt samarbeid (IKS).

I 2024 har eininga utvida den automatiserte parkdrifta ved fleire robotar, og denne utviklinga vil vedvare framover, då spesielt kring offentlege bygg. Eininga har i tillegg omstrukturert den kommunaltekniske drifta totalt sett, og etablert to driftsgrupper med fagleg spissing på VAO, og Veg og Park, med driftsleiing frå indre del. Denne omstillinga vil medverke til ei meir berekraftig drift av den kommunal infrastrukturen.

Eininga har vidare starta opp eit arbeid knytt til forbetra publikumsløysing på sakshandsaming knytt til veglys. Det har vore arbeidd med digitale løysingar for å få ut meir informasjon til innbyggjarar på kommunen sine heimesider. Dette for å gi ein samla betre informasjon, og samtidig gi betre rettleiing til innbyggjarane. Beredskapsplan for vassforsyning er utarbeidd og eininga har gjennomført beredskapsøving i tråd med beredskapsplanen. Det er gjennomført tilstandskartlegging av alle pumpestasjonane (34 stk) på avløp, og etablert gode HMS-strakstiltak på reinseanlegga våre på Nordfjordeid og i Selje, i påvente av prosjekterisering av nye anlegg.

Brann, redning og førebygging

Eininga har ansvaret for operativt brannvern, førebyggjande brannvern og feiing. Eininga har også kapasitet innanfor redning til lands og på sjø, og samhandlar tett med dei andre blålysetatane (politi, ambulanse) og andre sivile beredskapsorgan (Sivilforsvaret, Røde Kors m.fl.). Stad kommune er inne i eit vertskommunesamarbeid med kommunane Stryn og Gloppen om førebyggjande brannvern og feiing.

Eit av satsingsområda til førebyggjande avdeling har vore “trygg heime”. Arbeidet går ut på å bistå eldre heimebuande, menneske med rus og psykiske utfordringar, flyktningar og andre med branntryggleik i heimen. Dette er eit samarbeid med helse, opplæring og integrering og bu og miljøtenesta i Stad kommune.

Eininga har elles brukt mykje tid på innføring av nytt system for planlegging og internkontrollsystem (Bliksund).

Eininga har elles levert sin rapport knytt til ros analyse om vaktordning og beredskap Nordfjordeid sentrum FS-24/136. Arbeidet er følgt opp gjennom økonomi og handlingsplan for 2025 gjennom oppretting av stilling som leiar beredskap.

Kultur

Kultureininga har det overordna ansvaret for den kommunale delen av kulturen i Stad kommune, noko som inneber både dagleg drift samt vidareutvikling av tenestene.

Kultureininga er sett saman av seks fagområde – kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, kulturarv, operahus og kino. I tillegg kjem organisering av kommunale tilbod som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, UKM, kulturprisar, samt sakshandsaming og oppfølging av politiske og administrative vedtak knytt til kultur.

Stad har eit rikt, variert og livskraftig kulturliv, skapt av, med og for innbyggjarane i Stad kommune. Å kunne ta del i og utøve kulturaktivitetar gjev innbyggjarane våre moglegheita til å leve meningsfulle og aktive liv. Langsiktige satsingar på kultur har skapt særeigne arrangement og kulturaktørar som gjer kommunen vår attraktiv og unik, også for andre. Målet er «eit kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet». Eininga leverer eit stort mangfald av gode aktivitetar og opplevingar til alle aldersgrupper gjennom kulturskule, bibliotek, kino, frivillig og operahus.

Kulturskulen er under stadig utvikling og det er no gode tilbud i heile den langstrakte kommunen. Nytt dansegolv kom på plass i kommunehuset i Selje i 2024 og gir eit godt tilbud for mange fleire elevar i den ytre del av kommunen.

I 2024 blei Myklebust haugen på Nordfjordeid gravd ut på nytt. Funna gjorde at Riksantikvaren no er pådrivar for å få Myklebust haugen og historia rundt denne inn på UNESCO si verds arv liste. Med Sagastad og infrastrukturen som er bygd rundt, har Stad kommune ein god posisjon i å vise fram kulturarven. Sjøsettinga av Myklebustskipet våren 2024 fekk stor internasjonal merksemd og bidrar til gode besøkstal til Stad kommune.

Funna på Seljesanden og nye funn på Selja kloster har gitt Stad kommune ein unik posisjon innan kulturarv. Eininga er no i gang med å ruste opp kompetansen for å kunne utvikle Stad kommune som ei kulturarv kommune. Prosjektet Stad i 4000 år er tenkt å bidra til å løfte kulturarven vår inn i ein større samanheng slik at fleire kan bli kjende med arven.

Sommaren 2024 blei det arrangert Seljumannamesse 1000 år med verdisegla, konsertar og gudsteneste i klosterruinane på Selja.

Årsverk

	Årsverk opprinneleg budsjett 2024				Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Kommunalteknikk	24,10	0,00	1,00	25,10	22,03	0,20	1,00	23,23
Plan og forvaltning	10,00	0,00	0,92	10,92	9,43	0,00	0,00	9,43
Brann, redning og førebygging	4,49	0,00	0,00	4,49	3,66	0,00	0,00	3,66
Eigedom	39,64	0,00	0,00	39,64	37,08	1,99	0,00	39,07
Kultur	18,89	0,00	0,40	19,29	15,99	1,94	0,89	18,82
Total	97,12	0,00	2,32	99,44	88,19	4,13	1,89	94,21

Årsverk (tekst)

Avvik frå budsjett skuldast:

- Nokre ledige ledige stillingar gjennom året med bakgrunn i vanskar med rekruttering
- Turnover i stillingar der det har gått ein periode før ein har klart å rekruttere inn
- På nokre områder er det ikkje mogleg å få inn kvalifiserte vikarar

Utfordringar

Kommunalteknikk

Vaktberedskapen har vore særleg utfordrande dette året. I ein liten arbeidsstokk er ein særleg sårbar for sjukefråvær og det er ikkje alltid det er nok tilsette å sette inn som vikarar i ein beredskap.

Det er i tillegg få tilsette i "administrasjonen" på kommunalteknikk, og drifta må fungere 24/7. Arbeidsbelastninga på einingsleiar, og fagleiar på VAO har i periodar vore for høg.

- Stad skipstunnel var eit tidkrevjande prosjekt i 2024.

Årsmelding 2024

- Vi har gjennomført tunge anbudsprosesser knytt til rammeavtaler på brøyting gjennom ein lengre periode frå sommar-vinter.
- Vi har hatt fleire enkelthendingar og bakterieutfordringar på vassforsyning knytt til gammalt ledningsnett, gjennom heile året.
- VA ingeniør stod ubesatt i heile 2024, ein lykkast ikkje med rekrutteringsprosess.
- Strukturendringar knytt til organisering av tilsette, og ny driftsleiarmodell. Eit naudsynt og godt tiltak, men tunge drøftingsprosesser over tid.

Plan og forvaltning

Med høge ambisjonar for utvikling blir det eit svært stort arbeidspress på planleggarane. Stad Skipstunnel og fleire store og komplekse reguleringsplanar som følgje av denne, har særleg bidratt til det store arbeidspresset. I tillegg ser ein at det er lite kapasitet til å følgje opp ulike ureiningssaker.

Det er behov for å prioritere færre arealplanar i tida framover.

Brann, redning og førebygging

Arbeidet med å lukke avvik knytt til ROS-analysen som blei lagt fram i 2023 er i gang, men ikkje slutført:

- Oppfylle lovkrav til vaktordning Nordfjordeid (beredskapsanalyse)
- Deltidsmannskap (1,3-1,77 % stilling) har anna arbeidsstad enn heimstaden (beredskapsstaden)
- Etterslep på tilsyn av beredskapsmateriell.
- Leiar beredskap må tilsettast.

Kultur

2024 var prega av lange prosesser for å avklare langtidssjukmeldte medarbeidarar. Dette vart godt løyst, men tok mykje tid og krefter. Det blei brukt mykje vikarar for å dekkje inn kapasitet. I tillegg har dei faste tilsette strekt seg langt for å levere dei tenestene som skal leverast.

Avvik

	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	
	5	6	4	5	0	0	2	3	0	

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla tal avvik i perioden. Årsaka til dette er at det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Avvik fordelt på kategori	Tal avvik
Helse Miljø og Tryggleik	21
Organisasjon/internt	3

Personvern / Informasjonssikkerheit GDPR	0
Teneste - tenestemottakar	11
Ytre miljø	6
Totalt	41

Kommunalteknikk hadde 12 avvik i 2024 - 6 med høg alvorsgrad og 6 med middels alvorsgrad. Alle avvika er lukka.

Kort oppsummering over avvika:

- Mehl renseanlegg - 3 avvik knytt til HMS
- Eid brannstasjon - 5 avvik på kontaminerte klede og røyklukt etter brannhending.
- Tunnel kommunal veg - 1 avvik på nedfall av stein.
- Arbeidsleiing - 1 avvik knytt til manglande arbeidsleiing
- Oljelekkasje - 1 avvik knytt til brud på hydraulikkslanger på maskin
- 1 feilmelding av avvik - retta mot bu og miljø, vart først retta mot kommunalteknikk.

Plan og forvaltning hadde eitt meldt avvik i 2024. Avviket gjaldt oversitting av lovpålagt saksbehandlingsfrist, noko som medfører bortfall av saksbehandlingsgebyr. Årsak til oversitting av lovpålagt sakshandsamingsfrist ligg utanfor eininga sin kontroll.

Det har vore fleire avvik gjennom året som ikkje er melde som avvik. Dette gjeld lange arbeidsdagar/kveldar og helgar knytt til skrivefristar.

Brann, redning og førebygging

Brann og redning har fylgjande avvik i samsvar med beredskapsanalyse:

- Leiar beredskap.
- Vaktlag Nordfjordeid,
- Brannstasjon Selje,
- Mannskaps bil Selje.
- Båt brannstasjon ytre del av kommune
- Auke i tal øvings timar.

Det vert arbeidd med lukking av avvik. Leiar beredskap ligg inne på budsjettet for 2025 og det vil bli starta opp rekrutteringsprosess. Tilsetting av leiar beredskap vil også medverke til at avvik på øvingar vert lukka. Planarbeidet med ny brannstasjon i Selje er starta opp.

Eigedom

Avvik levert eigedom pr november: 97, der 97 er lukka. Arbeidsordrar (AO) i LAFT utført av driftsteknikere: Gjennom året er det utført **2 316 arbeidsoppdrag** registrert i LAFT.

Kultur

Det er ikkje registrert avvik i kulturavdelinga i 2024.

Varsling

Det er registrert ei varslings sak i Kultur og samfunn i 2024. Avviket vert følgt opp saman med personal.

Klagesaker

Det kom inn 16 klager til Plan og forvaltning i 2024 (nokre plansaker er påklaga av fleire partar, men desse vert rekna som ei klage i denne oversikta).

Åtte klager på administrative vedtak og åtte klager på politiske vedtak. Ti av klagene blei behandla politisk og to av dei vart tekne til følge. Dei åtte andre vart såleis sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle. Vidare blei ei klage trekt før behandling, ei klage avvist og ei klage blei i samsvar med kommunen sitt delegeringsreglement handsama administrativt, kor det vart konkludert med at ein opprettheld eige vedtak. Saka vart sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjersle. Statsforvaltaren har stadfesta kommunen sitt vedtak i seks saker (inkl. den som vart administrativt handsama) og omgjort kommunen sitt vedtak i ei sak. Dei øvrige sakene som er sendt til Statsforvaltaren i Vestland ventar enno på endeleg avgjersle.

To klager på politiske vedtak som kom inn i 2023 blei behandla i 2024, men ingen av dei vart tekne til følge og vart oversendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjersle. Statsforvaltaren omgjorde det eine vedtaket og stadfesta det andre.

Statsforvaltaren har også stadfesta tre vedtak i klagesaker som vart oversendt i 2023. Desse gjaldt ei klage på administrativt vedtak og to klager på politiske vedtak. I den eine saka tilføyde Statsforvaltaren nye vilkår til kommunen sitt vedtak som vart stadfesta.

Tilsyn

Eigedom har faste eksterne tilsyn med heis og løfteinnretningar, elektroinstallasjonar samt brann førebyggjande anlegg.

Kultur har i 2024 gjennomført dei årlige tilsyna i høve hev/senk-scene og scenerigg slik som er påkrevd.

Mål og oppdrag

Oppdragsbrev

Beløp i 1000

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Aldersvenleg og inkluderande samfunn	Ferdig	411 Kommunalteknikk <u>Kommunalteknikk påverkar på</u> <u>følgjande måte:</u>

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		• Skjøtsel av parkanlegg, samt skjøtsel av grønne områder ved skular og barnehagar. • Attraktive parkanlegg; Sagaparken og Kirkeparken, samt Klatreparken, er i år stelte etter fleire år med manglande vedlikehald. Det er utført skoging i Klartreparken, og stell av bed/buskar i Sagaparken. • Skjøtsel av institusjonar: Det er i år utført vedlikehald og stell av sansehagane både ved Hogatunet og ved Seljetunet. Eksisterande beplantning og bed har fått stell og beskjæring, og gamle døyande plantar er bytta ut. • God vassforsyning • Førebyggjande arbeid gjennom brøyting av vegar, strøing av fortau.

412 Plan og forvaltning

Plan og forvaltning tar omsyn til at Stad kommune skal vere eit aldersvennleg og inkluderande samfunn i all arealplanlegging og i byggesaker.

413 Brann, redning og førebygging

I Førebyggjande avdeling er eit av satsnigsområda "trygg heime" som går ut på å bistå eldre heimebuandde, mennesker med rus og psykiske utfordringar, asylsøkjare og andre med brannsikkerheit i heimen i samarbeid med bu og miljøtenesta i Stad kommune.

414 Eigedom

Eigedom har auka kompetansen og ressursar knytt til arbeid med NAV hjelpemiddel. Det er eldre og personar med nedsett funksjonsevne som er målgruppa for satsinga. Dette er i tett samarbeid med fysio- og ergoterapi tilsette i Helse eininga

Tverrfagleg samarbeid mellom tenestene om bu-rettleiing gav gode resultat i 2023. Arbeidet er vidareført og utvida i 2024.

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Kunnskapsgrunnlag for bustadar for vanskelegstilte blei starta opp i juni, og vil bli sluttført i 2025. Hausten 2024 blei det laga ein tilstandsrapport for alle skule- og barnehagebygg. Rapporten dokumenterer stort etterslep. Det er kjøpt og plassert ut mange benkar og rastebord, som er produsert på Hove aktivitet og læringssenter i Selje. Andre prosjekt gjennomført er : • Haugen og Nordfjordeid skule - rehab ballbingar • Selje skule - ballfangarnett 450 Kultur Vi er halvvegs i Den kulturelle spaserstokken for 2024. Der tilbyr vi mellom anna konsertar, sangstunder osv til dei eldre i kommunen. Frivilligsentralane arrangerer sterk og stødig, pensjonistgrupper, osv Kinoen har dagkino for dei eldre. Dette i kombinasjon med kaffe i foajeen i Operahuset er eit populært tilbod. Vi har gjennomført innbyggjartreff i Operahuset Nordfjord der pensjonistforeningane var veldig aktive Kulturskulen har konsertar på institusjonane Operahuset har eit variert program med forskjellig prisnivå som og treff godt hos dei eldre I forbindelse med Seljumannamesse 1000år arrangerte vi i juli mellom anna verdiseglas, konsert i Selje kyrkje og gudsteneste i klosterruinane på Selja. Dette vart godt motteke og av pensjonistar og dei eldre innbyggjarane i kommunen vår. Folkebiblioteket er noregs største og mest utbreidde terskellause gratistilbod. Her er det mogleg å finne litteratur, få hjelp med pc og utskrifter, lese blad, osv.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
Datatryggleik og digitalisering	Ferdig	Kommunalteknikk har saman med arkiv og kommunikasjon planlagt betre og meir synleg digital informasjon tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Vi tenker å legge ut meir informasjon kring årshjul på eininga, samt betre informasjon i periodar med aktivitet (til dømes ved brøyting, grønn sesong, klipping og kantslått). Vi vurderer også betre sakshandsaming av meldingar frå innbyggjarar, og skal vurdere digitale løysingar her (melding inn). KS informasjonskampanje er planlagt inn på neste avdelingsmøte. Plan og forvaltning tar i bruk nye digitale verktøy som både er med på å effektivisere arbeidet, men også gjere at ein kan utføre arbeidet på ein måte som betre ivaretar omsynet til datatryggleik. Innføring av Bliksund som fagsystem for brann og redning med dokumentasjon av utført vedlikehald av utstyr, øving, opplæring er i gang. Arbeidet med implementeringa er tidkrevjande. Biblioteket har i første tertial førebudd overgangen til nytt utlåns-system av bøker. Dette vert rulla ut i andre tertial, og skal gjere det enklare å administrere boksamlinga samt gjere brukaropplevinga betre for lånarane. Kultur og samfunn ser på tidregistreringssystem saman med dei andre nordfjordkommunane. Dette er verkty som gir oss betre informasjon til prosjektstyring og etterkalkyler innanfor alle områder. Tidregistrering er ikkje på plass pr dato.
Godt leiarskap og medarbeidarskap	Ferdig	Alle einingane gjennomfører trepartsmøter og arbeider aktivt med medarbeiderutvikling gjennom personal-møter og medarbeidersamtalar. Leiarutvikling er sett på dagsordenen og vert gjennomført etter avtale. Oppfølging av sjukmelde skjer i samarbeid med personal og i samarbeid med NAV. Det vert

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		tilrettelagt for aktiv sjukmelding der dette er mogleg.
Klima og miljø	Ferdig	411 Kommunalteknikk Miljø vert vurdert på alle anbod som vert utført, og vert stilt som eit tildelingskriterium i anbod der dette er relevant og mogleg (30 %). Vi har til dømes stilt krav til 30 % miljø ved entrepriser på ledningsutskiftning knytt til vassforsyning, samt i ny rammeavtale for asfalt - krav til miljøleveranse som omhandlar plan for masseutskiftning, transport, avfallshandtering. Innkjøpsrådgjevar har delteke på fleire innkjøpssamlingar regionalt, der dei nye klimakrava har vore eit tema. Målet er at fleire i eininga skal opparbeide seg betre kompetanse på det nye regelverket. 412 Plan og forvaltning Eininga bidrar aktiv inn i arbeidet med Miljøfyrtårnsertifisering og klimaplan. Konkrete saker som gjeld klima og miljø i kommunen er også delegert til eininga, og vert følgt opp fortløpande. 413 Brann, redning og førebygging Vi ser på alternativ til diverse miljøskadeleg skumvæsker brukt til brannsløkking. Vi er i gang med karlegging og registrering av farlege stoffer i ecoonline.(stoffkartotek). Vi ser på muligheter for å skifte ut utstyr og bilar som går på fosilt brensel der dette er mulig. t.d kjøretøy for feiing når desse skal byttes. 414 Eigedom Eigedom arbeider kontinuierleg med reduksjon av energiforbruk i bygg. Dei store tiltaka for innsparingar er likevel avhengig av investeringar i fornying/ombygging, mellom anna overgang til LED armatur.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Bevisstgjeriing i bruk av bygga har stor betydning for om ein klarer å ta energiforbruket ned. Eigedom har gjennomført energikartlegging av 3 store bygg i ytre, og dette med støtte fra ENOVA. Dette er institusjon og skular i Selje og på Leikanger. Vidare tiltak blir framlagt og prioritert til investeringsbudsjett og økonomiplanperioden 2025-2028. 450 Kultur Operahuset er med i Green Producers - som tek føre seg å gjere kartlegging av teknisk utstyr for mest mogleg berekraftige innkjøp, langsiktig bruk og riktig avfallshåndtering. Operahuset har i løpet av sommaren jobba saman med Vestland fylke om nytt boss-sortering-system - og har bidrege til å teikne ny plan for korleis miljøstasjonane skal nyttast og kvar dei skal plasserast. Vi har undersøkt om det var mogleg å søkje støtte til dette, men har sjølv måtte koste innkjøpet av disse miljøstasjonane. Operahuset jobbar saman med Vestland fylke om reduksjon av energibruk gjennom solskjerming, bytte frå konvensjonelt lys til LED-lys, temperatur-kontroll osv.
Kompetanse og rekruttering	Ferdig	Alle einingane har laga og levert kompetanse og rekrutteringsplan. Kommunalteknikk er i prosess knytt til omstrukturering av eininga i forhold til leing av driftsoppgåver, både på VA, veg og park. Eininga har styrka seg på grønt vedlikehald, utan å auke ressursar på park. Målet er å jobbe meir effektivt med dei ressursar som er i eininga. Eininga har som mål å løyse driftsoppgåvene smartare, for å klare møte framtida knytt til økonomi. Plan og forvaltning legg til rette for kompetanseheving og utvikling gjennom deltaking på ulike regionale samlingar som går digitalt. Brann og redning er i gang med kartlegging av behov for mannskap med tanke på innføring av vaktlag på

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Nordfjordeid. Ein ser at etablering av vaktlag kan bli svært utfordrande for ein liten kommune. Eininga har vidare starta opp med grunnkurs for 3 dei tre sist tilsette mannskapa. Avslutning medio 2025 I eininga eigedom er det: • Det er oppfordra til leiarutdanning og fagbrev innan reinhald • To driftsteknikere er i gang med å ta fagbrev gjennom arbeid • Vi gjennomfører kurs for tilsette gjennom InViro og andre innleigde direkte, samt at vi har intern opplæring som den største opplæringsarenaen I Kultur vert det oppfordra og lagt til rette for at tilsette skal ta vidareutdanning som er relevant for avdelinga, og som gjer dei eit langt og innhaldsrikt virke i kommunen. På enkelte områder manglar vi tilsette i nøkkelstillingar som er viktige for drifta av tenestene. Dette gjeld også på områder der det i samsvar med kommunale planar er forventa ei utvikling av tenester. Vi har ikkje klart å rekruttere drivar av Prestegarden
Livskraftige, trygge og attraktive lokalsamfunn	Ferdig	411 Kommunalteknikk Vi har fått utarbeidd plan for grøn skjøtsel, og har i 2024 auka innsats og skjøtsel på parkanlegga våre, og teke fatt på vedlikehaldsetterlepet på grønt. Plan for grøn skjøtsel er gjennomgått med dei tilsette. Beredskapsplan for vassforsyning er utarbeidd i 2024, og eininga har hatt

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		beredskapsøving i tråd med beredskapsplan.
		412 Plan og forvaltning
		Eininga har gjennom 2024 hatt eit svært stort sakstilfang med mange store og kompliserte plansaker. Fleire saker har vore svært krevjande noko som har ført til at ein har brukt lenger tid per plan enn det som hadde vore ønskeleg.
		413 Brann, redning og førebygging
		Det har vore innføring av nytt styringssystem på 110 sentralane som skal drifte nødnett og utalarmering av brannvesenet. Opplæring har starta og innføring medio november 2024 har vore i samsvar med plan.
		414 Eigedom
		Eigedom er i gang med å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for bustadar for vanskelegstilte. Kunnskapsgrunnlaget skal gje retning for arbeidet med bustadutvikling. Eininga er ferdig med å kartlegge status for alle formålsbygg, skule og barnehage. Kunnskapen blir grunnlag for politiske vedtak i høve prioritering av vedlikehald.
		Målet er å få ein plan for vedlikehald der etterslepet vedlikehald på formålsbygg ikkje aukar, samt at alle bygg på sikt er kartlagt tilsvarande som skule og barnehage bygga.
		Mal for Brannbok er ferdig frå Eigedom og Brann og redning. Oppfølging av vidare arbeid med brannbok ligg no til den enkelte eining. Eigedom skal likevel levere bygginformasjon (tekniske spesifikasjonar om bygget).
		Leikeplassar skal kontrollerast av ekstern leikeplass kontroll. Alle avvik skal rettast. Klatreparken på Nordfjordeid treng oppgradering etter stor slitasje etter å ha vore mykje brukt. Arbeidet vert starta opp så snart finansiering er på plass.
		Grøn skjøtsel knytt til kommunale bygg har blitt utført med ressursar/sommarhjelpen fra kommunalteknikk og robotklippere(der dette er mogleg).

450 Kultur

Kulturavdelinga jobbar etter
Temaplan for Kultur som seier at:
"Kultur byggjer lokalsamfunn"

Formålet er å skape livskraftige,
inkluderande og gode bygder og
sentrum.

- Andre tertial 2024 har vi:
- Gjennomført ein sommarsesong med pilegrimssenter og overnatting i Selje Prestegard
- Hatt titalls ungdommer i sommarjobb med finansiering frå Buf-dir
- Jobba med utvikling av Selja gjennom Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg. Vi har planlagt og gjennomført verdiseglas og Seljumannamesse 1000-årsfeiring. Vi har fått tilslag på 400.000.- til forprosjekt : "Stad i 4000 år" - Verdiskapingsprosjekt for ytre del av kommunen med basis i kulturarv.
- Formidlingsplan for utvalgt kulturlandskap Stadhalvøya er politisk vedteken
- Frivilligsentralen har gjennomført Innbyggjartreff i Operahuset
- I andre tertial har Operahuset produsert og lansert haust og vinterprogram som skal gje kulturelle opplevingar for alle og ein kvar.
- Stad kino i samarbeid med Stad bibliotek arrangerer jamnleg familielaurdager i Operahuset der det er låg terskel for å delta
- Kulturskulen underviser på nesten alle grendaskulene, og tilbyr eit variert (om ikkje heilt likt) kulturskuletilbod i Selje, Leikanger, Bryggja og Nordfjordeid.
- Eininga har opna nytt danselokale i Selje og har gjort avtale med Fjordane

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		folkehøgskule om bruk av deira dansesal på Nordfjordeid • Kulturavdelinga jobbar aktivt med kulturfyrtårna våre. Mellom anna utviklingshjelp for Norsk Fjordhestsenter, marknadsføring av Opera Nordfjord, samarbeid om Gymmen med Malakoff Rockfestival, samarbeid med Vestland Fylke om Selja kloster, samarbeid med Fjordane Folkehøgskule, vi er med i gruppa som skal jobbe med Nordfjordeid som Viking Destination, vi er påkobla UIB sitt arbeide med utgraving av Rundehogjen.
Samskaping og tverrfagleg samarbeid	Ferdig	411 Kommunalteknikk Sentrumsgartner i Selje er gjennomført sommaren 2024, og samskapingsteamet har hatt god dialog med bygdelaget på dette. Vi har hatt felles ryddeaksjon i Stad kommune, i regi av fylkeskommunen og vidaregåande skular i Nordfjord - REIN NORDFJORD. 412 Plan og forvaltning Plan og forvaltning har eit godt samarbeid med dei andre einingane i organisasjonen, og jobbar spesielt tett med dei andre einingane under Kultur og samfunn. 413 Brann, redning og førebygging Samarbeider med RKHK, Sivilforsvar og private aktørar for å oppretthalde god beredskap i kommunen IUA samarbeid der ein er starta arbeid med strukturendringar for framtida. Samarbeider med kommunalteknikk og sambruk av div utstyr som ATV , Båt, Tankbil til vannbehandling osv. 414 Eigedom Eigedom har hatt samskaping om drift av park-/grøntareal tilknytt Hærmuseet over mange år med

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Plassen Venner. Tilsvarande har ein ny gruppe også starta opp tilsyn og aktivitet tilknytt institusjon og sansehagar. I Selje sentrum har ein starta opp samskaping på kommunale areal tilknytt parken, torget og Nabben. Internt samskapingsprosjekt er ilag NAV tilsett der ein tilbyr arbeidstrening på kommunale områder innan eigedom og kommunalteknikk. Dette er til stor nytte gjennom sommarperioden, då ressursbehovet er størst. Eit anna internt samskapingsprosjekt er bustadteamet og burettleiar som følg opp busetting og bustadane våre slik at våre tilflyttere får best mogleg integrering og busetting. Rett bustad på rett plass ved tildeling av bustad er viktig for ein god start i Stad kommune. 450 Kultur Vi samarbeider og samskapar i alle fagfelt med private aktørar, frivillige lag og org og andre kommunale tenester. Vi samarbeidar aktivt med kulturfyrtårna våre. Mellom anna samarbeid om sjøsetting av Myklebustskipet, bistand til utvikling av Norsk Fjordhestsenter, marknadsføring av Opera Nordfjord, samarbeid om Gymmen med Malakoff Rockfestival, samarbeid med Vestland Fylke om Selja kloster m.fleire. Kulturskulen samarbeider godt med alle skulane, og med alle korpsa i kommunen Det er samarbeid med helse om den kulturelle spaserstokken og skulane om den kulturelle skulesekken.
Tenesteutvikling	Ferdig	Kommunalteknikk arbeider saman med arkiv og kommunikasjon om betring og meir synleg digital informasjon tilgjengeleg på kommunen sine heimesider - tenesteutvikling digitalt. Vi tenker å legge ut meir informasjon kring årshjul på eininga, samt betre

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		informasjon i periodar med høg og synleg aktivitet (til dømes ved brøyting, kosting, grønn sesong, klipping og kantslått). Vi vurderer også betre sakshandsaming av meldingar frå innbyggjarar, og skal vurdere digitale løysingar her (melding inn). Ferdigstilling er før ferien. Eit mål Plan og forvaltning har sett seg i løpet av året er meir og betre rettleiing på kommunen sine heimesider. Betre rettleiing på nett kan frigjere tid som vert brukt til rettleiingsmøte, og dermed effektivisere drift/saksbehandling på eininga. Førebyggand avdeling i Brann og redning skal i sitt arbeid med feiing og tilsyn sette av meir tid til fritidsbustader då vi har eit etterslep. Kultur har eit kontinuerlig fokus på å forbetre og effektivisere tenestene, skaffe ekstern finansiering av prosjekt og å heve kompetansen til dei tilsette. I første tertial har vi mellom anna : • Fått eksterne midlar til arenutvikling på Stad bibliotek • Fått eksterne midlar frå bufdir til sommarhjelp • Søkt utviklingsmidler til infrastruktur i Operahuset • Søkt Riksantikvaren om forprosjektsmidlar til Verdiskapingsprosjekt i Selje • Søkt og fått midlar til konsertserie i Operahuset • Biblioteket har blitt kursa i utviklingsarbeid, og har vore på studietur til Oslo i lag med Fylkesbiblioteket • Operahuset Nordfjord har fått gjennomført ekstern evaluering av marknadsføringsarbeid og arbeidsmetode. Eigedom har eit samarbeid innan eigedom med Norplan og ENOVA i høve energikartlegging av Selje og Stadlandet skule og Seljetunet.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Status	Beskriving av status
		Arbeidet er sett i gang og skal gje grunnlag for energireduksjon.

Vedlegg

KOSTRA 2024 - Fordeling innbyggjarar fordelt i aldersgrupper


Behovsprofil og innbyggjarar fordelt i aldersgrupper

Tabellen nedanfor under overskrift *levetår* syner korleis Stad kommune si innbyggjarfordeling er i høve landsgjennomsnittet for kommunane. Landsgjennomsnittet (landet inkl Oslo) er faktor 1,0. Ligg kommunen over 1,0, så har kommunen større del av folketalet i denne aldersgruppa enn landsgjennomsnittet. Ligg ein under 1,0, så er ein under landsgjennomsnittet.

	Stad 2023	Stad 2024	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Dekningsgrad							
Andel med innvandrerbakgrunn (prosent)	12,0 %	12,2 %	21,8 %	14,2 %	13,1 %	14,1 %	19,3 %
Levetår							
Indeks berekna utgiftsbehov	1,081	1,091	1,090	1,043	1,031	1,071	1,013
Indeks innb. 0-1 år	1,094	1,012	0,865	1,025	1,030	0,906	0,973
Indeks innb. 16-22 år	1,027	1,019	1,118	1,199	1,154	0,963	1,016
Indeks innb. 23-66 år	0,925	0,921	0,928	0,935	0,952	0,946	0,982
Indeks innb. 2-5 år	1,034	1,047	0,979	1,068	1,109	0,905	0,997
Indeks innb. 6-15 år	1,046	1,068	1,095	0,980	1,115	0,956	1,020
Indeks innb. 67-79 år	1,145	1,153	1,121	1,079	0,989	1,270	1,044
Indeks innb. 80-89 år	1,327	1,317	1,177	1,235	0,937	1,297	1,049
Indeks innb. over 89 år	1,416	1,433	1,353	1,253	1,030	1,240	1,029

***) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov*


Dekningsgrad - Andel med innvandrarbakgrunn (prosent)



	2021	2022	2023	2024
Stad	10,7 %	11,5 %	12,0 %	12,2 %
Stryn	19,2 %	20,3 %	21,2 %	21,8 %
Volda	11,1 %	12,1 %	13,6 %	14,2 %
Sunnfjord	10,8 %	11,3 %	12,4 %	13,1 %
Kostragruppe 02	11,0 %	12,1 %	13,5 %	14,1 %
Landet uten Oslo	16,7 %	17,7 %	18,7 %	19,3 %

Levekår - Indeks berekna utgiftsbehov

Graf og tabell nedanfor syner korleis kommunen sitt berekna utgiftsbehov er i høve landsgjennomsnittet på 1,0. Utgiftsbehov over 1,0 betyr at kommunen er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet av kommunar, og under 1,0 er billigare å drive enn snittet.




	2021	2022	2023	2024
Stad	1,091	1,089	1,081	1,091
Stryn	1,106	1,098	1,097	1,090
Volda	1,040	1,029	1,028	1,043
Sunnfjord	1,041	1,042	1,037	1,031
Kostragruppe 02	1,060	1,059	1,061	1,071
Landet uten Oslo	1,012	1,012	1,012	1,013

Indeks fordeling innbyggjarar pr. aldersgrupper over fleire år


Tabellar og grafar nedanfor under overskrift *Indeks – innbyggjarar xx-xx år* syner korleis Stad kommune si innbyggjarfordeling er i høve landsgjennomsnittet for kommunane og utviklinga i perioden 2020-2023. Landsgjennomsnittet (landet inkl Oslo) er faktor 1,0. Ligg kommunen over 1,0, så har kommunen større del av folketalet i denne aldersgruppa enn landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 betyr 10% over landsgjennomsnittet. Ligg ein under 1,0, så er ein under landsgjennomsnittet, dvs. ein indeks på 0,9 er 10% under snittet.

Levekår - Indeks innb. 0-1 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	0,904	1,016	1,094	1,012
Stryn	0,944	0,993	0,878	0,865
Volda	1,043	0,986	0,990	1,025
Sunnfjord	1,094	1,086	1,095	1,030
Kostragruppe 02	0,844	0,875	0,877	0,906
Landet uten Oslo	0,964	0,964	0,971	0,973

Levekår - Indeks innb. 2-5 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	1,002	1,024	1,034	1,047
Stryn	1,010	0,991	1,021	0,979
Volda	0,968	1,025	1,016	1,068
Sunnfjord	1,070	1,074	1,115	1,109
Kostragruppe 02	0,894	0,891	0,905	0,905
Landet uten Oslo	0,995	0,996	0,997	0,997

Levekår - Indeks innb. 6-15 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	1,039	1,052	1,046	1,068
Stryn	1,071	1,054	1,061	1,095
Volda	0,988	0,972	0,970	0,980
Sunnfjord	1,160	1,155	1,125	1,115
Kostragruppe 02	0,943	0,939	0,946	0,956
Landet uten Oslo	1,021	1,020	1,020	1,020

Levekår - Indeks innb. 16-22 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	1,113	1,091	1,027	1,019
Stryn	1,119	1,138	1,115	1,118
Volda	1,208	1,270	1,263	1,199
Sunnfjord	1,125	1,140	1,131	1,154
Kostragruppe 02	1,027	1,009	0,987	0,963
Landet uten Oslo	1,023	1,020	1,018	1,016

Levekår - Indeks innb. 23-66 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	0,918	0,913	0,925	0,921
Stryn	0,927	0,925	0,928	0,928
Volda	0,936	0,933	0,932	0,935
Sunnfjord	0,956	0,950	0,951	0,952
Kostragruppe 02	0,951	0,949	0,948	0,946
Landet uten Oslo	0,983	0,983	0,982	0,982

Levekår - Indeks innb. 67-79 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	1,154	1,150	1,145	1,153
Stryn	1,124	1,134	1,144	1,121
Volda	1,079	1,068	1,083	1,079
Sunnfjord	0,923	0,942	0,973	0,989
Kostragruppe 02	1,259	1,269	1,268	1,270
Landet uten Oslo	1,043	1,043	1,043	1,044

Levekår - Indeks innb. 80-89 år




	2021	2022	2023	2024
Stad	1,327	1,331	1,327	1,317
Stryn	1,224	1,215	1,192	1,177
Volda	1,251	1,236	1,238	1,235
Sunnfjord	0,942	0,969	0,942	0,937
Kostragruppe 02	1,265	1,272	1,278	1,297
Landet uten Oslo	1,047	1,048	1,048	1,049

Levekår - Indeks innb. over 89 år



	2021	2022	2023	2024
Stad	1,695	1,639	1,416	1,433
Stryn	1,310	1,301	1,312	1,353
Volda	1,418	1,227	1,235	1,253
Sunnfjord	1,179	1,165	1,118	1,030
Kostragruppe 02	1,227	1,249	1,252	1,240
Landet uten Oslo	1,025	1,027	1,029	1,029

Levekår - Indeks innvandrere 6-15 år



	2021	2022	2023	2024
Stad	1,093	1,123	1,059	1,053
Stryn	1,578	1,435	1,549	1,520
Volda	0,763	0,819	0,868	1,012
Sunnfjord	1,014	0,999	0,968	0,889
Kostragruppe 02	0,962	0,957	1,004	1,069
Landet uten Oslo	1,001	0,999	0,998	1,005